

Årsmelding og årsrekneskap 2024



ALVER
KOMMUNE

Innhold

Kommunedirektøren si innleiing.....	4
Høgdepunkt frå 2024	6
Samandrag.....	9
Befolkningsutvikling	10
Hovudoversikter	11
Spesifikasjon og kommentar til hovudoversikter.....	18
Status økonomiske måltal	20
Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling – forhold som har økonomisk betydning for kommunen	23
Investeringar.....	25
Samfunnssikkerhet og beredskap	39
Personal og organisasjon.....	40
Oppfølging av vedtak og oppdrag	47
Finansrapport	51
Kommunens sektorar	60
Politisk styring.....	60
Organisasjon.....	61
Helse og omsorg.....	66
Oppvekst.....	74
Samfunnsutvikling (nye)	89
Årsrekneskap	105
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	105
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	106
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	106
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	107
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
1. Investeringar i varige driftsmidlar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2. Tilskot til andre sine investeringar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Investeringar i aksjar og andelar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4. Utlån	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Balanse	113
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	116
Rekneskapsprinsipp.....	116
Note 1 - Endring i arbeidskapital.....	118

Note 2 - Ytingar til leiande personer og revisor	118
Note 3 - Pensjon	119
Note 4 - Varige driftsmidler (anleggsmidler).....	121
Note 5 - Aksjar og andelar	122
Note 6 - Langsiktig gjeld og avdrag på lån.....	123
Note 7 - Oppgåve over kommunale garantier	126
Note 8 - Avsetningar og bruk av avsetninger	127
Note 9 - Sikring av finansielle eiendeler og forpliktelser	129
Note 10 - Kapitalkonto	129
Note 11 - Utlån	130
Note 12 - Gebyrfinansierte sjølvkosttenester	131
Note 13 - Interkommunale samarbeid	136
Note 14 - Spesifikasjon av vesentlege postar i rekneskapen	138
Note 15 - Finansielle instrumenter og obligasjoner	139
Note 16 - Usikre forpliktingar, betinga eigedelar eller hendingar etter balansedagen.....	140
Note 17 - Tidlegare endringar i rekneskapsprinsipp	140

Kommunedirektøren si innleiing

Alver kommune i endring og omstilling 2026

Ved inngangen til 2024 stod vi i Alver kommune overfor store økonomiske utfordringar. For å møte desse måtte vi tenkje nytt, handle raskt og ta grep på tvers av alle sektorane. Kommunestyret vedtok hausten 2023 eit organisasjonsprosjekt for omstilling kor vi sette i gang eit omfattande kartleggingsarbeid for å finna løysingar som kunne styrke kommuneøkonomien.

Med PWC på laget starta arbeidet i januar 2024. Målet var klart: å identifisera tiltak som kunne gje oss innsparingar på mellom 180 og 200 millionar kroner. Områda stab og leiing, samfunnsutvikling, oppvekst, og helse og omsorg vart alle omfatta av prosjektet. Vi visste at utfordringane var store, men vi visste også at vi hadde både evne og vilje til å løyse dei.

Eit hovudmål gjennom heile omstillingsprosessen var å unngå at Alver kommune hamna på ROBEC-lista. To store prosjekt vart difor prioriterte: å finna tiltak innan helse og omsorg og å avklare framtidig skule- og barnehagestruktur.

Helse og omsorg: Omstilling og ny kurs

I løpet av 2024 tok helse og omsorg-sektoren store grep for å møte krava til omstilling. Med eit vedtak om innsparingar på 118 millionar kroner, vart det gjort endringar i turnusar, bemanning og i organiseringa av heimetenestene. Gjennom prosjekt som Tørn-prosjektet og ROS-analysar har dei tilsette lagt ned ein formidabel innsats i ein krevjande situasjon. Målet har vore klart: å sikre berekraftige tenester for innbyggjarane.

Barnehage- og skulebruksplanen: Tryggleik og framtid

Barnehage- og skulebruksplanen har vore eit av dei mest omfattande prosjekta i 2024. Vi har analysert, diskutert og involvert både innbyggjarar, tilsette og politikkarar. Over 400 høyringssvar har bidrege til å forme framtida for barnehagar og skular i Alver. Det var ikkje enkle val, men vi har vedteke ei struktur som skal sikre kvalitet og berekraft i åra som kjem.

Organisasjon og leiing: Effektivitet i sentrum

Organisasjonen vår har også vore gjennom store endringar. HR og løn, samt økonomi og rekneskap, har blitt slått saman for å utnytte ressursane betre. Samtidig har kommunedirektøren halvert leiargruppa, frå åtte til fire, for å sikre meir effektive beslutningsprosessar. Vi er i ferd med å bygge ein organisasjonskultur med fokus på tryggleik, ansvar og samhandling – ein kultur som styrkar oss som lag.

Næringsliv og framtida: Alver på kartet

Alver kommune er blant dei viktigaste industrikommunane i landet, og vi har mykje å vere stolte av! Med Mongstad, Equinor og Framo i spissen er vi ein sentral aktør i det grønne skiftet og utviklinga av ny teknologi. Prosjektet Greenspot Mongstad viser at vi tek denne rolla på alvor. I året som kjem, skal vi vidareutvikle dette samarbeidet og løfte Alver enda høgare på den nasjonale dagsordenen.

Ein takk til dei tillitsvalde

Ingen omstilling er mogleg utan engasjementet og innsatsen frå dei tillitsvalde. Gjennom heile året har dei vore ein solid medspelar og utfordrar. Eg vil takke dei for tydeleg kommunikasjon, alternative løysingar og eit sterkt fokus på å skape gode resultat for både tilsette og innbyggjarar.

2024 har vore eit år fylt med utfordringar, men også med viktige milepålar som eg kort har oppsummert over. Enno fleire høgdepunkt finn du i kapittelet "Høgdepunkt frå 2024". Vi ser framover med tru på at grepa vi har tatt, gir grunnlag for ein sterkare og meir berekraftig kommune. Alver kommune står samla og klar for framtida.

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Høgdepunkt frå 2024

Januar

- **Ny kommunedirektør:** Alver kommune får ny kommunedirektør. Christian Fotland startar i januar og overtar med det ansvaret for ein kommune i omstilling, og jobben med å byggje Alverlaget for framtida.
- **Lokal stjerne på byscena:** 11 år gamle Fredrik Halvorsen frå Lindås har fått hovudrolla som Billy Elliot på Den Nationale Scene.

Februar

- **Omstilling:** Konsulentselskapet PwC har jobba med eit organisasjonsprosjekt for Alver kommune. I februar legg dei fram ein rapport, der dei mellom anna foreslår at kommunen skal slå saman fleire sektorar, samle alle sektorovergripande tenester i ei felles stabsavdeling og redusere leiargruppa frå 8 til 4 kommunalsjefar. Kommunedirektøren organiserer arbeidet i fire prosjekt: 1) Ny stabsavdeling, 2) Ny sektor samfunnsutvikling, 3) Innsparingstiltak på helse for 100-200 millionar kroner og 4) Innsparingstiltak på oppvekst for 60-70 millionar kroner.
- **Ny ungdomsklubb:** Kommunen opnar ny ungdomsklubb i Knarvik.
- **Historisk berekraftsavtale:** BUA og Frivannsliv signerer ei historisk berekraftsavtale. Samarbeidet sikrar utstyr til alle som låner frå BUA. I tillegg bidrar Frivannsliv med kunnskap om vedlikehald, slik at utstyret varar lengst mogleg.
- **Nytt gull i NM i brass:** Eikanger Bjørsvik musikklag går av med sigeren i elitedivisjon i NM i brass. Manger musikklag får andreplassen.
- **Oppvekst / Skule:** Arbeidsmiljøgruppene til alle skulane i Alver er på seminar med Arbeidstilsynet. Temaet er førebyggjande arbeid mot trugslar og vald.

Mars

- **Gullfeber for lokal idrettsstjerne:** Tommy Urhaug vinn tre gull og kongepokal i NM i bordtenning.
- **Tre kulturstipend:** Ordførar Sara Sekkingstad deler ut kulturstipend til tre lokale kunstnarar i Alver: Kristian Fanavoll Tvedt, Simon Furnes og Amalie Hvidsten Duesund.

April

- **Omstilling / Oppvekst:** Kommunen inviterer innbyggjarar til seks dialogmøte om ny barnehage- og skulebruksplan. Responsen er enorm. Nær 700 innbyggjarar deltar.
- **Ny veg på Radøy:** Dei eldste barna i barnehagen og alle elevane på Austebygd skule får teste den nye vegen mellom Marås og Soltveit på Radøy før den offiselle opninga tysdag 30. april. arna har sykkeltur, pizza, saft og sol.

Mai

- **2. plass i EM:** Eikanger Bjørsvik får andreplass i europameisterskap i Palanga.
- **Omstilling:** Alver kommune får på plass ei omstillingshandbok, som seier korleis avdelingar i omstilling skal jobbe – steg for steg. – Ingen skal miste jobben som følge av omstillinga, og vi vil strekke oss langt for å finne anna passende arbeid til alle, seier HR-avdelinga.

- **Trygg i vann:** Alver teiknar ein avtale med Redningsselskapet for å sikre at elevar i 9- trinn får god opplæring på vatn og land. Rektorgruppa i Alver testar undervisningsopplegget «trygg i vann» med å hoppe uti.
- **Fire idrettsstipend:** Ordførar Sara Sekkingstad deler ut idrettsstipend til fire lokale idrettsutøvarar: Helene Mariel Ramslien, Ida Ramslien, Sondre Langøy og Tommy Urhaug.
- **30.000 innbyggjarar:** Kommunedirektør Christian Fotland og ordførar Sara Sekkingstad feirar at Alver kommune har passert 30.000 innbyggjarar.

Juni

- **Omstilling:** Konsulentselskapet PwC leverer to rapportar til politikarane i Alver: Ein delrapport med forslag til innsparingstiltak i oppvekst og ein delrapport med forslag til innsparingstiltak for 127 millionar kroner i helse og omsorg.
- **Omstilling / Oppvekst:** Kommunedirektøren legg fram sitt forslag til strukturtiltak i barnehage- og skulebruksplanen. Forslaget går mellom anna ut på å leggje ned to barnehagar (Mariehøna og Austebygd) og og fire skular (Myking, Austebygd, Kløvheim og Eikanger).
- **Omstilling / Helse og omsorg:** Kommunedirektøren presenterer sine forslag til innsparingstiltak i helse- og omsorgssektoren. Tiltaka liknar i stor grad på forslaga til konsulentselskapet PwC.

Juli

- **Ny samarbeidsavtale:** Ordførar Sara Sekkingstad og leiar Beate Korsøen signerer ein ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Nordhordland Næringslag. Målet er å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet og tiltak retta mot næringsutvikling i Alver.

August

- **Prestasjoner i junior-NM:** Gull i kulestøt, gull og sølv i sleggekast, gull og bronse i diskos, sølv på 1500-meter og bronse på 3000-meter vert med heim i bagasjen etter junior-NM i Bodø. Bak dei imponerende prestasjonane står Ida, Helene, Sondre og Andrea.
- **Arbeid med arbeidsmiljø:** Prosjektgruppa «Best ilag» jobbar vidare for å styrke arbeidsmiljøgruppene, som består av leiar, tillitsvald og verneombod på dei ulike avdelingane. I august er fleire av gruppene på samling for å lære meir om korleis vi kan skape eit godt arbeidsmiljø, auke nærværet og redusere sjukefråværet.
- **Heiltidskultur:** Prosjektleiar Hilde Kleivdal oppsummerer resultata av det toårige heiltidskulturprosjektet i Alver: Vi har fleire tilsette i 100 % stilling og høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn landsgjennomsnittet i helse og omsorg. I 2024 har 205 fleire fast tilsette 100 % stilling samanlikna med 2020.

September

- **Omstilling / Helse og omsorg:** Kommunestyret vedtar kva innsparingstiltak vi skal gjere i helse- og omsorgssektoren i perioden 2024-2027. Vi skal til saman spare 118 millionar kroner på tenestene våre.
- **OL-gull:** Tommy Urhaug tar gull i bordtennis under dei paraolympiske leikane i Paris. Biletet er frå eit besøk Tommy Urhaug hadde på Radøy arbeidssenter etter at han vann gullet.

- **Knarvikmila:** Startskottet for løpefesten i Knarvik smeller frå 16. gong!
- **50-årsjubilant:** Knarvik sjukeheim er 50 år. Bebuarar og tilsette på sjukeheimen feirar dagen med kake, flagg og historiar frå opninga i 1974 og utvikla gjennom åra.
- **Gatelaget:** Gatelaget til Nordhordland ballklubb inviterer kommunedirektøren og eit lag med tilsette til fotballduell på kunstgraset i Knarvik. Gatelaget vinn ein overlegen siger – 8-3.

Oktober

- **Omstilling / Oppvekst:** Kommunestyret vedtar barnehage- og skulebruksplanen. Vedtaket inneber ei nedlegging av skulane Myking, Austebygd og Kløvheim og Austebygd barnehage. Tiltaka vil gi kommunen ei innsparing på 48 millionar kroner.
- **Nynorskdagane:** Alver kommune inviterer til nynorskdagane i samarbeid med fleire lokale lag og organisasjonar. Festivalen er ei feiring av det nynorske skriftspråket og dialekten.
- **Yrkes- og utdanningsmesse:** Region Nordhordland, Nordhordland Næringslag og Opplæringskontoret for Nordhordland inviterer ungdomar i regionen til å lære meir om utdanningstilbod og framtidige jobbmoglegheiter.
- **Samarbeidsavtale med NKS:** Ordførar Sara Sekkingstad signerer ein samarbeidsavtale om omsorgsberedskap med Norske Kvinners Sanitetsforeining.

November

- **Beredskapsdag i Knarvik:** Ei rekkje aktørar inviterer til beredskapsdag i senteret i Knarvik. Her får innbyggjarane mellom anna lære kva vi bør ha i beredskapslageret vårt heime.
- **Ny heimeside:** Alver kommune lanserer ny heimeside. Nytt på heimesida er mellom anna at det går an å booke tid med ein saksbehandlar i byggjesaksavdelinga.
- **Forslag til budsjett og økonomiplan:** Kommunedirektøren legg fram sitt forslag til budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028. Innsparingstiltaka til helse (118 millionar kroner) og oppvekst (48 millionar kroner) er lagt inn i planane.

Desember

- **Julegåveaksjonen:** Responsen på julegåveaksjonen 2024 er enorm! Alver frivilligsentralar og Nordhordland Røde Kors oppsummerer: 381 barn får julegåver, 318 matkassar vert delt ut, 870 personar får hjelp før jul.
- **Kulturpris og frivilligpris:** Ordførar Sara Sekkingstad deler ut kulturprisen for 2024 til Ivar Hopland frå Seim og frivilligprisen til Håkon Vabø frå Lindås.
- **Vedtak på budsjett og økonomiplan:** Kommunestyret vedtar budsjett for 2025 og økonomiplanen for 2025-2028.

Samandrag

Rekneskapsresultat 2024 - oppsummert

Netto driftsresultat for Alver kommune i 2024 synar eit meirforbruk på 38,4 mill. kr (-1,2 %), medan det politisk vedtekne budsjettet hadde eit meirforbruk på 77,5 mill. kr (-2,5 %). Resultatet er såleis 39,1 mill. kr betre enn budsjetttert resultat for 2024.

Det er særleg mindreforbruk i netto driftsutgifter på sektorane på 33,8 mill. kr som bidrar til det positive avviket i høve til budsjettet. Mindreforbruket er størst innan oppvekst og samfunnsutvikling.

Meir utfyllande informasjon om dette og kommentarar til dei andre sentrale postane som eigedomsskatt og finans står under kapittelet "Hovudoversikter". Informasjon om resultatet på dei ulike sektorane finn du under "Kommunens sektorar".

Den lovpålagte årsrapporteringa for Alver kommune

Den lovpålagte årsrapporteringa for Alver kommune i 2024 består av årsrekneskap med noter og årsmelding.

"§ 14-7.Årsberetning

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

Årsberetningene skal redegjøre for:

1. Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
2. Vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
3. virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
4. tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
6. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26."


Årsmeldinga skal vere framlagt seinast 31. mars.

Befolkningsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	29 090	29 224	29 337	29 593	29 920	29 986
Fødde	280	288	288	265	281	235
Døde	190	182	190	216	224	236
Fødselsoverskot	88	98	98	49	57	-1
Innvandring	131	83	111	207	129	449
Utvandring	80	53	91	93	99	119
Innflytting, innanlands	1 327	991	1 084	1 165	1 076	1 048
Utflytting, innanlands	1 336	1 006	943	1 006	1 105	1 192
Netto innvandring og flytting	42	15	161	273	1	186
Folkevekst	134	113	256	327	66	183
Folketalet ved utgangen av kvartalet	29 224	29 337	29 593	29 920	29 986	30 169

År



Tabellen og figuren over viser at folkeveksten i 2024 vart på 0,61 %, som er høgare enn veksten i 2023, som var på 0,22 %. Det er særleg høgare innvandring som gjer at folketalet aukar i 2024. Det er første gong sidan SSB sin statistikk over befolkningsendringar starta i 1998, at fleire har døydd enn det er fødde i eit år.

Hovudoversikter

§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev.bud. 2024	Avvik i kr
Rammetilskot		-1 156 559	-1 230 221	-1 253 481	-1 226 489	-1 253 481	-26 992
Inntekt- og formuesskatt		-953 550	-996 079	-965 319	-990 646	-965 319	25 327
Eigedomsskatt		-95 831	-90 200	-113 700	-108 693	-113 700	-5 007
Andre generelle driftsinntekter		-118 958	-135 710	-173 710	-180 197	-173 710	6 487
Sum generelle driftsinntekter		-2 324 899	-2 452 210	-2 506 210	-2 506 026	-2 506 210	-184
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 256 541	2 397 818	2 406 915	2 373 137	2 406 915	33 778
Avskrivingar	4	140 094	154 290	154 290	146 961	154 290	7 329
Sum netto driftsutgifter		2 396 635	2 552 108	2 561 205	2 520 098	2 561 205	41 107
Brutto driftsresultat		71 736	99 898	54 995	14 073	54 995	40 923
Renteinntekter		-44 421	-31 070	-41 460	-46 382	-41 460	4 922
Utbytte		-61 494	-44 000	-45 100	-45 126	-45 100	26
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	15	-14 072	0	0	-15 103	0	15 103
Renteutgifter	6	131 863	142 105	147 365	167 783	147 365	-20 418
Avdrag på lån	6	104 981	116 000	116 000	110 095	116 000	5 905
Netto finansutgifter		116 857	183 035	176 805	171 266	176 805	5 539
Motpost avskrivingar		-140 094	-154 290	-154 290	-146 961	-154 290	-7 329
Netto driftsresultat		48 499	128 644	77 511	38 378	77 511	39 133
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		8 947	11 050	7 450	6 677	7 450	773
Avsetningar til bundne driftsfond	8,12	9 477	667	667	14 819	667	-14 152
Bruk av bundne driftsfond	8,12	-11 877	-1 067	-1 067	-9 142	-1 067	8 075
Avsetningar til disposisjonsfond	8	908	0	0	558	0	-558
Bruk av disposisjonsfond	8	-55 955	-139 294	-84 561	-51 288	-84 561	-33 272
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-48 499	-128 644	-77 511	-38 378	-77 511	-39 133
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

§5-4 Sum bevilgninger drift (tenesteområda), netto (1B)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Sentrale postar		-1 747	0	0	-970	0	970
Politisk styring		48 313	47 984	49 503	49 682	49 503	-178
Organisasjon		120 798	183 429	173 725	109 376	114 767	5 391
Helse og omsorg		939 214	1 003 498	987 429	1 016 396	1 016 211	-185
Oppvekst		905 469	936 516	942 484	951 132	965 032	13 900
Samfunnsutvikling (nye)		309 337	307 126	330 210	325 426	337 837	12 411
Sum løyvingar drift, netto		2 321 383	2 478 554	2 483 351	2 451 042	2 483 351	32 308
Av dette:							
Avskrivninger		29 720	32 610	32 610	31 318	32 610	1 292
Netto renteutgifter og -inntekter		38 555	48 625	44 325	41 639	44 325	2 686
Avdrag på lån		0	0	0	0	0	0
Overføring til investering		0	0	0	369	0	-369
Avsetninger til bundne driftsfond		9 342	567	567	14 613	567	-14 046
Bruk av bundne driftsfond		-11 877	-1 067	-1 067	-9 142	-1 067	8 075
Bruk av disposisjonsfond		-897	0	0	-892	0	892
Korrigert sum løyvingar drift, netto		2 256 541	2 397 818	2 406 915	2 373 137	2 406 915	33 778

§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Rammetilskot		-1 156 559	-1 230 221	-1 253 481	-1 226 489	-1 253 481	-26 992
Skatt på inntekt og formue		-953 550	-996 079	-965 319	-990 646	-965 319	25 327
Eigedomsskatt		-95 831	-90 200	-113 700	-108 693	-113 700	-5 007
Andre skatteinntekter		-240	0	0	-143	0	143
Andre overføringer og tilskot frå staten		-119 717	-136 740	-174 740	-180 654	-174 740	5 914
Overføringer og tilskot frå andre		-511 927	-274 882	-287 554	-511 237	-294 530	216 707
Brukarbetalingar		-81 356	-75 267	-72 782	-77 864	-72 782	5 082
Sals- og leigeinntekter	12	-205 296	-225 671	-218 631	-228 588	-218 631	9 956
Sum driftsinntekter		-3 124 478	-3 029 060	-3 086 207	-3 324 314	-3 093 183	231 131
Utgifter til løn	2	1 673 127	1 693 787	1 678 232	1 745 062	1 673 585	-71 477
Sosiale utgifter	3	382 416	437 592	436 293	435 921	433 273	-2 648
Kjøp av varer og tenester		846 069	752 593	775 791	846 593	784 848	-61 745
Overføringer og tilskot til andre		154 508	90 697	96 597	163 849	102 183	-61 666
Avskrivningar	4	140 094	154 290	154 290	146 961	154 290	7 329
Sum driftsutgifter		3 196 215	3 128 959	3 141 203	3 338 387	3 148 179	-190 208
Brutto driftsresultat		71 736	99 898	54 995	14 073	54 995	40 923
Renteinntekter		-44 421	-31 070	-41 460	-46 382	-41 460	4 922
Utbytte		-61 494	-44 000	-45 100	-45 126	-45 100	26
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	15	-14 072	0	0	-15 103	0	15 103
Renteutgifter		131 863	142 105	147 365	167 783	147 365	-20 418
Avdrag på lån	6	104 981	116 000	116 000	110 095	116 000	5 905
Netto finansutgifter		116 857	183 035	176 805	171 266	176 805	5 539
Motpost avskrivningar		-140 094	-154 290	-154 290	-146 961	-154 290	-7 329
Netto driftsresultat		48 499	128 644	77 511	38 378	77 511	39 133
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		8 947	11 050	7 450	6 677	7 450	773
Avsetningar til bundne driftsfond	8,12	9 477	667	667	14 819	667	-14 152
Bruk av bundne driftsfond	8,12	-11 877	-1 067	-1 067	-9 142	-1 067	8 075
Avsetningar til disposisjonsfond	8	908	0	0	558	0	-558
Bruk av disposisjonsfond	8	-55 955	-139 294	-84 561	-51 288	-84 561	-33 272
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-48 499	-128 644	-77 511	-38 378	-77 511	-39 133
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

Kommentar til Hovedoversikt §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

I dei obligatoriske oppstillingane over finn ein separate kolonnar for politisk vedteke budsjett og revidert budsjett. Avviket mellom desse to er knytt til budsjettjusteringar som kommunedirektøren har fått fullmakt til å gjennomføre. For 2024 er det gjort slike justeringar for å fordele sentralt avsetja midlar til

lønns- og pensjonsaukar i sektorane (som følgje av lønnsoppgjeret), samt å tilpasse inntekter og utgifter til busetjing av flyktningar.

Driftsinntekter

Alver kommune sine driftsinntekter er spesifisert slik:

- Rammetilskot
- Skatt på inntekt og formue
- Eigedomsskatt og Andre skatteinntekter
- Andre overføringar og tilskot frå staten
- Overføringar og tilskot frå andre
- Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter

Samla driftsinntekter i 2024 var på 3.324,3 mill. kr. Det er 231,1 mill. kr meir enn budsjett.

Kommentarar til rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og andre generelle driftsinntekter følgjer i kapittelet "Spesifikasjon og kommentarar til hovudoversikter".

Overføringar og tilskot frå andre inneheld diverse refusjonar frå stat, fylkeskommune, andre kommunar og private for ulike tenester som kommunen har levert, eller delfinansiering av slike tenester. I sum viser rekneskapen for 2024 på desse postane meirinntekter på 216,7 mill. kr i forhold til revidert budsjett. Dette skuldast i hovudsak at refusjon for sjukepengar og refusjon av foreldrepengar frå NAV som er rekneskapsført med totalt 130,6 mill. kr ikkje vert budsjett. Ved sjukdom/svangerskap vil einingane ofte ha ei tilsvarande vikarutgift, som på same måte ikkje har vore budsjett.

Momskompensasjon kjem ut med ei meirinntekt på 64,1 mill. kr (med ei tilsvarande meirutgift under posten «Overføringar og tilskot til andre» på utgiftssida). For ressurskrevjande tenester er inntektene 12 mill. kr lågare enn budsjett. Ein god del av dette skuldast lågare kostnader til pensjonspremie og lågare antal vedtakstimar enn rekna med i budsjett.

Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter utgjer 306,5 mill. kr i 2024. Dei syner ei meirinntekt på 15 mill. kr i høve til budsjett.

Driftsutgifter

Alver kommune sine driftsutgifter er gruppert som følgjer:

- Lønn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringar og tilskot til andre
- Avskrivingar

Samla driftsutgifter i 2024 var på 3.338,4 mill. kr. Det er 190,2 mill. kr meir enn budsjett.

Lønnsutgiftene og sosiale utgifter er til saman 74,1 mill. kr høgare enn budsjett. Dette må sjåast i samanheng med meirinntekter på lønsrefusjon frå Nav på 130,6 mill. kr. Det er i tillegg kjøpt vikarbyråtenester for 37,3 mill. kr meir enn budsjett, som må sjåast i samanheng med budsjett løn.

Kjøp av varer og tenester er 61,7 mill. kr høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak meirforbruk innan vikarbyråtenester.

Overføringar og tilskot til andre inneheld mellom anna momskompensasjon og overføring til private. Overføringsutgiftene er 61,7 mill. kr høgare enn budsjettert. Hovuddelen av dette er meirutgifter moms med 64,1 mill. kr (som og er lik meirinntekt under posten "Overføringar og tilskot frå andre").

For året 2024 utgjorde lønn og sosiale utgifter 65,3 % av dei totale driftsutgiftene.

§ 5-8 Balanse

Rekneskapsskjema §5-8 – Balanserekneskap

Tall i 1000 kr				
Rekneskapsskjema §5-8 - Balanserekneskap	Noter	Rekneskap 31.12.2024	Rekneskap 31.12.2023	Endring i året
EIENDELER				
A. Anleggsmidler	3, 4, 5, 11	8 921 480	8 489 000	432 480
I. Varige driftsmidler	4	4 306 361	4 263 982	42 379
1. Faste eiendommer og anlegg		4 158 354	4 127 373	30 981
2. Utstyr, maskiner og transportmidler		148 007	136 609	11 398
II. Finansielle anleggsmidler		1 225 339	1 085 750	139 588
1. Aksjer og andeler	5	515 765	509 458	6 307
2. Obligasjoner		-	-	-
3. Utlån	11	709 573	576 292	133 281
III. Immaterielle eiendeler		-	-	-
IV. Pensjonsmidler	3	3 389 780	3 139 268	250 513
B. Omløpsmidler	1	1 185 470	1 251 170	-65 700
I. Bankinnskudd og kontanter		404 670	412 660	-7 989
II. Finansielle omløpsmidler		171 168	196 065	-24 896
1. Aksjer og andeler	15	171 168	196 065	-24 896

2. Obligasjoner		-	-	-
3. Sertifikater		-	-	-
4. Derivater		-	-	-
III. Kortsiktige fordringer		609 632	642 446	-32 814
1. Kundefordringer	13	36 297	42 365	-6 068
2. Andre kortsiktige fordringer		256 115	281 214	-25 099
3. Premieavvik	3	317 220	318 867	-1 646
Sum eiendeler		10 106 950	9 740 170	366 780
EGENKAPITAL OG GJELD				
C. Egenkapital		2 050 252	2 154 438	-104 186
I. Egenkapital drift		281 628	326 682	-45 054
1. Disposisjonsfond	8	219 555	270 286	-50 731
2. Bundne driftsfond	8, 12	62 073	56 396	5 677
3. Merforbruk i driftsregnskapet		-	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet		-	-	-
II. Egenkapital investering		116 985	93 154	23 830
1. Ubundet investeringsfond	8	23 904	23 778	126
2. Bundne investeringsfond	8	93 081	69 376	23 705
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		-	-	-
III. Annen egenkapital		1 651 639	1 734 602	-82 963
1. Kapitalkonto	10	1 634 947	1 717 909	-82 963
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	17	16 692	16 692	-
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		-	-	-

D. Langsiktig gjeld		7 485 286	6 997 243	488 042
I. Lån	6, 7, 9	3 968 830	3 796 342	172 489
1. Gjeld til kredittinstitusjoner		2 499 066	2 196 578	302 489
2. Obligasjonslån		864 500	919 764	-55 264
3. Sertifikatlån		605 264	680 000	-74 736
II. Pensjonsforpliktelse	3	3 516 456	3 200 902	315 554
E. Kortsiktig gjeld	1	571 413	588 489	-17 076
I. Kortsiktig gjeld		571 413	588 489	-17 076
1. Leverandørgjeld		110 246	145 804	-35 558
2. Likviditetslån		-	-	-
3. Derivater		-	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	14, 16	425 605	404 367	21 237
5. Premieavvik	3	30 562	38 317	-7 755
Sum egenkapital og gjeld		10 106 950	9 740 170	366 780
F. Memoriakonti		-	-	-
I. Ubrukte lånemidler		198 737	226 137	-27 400
II. Andre memoriakonti		25 634	25 634	-
III. Motkonto for memoriakontiene		-224 370	-251 770	27 400

Spesifikasjon og kommentar til hovudoversikter

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter					
Rammetilskot	-1 156 559	-1 230 221	-1 253 481	-1 226 489	-26 992
Inntekt- og formuesskatt	-953 550	-996 079	-965 319	-990 646	25 327
Eigedomsskatt	-95 831	-90 200	-113 700	-108 693	-5 007
Andre generelle driftsinntekter	-118 958	-135 710	-173 710	-180 197	6 487
Sum Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter	-2 324 899	-2 452 210	-2 506 210	-2 506 026	-184

Rammetilskot og skatteinntekter

Inntekter frå skatt og rammetilskot er til saman på 2 217,1 mill. kr i 2024, noko som er 1,8 mill. kr høgare enn i revidert budsjett for 2024. Det er 9,2 mill. kr lågare enn opphavleg budsjett for 2024 og 106,9 mill. kr høgare enn i rekneskapen for 2023. Sjå tabellen nedanfor for spesifikasjon av postane som inngår i rammetilskotet.

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekn 2023	Opphavleg bud 2024	Rev bud 2024	Rekn 2024	Avvik 2024
Innbyggjartilskot	-836 440	-894 266	-894 266	-894 266	0
Utgiftsutjamning	-30 953	-42 609	-42 609	-42 609	0
Korr. barn i statlege+private skular	18 034	18 525	18 525	18 525	0
Tilskot til INGAR (inntektsgarantiordn.)	1 223	2 200	2 189	2 189	0
Saker m/særskild fordeling	-28 169	-29 500	-29 578	-29 578	0
Skjønstilskot	-6 600	-6 900	-6 900	-6 900	0
Komp. bortfall eiged.skatt prod.utstyr	-87 113	-103 511	-103 511	-103 511	0
Rev. nasj. bud + div endringar	-20 304		-27 858	-29 525	-1 667
Regionsentertilskot	-5 628	-5 891	-5 891	-5 891	0
Inndelingstilskot	-32 122	-33 503	-33 503	-33 503	0
Sum ramme utan inntektsutj.	-1 028 072	-1 095 455	-1 123 402	-1 125 069	-1 667
Netto inntektsutjamning	-128 487	-134 700	-130 092	-101 213	28 879
Sum rammetilskot	-1 156 559	-1 230 155	-1 253 494	-1 226 282	27 212
Skatt på formue og inntekt	-953 550	-996 100	-965 319	-990 727	-25 408
Sum skatt og ramme	-2 110 109	-2 226 255	-2 218 813	-2 217 009	1 804

Eigedomsskatt

Kommunen sine utfakturerte inntekter frå eigedomsskatten i 2024 var 113,7 mill. kr. Opprinneleg budsjettert var 90,2 mill. kr, og budsjettet vart korrigert opp i samband med utført taksering. Det førelegg ein del klagar og søknader om fritak, som kan resultere i lågare inntekter. Det er gjort avsetning for potensielle inntektsreduksjonar på 5,0 mill. kr.

Andre generelle driftsinntekter

Posten utgjer inntekter på 180,2 mill. kr og inneheld integreringstilskott for mottak av flyktningar, utbetaling fra havbruks fond og rentekompensasjon frå Husbanken. Meirinntekt på 6,5 mill. kr kjem som følge av at mottatt integreringstilskott er høgare enn budsjettert. Utbetaling frå havbruks fond for 2024 utgjer 46,3 mill.kr. Mottatt tilskott for flyktningar og drift av asylmottak vart samla 126,2 mill.kr.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneska p 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-43 966	-30 850	-41 240	-45 867	4 627
Utbytte	-61 494	-44 000	-45 100	-45 126	26
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-14 074	0	0	-15 104	15 104
Renteutgifter	92 856	93 260	102 820	125 628	-22 808
Avdrag på lån	104 981	116 000	116 000	110 095	5 905
Sum Finansinntekter/-utgifter	78 303	134 410	132 480	129 627	2 853

Finansinntektene vart samla på kr 106,1 mill. kr i 2024, som er 19,7 mill. kr høgare enn budsjett. Finansinntektene består av:

- Renteinntekter med 45,9 mill. kr.
- Utbytte frå Eveny med 45,1 mill. kr.
- Avkastning på finansielle omløpsmidlar med 12,8 mill. kr i 2024 knytt til kommunen sine langsiktige plassert midlar i DnB Asset Management.
- Avkastning på kortsiktig plasserte fondsmidlar har kommunen 2,3 mill. kr.

Finansutgiftene består av renteutgifter og avdragsutgifter. Renteutgifter er i 2024 bokført med 125,6 mill. kr, som er 22,8 mill. kr høgare enn revidert budsjett. Dette følgjer delvis av for optimisk budsjettering når det gjelder forventna nedgang i rentenivå og tidspunkt for denne, samt effekten av rentekostnad knytta til tidsdifferanse på innlån/utlån frå Husbanken.

Avdrag er betalt med 110,1 mill. kr. Dette er 5,9 mill. kr lågare enn budsjettert. Betalte avdrag er basert på utrekning av minimumsavdrag etter kommunelova. Berekninga framgår av note 6 i årsrekneskapen for 2024. Avdraga er om lag 5 mill. kr høgare i 2024 enn i 2023.

Status økonomiske måltal

Disposisjonsfond

Alver kommune har vedteke som eit av sine økonomiske måltal at disposisjonsfond bør vere på 15% av kommunen sine frie inntekter. Måtalet på disposisjonsfond må sjåast opp mot den risiko som kommunen er utsett for, og måtalet vil derfor naturleg variere frå kommune til kommune. Alver kommune har høge inntekter frå eigedomsskatt på tidlegare verk og bruk, og når overgangsordninga er avslutta i 2025, skal bortfallet av dei tidlegare inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk kompensera fullt ut gjennom auka overføringar i rammetilskotet frå staten. Dersom det vert gjort endringar i kompensasjonsordninga, er det svært viktig at Alver kommune har avsett midlar som gjer at vi kan handtere dette utan at det på kort sikt går utover tilbodet til innbyggjarane våre gjennom ikkje planlagde nedskjeringar eller reduksjon i tenestetilbodet.

Per 31.12. 2024 er status på avsetnad på disposisjonsfond på 9,9% av dei frie inntektene, og såleis 5,1% under måtalet på 15%.

Disposisjonsfond (tal i 1000 kr)	31.12.24
Fond langsiktig plassering:	
Fond for svingninger i langsiktig plassering	20 000
Langsiktig plasserte midlar	100 000
Sum fond langsiktig plassering per 31.12	120 000
Ordinære disp.fond	
Generelt disp.fond 01.01	150 286
Bruk i 2024	-50 731
Sum generelt disposisjonsfond per 31.12	99 555
Sum disposisjonsfond per 31.12	219 555
<u>Disp.fond med spesifisert formål</u>	
Herav næringsfond	2 309
Herav infrastruktur og trafikksikringsfond	7 947
Herav andre formålsfond	1 124
Frie inntekter	2 217 135
Disposisjonsfond i % av frie inntekter	9,9 %

Utvikling i netto driftsresultat

(tal i 1000 kr)	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap
Bruk av avsetninger				
Bruk av bundne driftsfond	-11 877	-1 067	-1 067	-9 142
Bruk av disposisjonsfond	-55 955	-139 294	-84 561	-51 288
Sum bruk av avsetnader	-67 831	-140 361	-85 628	-60 430
Avsetninger				
Overføring til investering	8 947	11 050	7 450	6 677
Avsetninger til bundne driftsfond	9 477	667	667	14 819
Avsetninger til disposisjonsfond	908	0	0	558
Sum avsetnader	19 332	11 717	8 117	22 053
Netto driftsresultat	48 499	128 644	77 511	38 378
Sum driftsinntekter	-3 124 478	-3 029 060	-3 093 183	-3 324 314
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-1,6 %	-4,2 %	-2,5 %	-1,2 %

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er berekna på same vis som det vert gjort i SSB sin Kostra-statistikk, og er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar) med frådrag av totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån.

Ordinære lån til investeringar og vidare utlån utgjorde 3 969 mill. kr ved utgangen av 2024. Netto lånegjeld er 3 060 mill. kr. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er 101 441 kr, ein auka med 1 602 kr per innbyggjar det siste året. I 2024 er det tatt opp lån til investeringar innan sjølvkost og til generelle investeringar på 210 mill. kr, og lån i Husbanken til vidareutlån på 100 mill. kr., tilsaman 310 mill. kr. Det er betalt avdag med til saman 137 mill. kr. Lån til vidareutlån vert vidareformidla som utlån (Startlån) til kommunen sine innbyggjarar.

FOLKETAL	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024	Endring 2023	Endring 2024
Innbyggjarar	29 920	29 986	30 169	66	183
Lånegjeld, utlån og ubrukte lånemidlar (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2022	Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2024	Endring 2023	Endring 2024
Langsiktig gjeld	3 625 745	3 796 342	3 968 830	170 597	172 488
Utlån formidlingslån	-463 545	-539 655	-675 126	-76 110	-135 471
Utlån egne midlar	-43 995	-36 781	-34 591	7 214	2 190
Ubrukte lånemidlar	-185 318	-226 137	-198 737	-40 819	27 400
Sum netto lånegjeld	2 932 887	2 993 769	3 060 376	60 882	66 607
Netto lånegjeld pr. innbyggjar (kr)	98 024	99 839	101 441	1 815	1 602

Netto renteberande gjeld

Alver kommune har vedteke som eit av dei økonomiske måltala at netto renteberande gjeld skal vere mindre enn 100% av Alver sine frie inntekter.

Alver kommune har definert netto renteberande gjeld som all langsiktig gjeld med frådrag av utlån og lån til sjølvkostfinansierte investeringar innan vatn og avlaup (VA). Lån til VA-investeringar er sett lik verdi av anleggsmidlar knytt til sjølvkostområda for vatn og avlaup. I utrekninga av netto renteberande gjeld forutset vi såleis at VA-området er 100% lånefinansiert, og at årlege avdrag til dette området er lik dei årlege avskrivningane på VA-investeringane.

Tabellen viser at netto renteberande gjeld per 31.12.2024 utgjer 102 % av frie inntekter (ned frå 108% per 31.12.2023), og er såleis 2% over måltalet på 100%. Dette utgjer om lag 55 mill. kr høgare gjeld enn måltalet. Nedgangen i denne gjeldsgraden skuldast at inntektene har auke meir enn gjelda i løpet av 2024. For å kunne komme innanfor det vedtekne måltalet på 100% er det fortsatt trong for moderat investeringsnivå (utanom sjølvkostområda Vatn- og Avlaup), med ein gjeldsvekst som ligg lågare enn den årlege veksten i inntekter.

Netto renteberande gjeld (mill kr)	31.12.22	31.12.23	31.12.24
Langsiktig gjeld	3 626	3 796	3 969
Utlån formidlingslån	- 463	- 540	- 675
Utlån egne midlar	- 44	- 37	- 35
Lån til VA-investeringar finansiert med gebyrinntekter	- 875	- 939	- 987
Netto renteberande gjeld	2 244	2 280	2 272

Frie inntekter (skatt/rammetils.)	2 048	2 110	2 217
Netto renteberande gjeld i % av frie inntekter	109,6 %	108,1 %	102,5 %
Eigedomsskatt	107	96	109
Frie inntekter og eigedomsskatt	2 155	2 206	2 326
Netto renteberande gjeld i % av sum av frie inntekter og eigned.skatt	104 %	103 %	98 %

Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling – forhold som har økonomisk betydning for kommunen

Alver kommune har midlar plassert i bank, fond (kortsiktig), og langsiktig plassert opprinneleg 100 mill. kr i samsvar med finansreglementet. Alver kommune er utsett for risiko knytt til rentenedgang på innskot og lågare avkastning på fond. I tillegg er det knytt risiko til dei langsiktige plasserte midlane i forhold til verdireduksjon og lågare avkastning. For å kunne handtere denne risikoen på kort sikt, har kommunestyret oppretta eit fond «Fond for lågare avkastning» på 20 mill. kr.

Den største risikoeksponeringa Alver kommune er utsett for, er renteauke på lånegjelda, endringar i eigedomsskatt, og omfanget av kompensasjonen som skal dekke bortfall av eigedomsskatt på tidligare verk og bruk etter endringane i eigedomsskattelova.

Alver kommune har ein høg lånegjeld, og ved utgangen av 2024 var lånegjelda på 3 969 mill. kr, opp frå 3 796 mill. kr i 2023. Vekta gjennomsnittleg lånerente på gjeldsporteføljen per 31.12.2024 er på 4,33%. Tilsvarende rente per 31.12.2023 var 4,1%. Gjennomsnittsrenta har steget gjennom året, og var 4,07% ved starten av 2024.

Per idag er styringsrenta til Norges Bank på 4,5%, men det er venta nedgang i rentenivå i tida framover. I økonomiplanen for 2025-2028 har kommunen lagt til grunn en gjennomsnittleg rentesats på kommunen sine lån på 4,1 % i 2025, avtakande til 3,86% i 2026. Dette er på kort sikt noko lågare nivå enn dei signala som blir gitt no pr mars 2025. Det er stor usikkerheit i rentemarknaden, og det er difor vanskeleg å lage gode prognosar for utviklinga vidare framover.

Ein renteauke på 1% utgjer om lag 23 mill. kr per år i auka netto renteutgifter. Utrekninga er basert på tal for netto renteberande gjeld, ekskl. renter på investeringar innan VA-området. For å finansiere ein renteauke på 1% må Alver kommune redusere driftsnivået med tilsvarende beløp, noko som utgjer om lag 30 årsverk.

I 2024 er det motteke utbytte frå Eviny på 45,6 mill. kr, ned frå 61,5 mill. kr i 2023. Ein må vere merksam på at det kan skje endringar i selskapa Alver kommune er medeigarar i, noko som gjer at nivået på utbytte kan svinge betydeleg frå år til år.

I 2024 har Alver kommune inntekter på 108,7 mill. kr frå innkrevjing av eigedomsskatt på næring. I tillegg fekk Alver kommune som del av det ordinære rammetilskotet 103,5 mill. kr i kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

Inntektene frå eigedomsskatt er nytta til å finansiere drifta i Alver kommune. Stortinget vedtok i 2018 at dei tidlegare reglane for eigedomsskatt på verk og bruk skulle opphøyra frå 01.01.2019. Skatten vert så trappa ned med 1/7 del per år i 7 år, og utgår dermed heilt frå 2025. Det er samstundes vedteke overgangsreglar for å kompensere dei kommunane som får inntektsbortfall som følgje av at eigedomsskatten for vert og bruk vert fasa ut. I vedtaket om kompensasjonsordninga som del av statsbudsjettet for 2019, var det forutsett at kommunane skulle få tilnærma full kompensasjon for inntektsbortfallet, med ei årleg auke tilsvarande nedtrappinga av eigedomsskatten for verk og bruk. I Statsbudsjettet for 2020 og særleg i 2021 er kompensasjonsordninga svekka med innføring av botnfrådrag. Alver kommune sin forventa kompensasjon i 2025 er dermed redusert med mellom 10 og 20 mill. kr i forhold til intensjonen ved innføring av ordninga i 2019. Denne type inntekter og kompensasjon for tidlegare eigedomsskatt kan ikkje reknast som langvarige sikre inntekter, då det kan skje ytterlegare endringar i regelverket som regulerer adgangen til eigedomsskatt og endringar både i kompensasjonsmodell og varigheit. I økonomiplanen for 2025-2028 har kommunen lagt til grunn ein årleg inntekt på 119,9 mill.kr i tråd med KS prognose-modell for perioden.

Det er svært viktig at Alver kommune har avsett midlar på disposisjonsfond til å dekkje ein endring i inngangen på eigedomsskatt eller endring i nivået vi får kompensert, då ein endring på dette området vil få betydelege konsekvensar for Alver kommune. Vidare er det naudsynt at det er sett av midlar på disposisjonsfond til å kunne dekkje ei uventa renteendring.

I samsvar med kommuneloven § 14-7, punkt a skal det i årsberetninga «gis opplysningar om forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretar den økonomiske handleevnen over tid». På bakgrunn av dette kravet er det naturleg at demografiutviklinga i kommunen omtalast.

Befolkningsprognosene syner ei tydeleg utvikling i dei kommande åra, der det vil verte færre born i skule og barnehage og fleire innbyggjarar som vil ha trong for helse og omsorgstenester. Det er i den økonomiske planlegginga lagt inn ein auke innan helse og omsorgstenester og ein reduksjon i rammene til skule og barnehage sektoren. Det er avgjerande at det vert gjort strategiske val for å handtere reduksjonen i barnetal i dei komande åra jfr vedtatt skule og barnehagebruksplan.

Investeringar

§5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	4,10	240 972	313 735	299 519	198 280	299 519	101 239
Tilskot til andre sine investeringar		2 367	1 600	3 605	2 878	3 605	727
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		8 878	7 050	7 050	6 307	7 050	743
Utlån av egne midlar	11	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		252 217	322 385	310 174	207 465	310 174	102 708
Kompensasjon for meirverdiavgift		-14 787	-27 687	-27 238	-17 130	-27 238	-10 108
Tilskot frå andre		-34 784	-45 520	-28 046	-20 999	-28 046	-7 047
Sal av varige driftsmiddel		-9 892	-100	-150	-9 404	-150	9 254
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		-7 576	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500	0
Bruk av lån		-155 711	-235 528	-244 790	-150 882	-244 790	-93 908
Sum investeringsinntekter		-222 749	-311 335	-302 724	-200 914	-302 724	-101 809
Vidareutlån	10	107 470	150 000	150 000	186 518	150 000	-36 518
Bruk av lån til vidareutlån		-107 470	-150 000	-150 000	-186 518	-150 000	36 518
Avdrag på lån til vidareutlån		28 422	33 000	33 000	27 416	33 000	5 584
Mottatte avdrag på vidareutlån	10	-31 384	-33 000	-33 000	-51 121	-33 000	18 121
Netto utgifter vidareutlån		-2 961	0	0	-23 705	0	23 705
Overføring frå drift		-8 947	-11 050	-7 450	-6 677	-7 450	-773
Avsetningar til bundne investeringsfond	8	2 961	0	0	23 705	0	-23 705
Bruk av bundne investeringsfond	8	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	8	126	0	0	126	0	-126
Bruk av ubunde investeringsfond		-20 648	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		-26 507	-11 050	-7 450	17 154	-7 450	-24 604
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0	0

Tabellen over viser at Alver kommune sine bruttoinvesteringar i anleggsmidlar (bygningar, vegar, anlegg o.a.) i 2024 var på 198,3 mill. kr. I tillegg kjem tilskot til andre sine investeringar med 2,9 mill. kr og kjøp av aksjar og andelar på 6,3 mill. kr. Til saman er investeringsutgiftene på 207,5 mill. kr. Revidert budsjett er på 310,2 mill. kr, og avviket på 102,7 mill. kr skuldast i all hovudsak at ein del investeringsprosjekt hadde ein lågare framdrift i 2024 enn rekna med. Av desse restmidlane er netto 78,5 mill.kr overført til budsjett 2025 i sak handsama av kommunestyret i februar 2025. Budsjettet for 2025 er då auka opp med desse overføringane, men budsjettet for 2024 er ikkje tilsvarende redusert, då vi ikkje har anledning til å vedta budsjettendringar etter at rekneskapsåret er avslutta. Dette påverkar ikkje totalramma på prosjekta.

Kommentar til status på kvar einskild prosjekt følgjer i tabell nedanfor. Merk at dei vatn- og avlaupsprosjekta som ligg i temaplan for vatn og avlaup har rekneskapstal i 2023 på gamle prosjektnumre og budsjett og rekneskap frå og med 2024 på nye prosjektnumre. Desse kjem dermed på to rader i tabellen §5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B).

Sum investeringsinntekter er på til saman 200,9 mill. kr. Av dette er bruk av lånemidlar på 150,9 mill. kr, meirverdiavgiftskompensasjon er på 17,1 mill. kr og andre finansieringsinntekter er til saman 32,9 mill. kr. Andre finansieringsinntekter er totalt sett høgare enn budsjett. Tilskot og refusjonar frå andre er inntektsført med 21,0 mill. kr mot budsjett 28,0 mill. kr, ei mindreinntekt på 7,0 mill. kr. Sal av driftsmidlar er inntektsført med 9,4 mill kr mot budsjett 0,2 mill. kr. Desse avvika skuldast i hovudsak:

- Tilskot frå andre:
 - Det er motteke tilskot frå Vestland fylkeskommune på 5,0 mill. kr til veg Holme – Tveit. Dette er eit prosjekt som har vore ferdigstilt ei stund, det var Meland kommune som opprinneleg søkte om tilskotet.
 - Knarvik utbygging: Budsjett 28,0 mill. kr, anleggsbidrag og kapitalvare på 10,2 mill. kr, ikkje noko rekneskapsført. Forventa aktivitet frå utbyggjarar er lågare enn forutsett i budsjettet for 2024. Sjå kommentar under Areal og anna utbygging nedanfor der det går fram eit mindreforbruk også på utgiftssida.
 - Tilskot Equinor prosjekt Industri- og drikkevatt til Mongstad 6,1 mill. kr mindre enn budsjett. Framdrift lågare enn budsjett, restbudsjett overført til 2025.
- Sal av driftsmidlar:
 - På prosjekt Kjøp og sal av bustader er det ført sal av eigedommar med 5,8 mill. kr.
 - Det er seld tomtar for 2,8 mill.kr. Det er ikkje budsjett 28,0 mill. kr, ei mindreinntekt på 7,0 mill. kr.
 - Prosjekt Biladministrasjon har seld bilar for 0,8 mill.kr, ikkje budsjett.

Vidareutlån (startlån) er bokført med 186,5 mill. kr, som er 36,5 mill. kr høgare enn revidert budsjett på 150,0 mill. kr. Kommunen hadde ubrukte lånemidlar frå Husbanken ved inngangen til året. Generelt aukar behovet for hjelp med startlån.

Til slutt i oppsummeringa kjem overføring frå drift og netto avsetningar til investeringsfond med netto - 17,2 mill. kr i rekneskapen. Posten er budsjett 28,0 mill. kr, anleggsbidrag og kapitalvare på 10,2 mill. kr, ikkje noko rekneskapsført. Mottatte avdrag på vidareutlån er større enn kommunen sine betalte avdrag på vidareutlån. Sum av investeringsinntekter, netto vidareutlån og interne finansieringstransaksjonar er i 2024 på 207,5 mill. kr, og balanserer dermed med finansieringsbehovet oppsummert i §5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) - per prosjekt.

§5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) - per prosjekt

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap	Opph.	Politisk	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr
		2023	bud. 2024	vedtatt	2024	2024	
				budsjett			
				2024			
IKT og administrasjon							
Digitalisering Nordhordland		4 373	4 250	4 620	4 614	4 620	6
Diverse datautstyr, PC-er mm.		0	1 400	1 400	1 040	1 400	360
Nettbrett skuleelevar		2 906	2 000	2 000	2 549	2 000	-549
Datautstyr skulane		289	0	0	0	0	0
Sjukesignalanlegg - sjukeheimar		0	16 000	3 000	0	3 000	3 000
IKT-utstyr møterom		0	300	460	326	460	134
Utbygging WiFi og datanett		0	2 300	2 800	640	2 800	2 160
kommunale bygg							

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk Rekneskap vedtatt budsjett 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	
Digitalt kartverk	413	250	250	23	250	227
Sum IKT og administrasjon	7 981	26 500	14 530	9 191	14 530	5 339
Administrasjonsbygg						
Investering kommunale bygg	12 487	10 000	10 000	9 766	10 000	234
Rehabilitering tak diverse kommunale bygg	10 370	6 000	10 000	8 881	10 000	1 119
Skilt kommunale bygg	68	0	500	0	500	500
Inventar NAV, alver sin andel	0	0	0	199	0	-199
Sum Administrasjonsbygg	22 925	16 000	20 500	18 846	20 500	1 654
Barnehagebygg						
Lindås barnehage	1 011	500	500	183	500	317
Bø Barnehage	125	0	875	875	875	0
Investering barnehagebygg	450	400	1 090	649	1 090	441
Sum Barnehagebygg	1 586	900	2 465	1 707	2 465	758
Skulebygg						
Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur	490	545	1 045	836	1 045	208
Knarvik barneskule inkl. hall	54	0	0	0	0	0
Knarvik ungd.sk. Uteområde	150	0	1 367	130	1 367	1 237
Leikeplassutstyr	170	800	1 130	1 043	1 130	87
Investering skulebygg	2 779	4 000	7 420	5 318	7 420	2 102
Frekhaug - Ny ungdomsskule	539	2 000	2 461	145	2 461	2 316
Vaskerobot Alversund skule	31	0	0	31	0	-31
Ombygging Rossland skule	1 828	0	2 774	2 824	2 774	-50
Sum Skulebygg	6 041	7 345	16 197	10 329	16 197	5 868
Kultur og idrett						
Utstyr idrettsanlegg	389	300	474	104	474	370
Investering kultur og idrett	33	0	0	0	0	0
Kommunehuset på Manger - kulturhus/ kino - rehabilitering	225	0	275	275	275	0
Dagsturhyttar	140	0	0	0	0	0
Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner	58	0	1 436	0	1 436	1 436
Utlånsautomatar Bibliotek	557	0	0	0	0	0
Løe Alversund	53	0	447	0	447	447
Utstyr Kultur	0	300	300	315	300	-15
Etablere kulturskulen i Kommunehuset på Manger	0	3 850	3 850	317	3 850	3 533
Ombygging Biblioteket - Kommunehuset på Frekhaug	0	3 550	1 550	2 295	1 550	-745
Diverse BUA	0	0	260	129	260	131
Sum Kultur og idrett	1 454	8 000	8 592	3 435	8 592	5 157
Bustader						
Nye bustader rus og psykiatri	992	3 130	1 727	1 793	1 727	-66
Investering bustader	1 305	1 000	1 502	1 532	1 502	-30
Kjøp og sal av bustader	27 510	0	21 061	4 091	21 061	16 970
Mjåtveitstø Bufellesskap	7 555	20 860	8 846	7 765	8 846	1 081
Utbetring tak kommunale bustader	2 020	0	1 862	0	1 862	1 862
Sum Bustader	39 382	24 990	34 998	15 182	34 998	19 816
Institusjon og omsorgsbustader						
Investering institusjon og omsorgsbustader	904	800	1 740	703	1 740	1 037
Samlokalisering omsorgsbustader pluss - habiliteringstenesta	626	2 100	4 222	447	4 222	3 775
RIB og mulighetsstudie Manger	0	1 500	1 500	0	1 500	1 500
Oppussing Kvasten avlastingsbustad, ny del	0	0	400	297	400	103

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Takheiser institusjon		521	0	0	0	0	0
Ombygging Lindås Bu og Servicesenter		909	0	21 381	41	21 381	21 340
Krossleitet, Lindås. Ombygging eksisterende bygg.		156	2 200	0	0	0	0
E - låsesystem - nøkkelbokser til tenestemottakarar		1 740	0	0	0	0	0
Ombygging - fleire plasser til psykisk helse og rus		0	500	0	0	0	0
Ny heis Ostertunet		0	1 000	0	0	0	0
Ombygging Meland sjukeheim - dagsenter		0	2 300	2 300	1 519	2 300	781
Såtabu - Ombygging til nytt pasientrom		0	1 000	1 000	173	1 000	827
Sum Institusjon og omsorgsbustader		4 856	11 400	32 543	3 182	32 543	29 361
Kyrkjer og gravplassar							
Lindås Gravplass		106	3 000	0	216	0	-216
Sum Kyrkjer og gravplassar		106	3 000	0	216	0	-216
Transportmidlar og teknisk utstyr							
Utsifting bilar		449	0	0	0	0	0
Ny feiarbil		0	0	1 100	1 011	1 100	89
Utsifting og behov maskinar og utstyr		2 172	0	415	197	415	218
Kommandobil Nordhordland brann og redning		0	0	2 000	0	2 000	2 000
Kjøp av bil - Felles biladministrasjon		0	16 000	16 000	14 441	16 000	1 559
Sum Transportmidlar og teknisk utstyr		2 621	16 000	19 515	15 648	19 515	3 867
Brann og redning							
Brann- og driftstasjon Manger		183	6 000	3 931	2 580	3 931	1 351
Nye brannbilar		2 670	0	7 100	5 670	7 100	1 430
Diverse investeringar brann		515	500	750	749	750	1
Redningsbåt Brann		0	0	2 000	1 933	2 000	67
Sum Brann og redning		3 368	6 500	13 781	10 932	13 781	2 849
Sjølvkost Vatn							
Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg		432	0	500	500	500	0
Myrvollane - Moldekleiv VA-anlegg		302	0	0	0	0	0
Fosse - Moldekleiv VA-anlegg		351	0	0	0	0	0
Vågseidet - Sjurset, Vannledning		45 219	0	0	0	0	0
Kløve - Eknes - Vassleidning		968	0	0	0	0	0
Mindre prosjekt vatn		19 454	0	0	0	0	0
Knarvikplanen, kommunal del		614	0	0	0	0	0
Birkeland - Hella vatn		16 472	0	4 426	3 712	4 426	714
Vetås - Haukeland - Storheim Vassleidn.		168	0	0	0	0	0
Bøvågen - Marøy Vassleidning		237	0	0	0	0	0
Frekhaugkrysset-Sagstad Skule VA- anlegg		180	0	0	0	0	0
E39 Oval Rundkjøring - Kommunal del - Vatn		2 809	0	0	0	0	0
Vollo-Brakstad, ringleidning		127	0	0	0	0	0
Manger Silanlegg - vatn-del		1 585	0	0	0	0	0
Mindre tiltak vatn, 2024-2034		0	10 000	10 000	8 554	10 000	1 446
Bøvågen - Marøy, VA-anlegg		0	22 400	1 000	434	1 000	566
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del		0	3 250	4 960	4 180	4 960	780

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg / Vatn-del		0	7 250	7 450	8 624	7 450	-1 174
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Vatn-del		0	300	300	239	300	61
Knarvikplanen, VA-anlegg / Vatn-del		0	1 700	3 990	3 665	3 990	325
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Vatn-del		0	750	750	11	750	739
Ringledning Mongstad-Austrheim- Radøy (Ringledning nord) / Vatn		0	2 000	0	0	0	0
Austmarka - trykkøkning mot Olsvoll / Vatn		0	2 000	2 000	602	2 000	1 398
Industri- og drikkevatt til Mongstad		0	20 000	24 838	20 280	24 838	4 558
Utgreiing av oppgradering - vassbehandling		0	1 000	0	0	0	0
Brannvassbasseng Eikanger		0	10 000	500	473	500	27
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Vatn-del		0	0	100	96	100	4
Vetås - Storheim - Solheim, VA- anlegg, / Vatn-del		0	0	332	28	332	304
Manger skule VA-anlegg, vatn		0	0	1 500	925	1 500	575
Sum Sjølvkost Vatn		88 919	80 650	62 646	52 324	62 646	10 322
Sjølvkost Avlaup							
Meland Vassverk-Myrvollane Avløp		6	0	0	0	0	0
Myrvollane - Moldekleiv avlaup		175	0	0	0	0	0
Fosse - Moldekleiv avlaup		245	0	0	0	0	0
Mindre prosjekt avlaup		12 121	0	0	0	0	0
Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup		1 719	0	1 000	652	1 000	348
KNARA Reinseanlegg		1 259	0	0	0	0	0
Mongstad base, avløpsleidningar kommunal del		825	0	0	0	0	0
Knarvikplanen, kommunal del		884	0	0	0	0	0
Vetås - Storheim Avløpsleidning		162	0	0	0	0	0
Manger Silanlegg avløp inkl grunnavståing		4 597	0	0	0	0	0
Bøvågen - Marøy avløpsanlegg - inkl. utsleppsleidning og pumpestasjon		60	0	0	0	0	0
Bøvågen pumpestasjon for ny utsleppsleidning		125	0	0	0	0	0
E39 Oval Rundkjøring - Kommunal del - Avlaup		5 226	0	0	0	0	0
Mindre tiltak avlaup 2024-2034		0	10 000	10 000	7 636	10 000	2 364
Bøvågen - Marøy, VA-anlegg / Avlaups-del		0	9 600	1 000	466	1 000	534
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Avlaups-del		0	3 250	2 250	1 869	2 250	381
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg / Avlaups-del		0	7 250	7 575	8 847	7 575	-1 272
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Avlaups-del		0	300	300	331	300	-31
KNARA, hovedrenseanlegg / avlaup		0	5 000	7 000	11 089	7 000	-4 089
KNARA, overføring i Knarvik / Avlaup		0	40 000	5 000	3	5 000	4 997
Knarvikplanen, VA-anlegg / Avlaups- delen		0	1 700	4 720	4 207	4 720	513
Hilland, Ikenberg, Isdalstø, Klubbstøa, avløpsanlegg (KNARA)		0	2 000	0	0	0	0
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Avlaup		0	750	750	0	750	750

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Mongstad Base, reinseanlegg og avløpsleidning		0	2 000	2 000	196	2 000	1 804
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Avlaups-del		0	0	100	101	100	-1
Vetås - Storheim - Solheim, VA- anlegg, / Avlaups-del		0	0	338	18	338	320
Manger skole VA-anlegg		0	7 800	6 300	5 392	6 300	908
Sum Sjølvkost Avlaup		27 406	89 650	48 333	40 809	48 333	7 524
Veg og samferdsle							
Kommunale vegar		1 766	2 000	6 384	526	6 384	5 858
Trafikksikringstiltak		1 232	650	500	36	500	464
Holme-Tveit - Veg (tilskotsfinansiert)		0	0	0	298	0	-298
Sum Veg og samferdsle		2 998	2 650	6 884	860	6 884	6 024
Areal og anna utbygging							
Universell utforming/ særlig tilrettelegging		2 555	1 500	3 533	3 676	3 533	-143
Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt		1 305	2 200	2 200	1 563	2 200	637
Knarvik - Forskottering utbygging		16 422	14 200	10 451	2 342	10 451	8 109
Mindre tomtekjøp og -sal/ grensejusteringar		445	2 000	2 000	2 638	2 000	-638
Offentlege pålegg		149	250	351	294	351	57
Sykkelskap - miljøløftet		0	0	0	454	0	-454
Makebyte med Alver Tomteselskap AS		3 896	0	0	0	0	0
Sum Areal og anna utbygging		24 772	20 150	18 535	10 968	18 535	7 567
Diverse prosjekt							
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		-172	0	0	-172	0	172
Justeringsavt 2021 Langhøyane		-112	0	0	-236	0	236
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		-29	0	0	-29	0	29
Justeringsavtale 2022 Sommerro Panorama		-124	0	0	0	0	0
Forsikringssak		5 930	0	0	89	0	-89
Forsikringssak Røsvikhaugen 5 a og b		1 065	0	0	481	0	-481
Forsikringssak Radøyhallen		0	0	0	1 775	0	-1 775
Forsikringssak Alverhallen		0	0	0	2 743	0	-2 743
Sum Diverse prosjekt		6 558	0	0	4 651	0	-4 651
Investeringar i varige driftsmidlar		240 972	313 735	299 519	198 280	299 519	101 239

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Lindås Gravplass		814	0	1 580	1 031	1 580	549
Investeringsmidler kyrkjeleg fellesråd		750	0	750	750	750	0
Vågseidet - Sjurset, Vannledning		102	0	0	0	0	0
Birkeland - Hella vatn		0	0	0	80	0	-80
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassledning (NHP) / Vatn-del		0	0	0	15	0	-15
Knarvik - Forskottering utbygging		50	1 600	1 275	100	1 275	1 175
Justeringsavt 2019 Sommerro Panorama		298	0	0	298	0	-298
Justeringsavtale 2020 Sommerro Panorama		47	0	0	47	0	-47
Justeringsavt 2021 Langhøyane		246	0	0	246	0	-246
Justeringsavtale 2019 F.G. Eiendom		-101	0	0	151	0	-151
Justeringsavtale 2022 Sommerro Panorama		161	0	0	161	0	-161
Tilskot til andre sine investeringar		2 367	1 600	3 605	2 878	3 605	727

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Egenkapitalinnskott KLP		5 878	6 400	6 400	6 307	6 400	93
Aksjekapitalinnskudd i nytt selskap som skal eige kai på Mongstad		3 000	650	650	0	650	650
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		8 878	7 050	7 050	6 307	7 050	743

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Utlån av egne middel		0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4		252 217	322 385	310 174	207 465	310 174	102 708

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Aksjekapitalinnskudd i nytt selskap som skal eige kai på Mongstad Austmarka - trykkøkning mot Olsvoll / Vatn	650	0	650
Birkeland - Hella vatn	4 426	3 792	634
Brann- og driftstasjon Manger	3 931	2 580	1 351
Brannvassbasseng Eikanger	500	473	27
Bø Barnehage	875	875	0
Bøvågen - Marøy, VA-anlegg	1 000	434	566
Bøvågen - Marøy, VA-anlegg / Avlaups-del	1 000	466	534
Digitalisering Nordhordland	4 620	4 614	6
Digitalt kartverk	250	23	227
Diverse BUA	260	129	131
Diverse datautstyr, PC-er mm.	1 400	1 040	360
Diverse investeringar brann	750	749	1
Etablere kulturskolen i Kommunehuset på Manger	3 850	317	3 533
Forsikringssak	0	89	-89
Forsikringssak Alverhallen	0	2 743	-2 743

Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Forsikringssak	0	1 775	-1 775	Forsikringssak som pågår.
Raddøyhallen				
Forsikringssak	0	481	-481	Forsikringssaka er avslutta, men ikkje ferdig bokført.
Røsvikhaugen 5 a og b				
Frekhaug - Ny ungdomsskule	2 461	145	2 316	Restbudsjett til planleggingsmidlar på 2,3 mill kr er overført til 2025.
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Avlaups-del	2 250	1 869	381	Prosjekt for etablering av VA-anlegg avløp i samband med ny rundkjøring ved Frekhaug sentrum. Prosjektet er under arbeid og følger framdrifta i Nordhordlandspakken. Vestland fylkeskommune ligg litt etter planlagt framdrift, dette påverkar Alver kommune sine VA-arbeider. Restbudsjett på 0,4 mill er overført til 2025.
Frekhaugkrysset - Sagstad skule, vassleidning (NHP) / Vatn-del	4 960	4 195	765	Prosjekt for etablering av VA-anlegg vatn i samband med ny rundkjøring ved Frekhaug sentrum. Prosjektet er under arbeid og følger framdrifta i Nordhordlandspakken. Vestland fylkeskommune ligg litt etter på framdrift, slik at det også påverkar Alver kommune sine VA-arbeider. Restbudsjett på 0,8 mill er overført til 2025 i rebudsjettering.
Hestdal - Nytt vannbehandlingsanlegg	500	500	0	Prosjektet er ferdig.
Hestdal Vannbehandlingsanlegg - Avlaup	1 000	652	348	Kommunen skal foreta kartforretning av området i 2025. Restbudsjett på 0,3 mill kr er overført til 2025 og tiltenkt å dekke desse utgiftene.
Holme-Tveit - Veg (tilskotsfinansiert)	0	298	-298	Tidlegare løyva tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 5 mill er bekrefta og bokført i 2024. Dette kjem fram under Tilskot frå andre i Bevilgningsoversikt (2A). Det er noko ikkje-budsjetterte kostnader i 2024 knytta til ferdigstilling for å få utbetalt dette tilskotet.
IKT-utstyr møterom	460	326	134	Kostnader til audiovisuelt utstyr ved etablering av og bytting på møterom. Restbudsjett på 0,1 mill kr er overført til 2025.
Industri- og drikkevatt til Mongstad	24 838	20 280	4 558	Sikra tilstrekkeleg med råvatn til Mongstad-området. Arbeidet er delt i fleire fasar med oppstart i 2021 og avsluttast i 2025. I tabellen Tilskot frå andre ligg inne refusjonsmidlar frå industri. Prosjektet går over 3 fasar der fase 1 er utført, fase 2 og 3 pågår. Forventa ferdigsstilling av alle fasar 3. kvartal 2025. Netto restbudsjett er overført til 2025.
Investering barnehagebygg	1 090	649	441	Post for løpande investeringar på barnehagebygg. Diverse mindre prosjekt vart utført i 2024 i samråd med barnehagane som hadde behov. Restbudsjett på 0,4 mill kr er overført til 2025.
Investering bustader	1 502	1 532	-30	Ramme for løpande investeringar i kommunale bustader.
Investering institusjon og omsorgsbustader	1 740	703	1 037	Midlar til mindre løpande investeringar i institusjonar og omsorgsbustader. Tiltaka i 2024 er utført i samråd med tenestene som har behov. Restbudsjett på 1 mill kr er overført til 2025.
Investering kommunale bygg	10 000	9 766	234	Post for løpande investeringar på kommunale bygg. Arbeidet har blitt utført i samråd med tenestene som har hatt behov. I 2024 har midlane gått til mellom anna to nye avdelingskjøkken på Lerketunet, tre nye avdelingskjøkken på velferdssenteret på Manger, oppgradering av ein kontorfløy på kommunehuset på Frekhaug, nytt tak og nye vegger på naust i Isdal og utskiftingar av brannsentralar på Rossland skule. I tillegg ei rekke mindre tiltak på ulike bygg. Restbudsjett på 0,2 mill kr er overført til 2025.
Investering skulebygg	7 420	5 318	2 102	Ramme til løpande investeringar på skulebygg. Mindre delprosjekt vart utført i 2024 i samråd med skulane som hadde behov; mellom anna oppgradering av ventilasjonskanalar, lydfeller, ny belysning og himling på deler av Sagstad skule, taktill merking på Knarvik ungdomsskule, takoverbygg ved eine inngangen på Knarvik barneskule, tiltak på Rossland skule

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
			Kommentar
			knytt til blant anna ny heis og brannntavle. Restbudsjett på 2,1 mill kr er overført til 2025.
Investeringsmidler kyrkjeleg fellelsråd	750	750	0 Midlar som skal til Kyrkjeleg fellelsråd ihht. vedteke budsjett.
Kjøp av bil - Felles biladministrasjon	16 000	14 441	1 559 I 2024 blei det totalt skifta ut 40 bilar, noko som er litt mindre enn planlagt. Årsaka er blant anna lang leveringstid på erstatningsbilar og nokon leasingavtalar som ikkje har gått ut. 9 bilar blei tilbakelevert etter endt leasing, og vi har redusert bilparken med tilsvarande tal. Restramma vert overført til 2025.
Kjøp og sal av bustader	21 061	4 091	16 970 Midlar avsett til kjøp og sal av bustader. Vert nytta løpande etter behov, når det er tilgang til relevante bustader. Lite påløpt i 2024, noko som skuldast mangel på aktuelle bustader. Opprinneleg vedteken ramme i 2023 på 80 mill kr er både overført mellom år og seinare redusert i økonomiplan 2025-2028. Restbudsjett 2024 vert overført til 2025.
KNARA, hovedrenseanlegg / avlaup	7 000	11 089	-4 089 Detaljprosjektering pågår. Statsforvalteren har godkjent utsløppssøknad, forbehold om godkjent reguleringsplan. Reguleringsplanen vart levert til kommunen desember 2024 for 1. gangs handsaming. Prosjektet blir delt inn i tre entreprisar; maskin, bygg og infrastruktur. Desse er planlagt utlyst siste kvartal 2025. Reinseanlegget er forventa ferdigstilt i 2027, med prøvedrift siste halvdel av 2027. Overskriding i 2024 vil redusere budsjettet i 2025.
KNARA, overføring i Knarvik / Avlaup	5 000	3	4 997 Har starta prosjektering av leidningsanlegg i Bruvegen. Midlane i dette budsjettet skal også dekke kostnader for overføringsleidningar til Knara (utsløppsleidning + overføringsleidningar til og fra pumpestasjon ved Kvassneset nedre). Først ut kjem VA-anlegg Bruvegen. 5 mill i restbudsjett frå 2024 er overført til budsjett 2025.
Knarvik - Forskottering utbygging	11 726	2 442	9 284 Prosjektet gjeld kommunal forskottering av bygging av infrastruktur mm. knytt til utbyggingsavtalar innanfor områdeplan for Knarvi. Bruk av midlane er avhengig av tidspunkt for signering av utbyggingsavtaler, og kva som følgjer av desse avtalane. Det er ikkje kommunen sjølv som styrer framdrifta, det avhenger av når utbyggarane er klare til å inngå slike avtaler. Framdrifta til utbyggarar er så langt noko lågare enn estimert. Både utgifter og inntekter er revidert i tertialrapportane i 2024, til dømes grunna Alverporten AS si utsetjing av sitt prosjekt. Kommunen sine egne utgifter med prosjektering og gjennomføring av offentleg anlegg har ein oversikt over og er ihht. plan.
Knarvik ungd.sk. Uteområde	1 367	130	1 237 Prosjektet er planlagt gjennomført vår/sommar 2025. Restramme på 1,2 mill kr er overført til 2025.
Knarvikplanen, VA-anlegg / Avlaups-delen	4 720	4 207	513 Midlane skal dekke ny offentleg infrastruktur som veg med fortau, vatn og avløp. Gjerast i samband med dei større pågåande utviklingsprosjekta i Knarvik. Konkurransen om ny vegtrase Bruvegen, sør for Haugen barnehage er ferdigstilt, entreprenør er valt. Alversund Maskinstasjon AS starta opp anleggsarbeida i februar 2025. Restbudsjett på 0,5 mill kr er overført til 2025.
Knarvikplanen, VA-anlegg / Vatn-del	3 990	3 665	325 Midlane skal dekke ny offentleg infrastruktur som veg med fortau, vatn og avløp. Gjerast i samband med dei større pågåande utviklingsprosjekta i Knarvik. Konkurransen om ny vegtrase Bruvegen, sør for Haugen barnehage er ferdigstilt, entreprenør er valgt. Alversund Maskinstasjon AS starta opp anleggsarbeida i februar 2025. Restbudsjett på 0,3 mill kr er overført til 2025.
Kommandobil Nordhordland brann og redning	2 000	0	2 000 Leveranse blir forskyve til 1.halvår 2025, og heile restbudsjettet på 2,0 mill kr er overført frå 2024.

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Kommunale vegar	6 384	526	5 858
			I 2024 har det berre vorte gjennomført eit prosjekt. Det er ferdigstilling av mur på Bøkevoll, der dei små detaljer har blitt ferdigstilt på starten av 2025. Plan om å asfaltere grusvegar måtte flyttast til asfaltsesongen for 2025 grunna problem med leverandør. Elles har kapasiteten på vegforvaltning gjort at vi ikkje kunne starta opp fleire prosjekt i 2024. Restbudsjett på 5,9 mill kr er overført til 2025 og planar for neste år er i gong.
Kommunehuset på Manger - kulturhus/ kino - rehabilitering	275	275	0
Leikeplassutstyr	1 130	1 043	87
			Ramme til løpande investeringar på leikeplassar i samarbeid med barnehagane som har behov. Restramme på 0,1 mill kr er overført til 2025.
Lindås barnehage	500	183	317
			Barnehagen er no i drift. Deler av midlar avsett i 2024 har vorte brukt til nytt gjerde mellom parkeringsplass og fylkesveg samt diverse oppgraderingar utebod.
Lindås Gravplass	1 580	1 247	333
			I 2024 har det pågått reguleringsarbeid, og reguleringsplanen skal til endeleg handsaming i februar 2025. Gjennomføringsmidlar ligg inne med oppstart i 2025 og hovudtyngd for gjennomføring i 2026.
Løe Alversund	447	0	447
Manger skole VA-anlegg	6 300	5 392	908
			Foreslått ut av øk.plan som prosjekt. Etablering av to stykk borehol frå Manger-skulen ned mot Mangerspollen, sanering av slamavskiljar og omkopling av ein tilknytning til slamavskiljaren. Lagt fram ny avløpsleidning til tilbygg på Manger skule. Var ferdigstilt hausten 2024 med 0,9 mill kr i mindreforbruk.
Manger skule VA-anlegg, vatn	1 500	925	575
			Etablering av ny vannleidning samt brannhydrant i området ved Manger skule. Lagt fram ny vannleidning til Manger skule tilbygg. Prosjektet var ferdigstilt haust 2024 med 0,6 mill kr i mindreforbruk.
Mindre tiltak avlaup 2024-2034	10 000	7 636	2 364
			I løpet av 2024 har mindre prosjekt avløp hatt fire prosjekt der dei største kostnadane har vore, og ein del mindre ferdigstillingar. Dei fire er: rehabilitering av leidningsnett Austmarka, Frekhaug sentrum auka av brannvannskapasitet (avlaup har blitt tatt med i heile traseen), utskifting av gammalt leidningsnett i Bøvågen, og nytt avlaupsanlegg på Holme. Totalt har vi nytta 7,6 millionar i 2024, og det resterande på 2,4 mill kr har blitt flytta til 2025.
Mindre tiltak vatn, 2024-2034	10 000	8 554	1 446
			I løpet av 2024 har det vore ca 10 prosjekt pågåande. Nokon prosjekt har vore mindre ferdigstillingar, mens andre har vore starta opp og gjennomført heile året. Det største prosjektet var auka av brannvannskapasiteten på Frekhaug. Det har no sikra brannvatn til eit område som har hatt veldig dårleg kapasitet. Vi har blant anna også reabilitert VA nettet i Austmarka, bygd nytt anlegg for vatn i samarbeid med utbygging av kollektivområdet for E39 på Flatøy og skifta ut eit større strekk gammalt leidningsnett i Bøvågen. Restbudsjett vert flytta over til 2025.
Mindre tomtekjøp og -sal/ grensejusteringar	2 000	2 638	-638
			Midlar nyttast til mindre tomtekjøp eller grensejusteringar etter behov. Har erverta offentleg areal til infrastruktur ved Haugen barnehage (ca. 1,5 mill), samt ervert av areal ved Lindås ungdomsskule, ref. ekspropriasjonssak med Opplysningsvesenets Fond. I 2024 har vi også 1,8 mill kr i inntekter for sal av tomter på Olsvollstranda. Inntektene kjem fram under sal av driftsmidlar i tabellane.
Mjåtveitstø Bufellesskap	8 846	7 765	1 081
			Prosjektet er tildelt og rammeløypet godkjent. Oppstart på byggeplass haust 2024, og forventast framdrift seier ferdigstilling i løpet av 2025. Restbudsjett på 1 mill kr er overført til 2025.

Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Kommentar
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Avlaups-del	300	331	-31	Prosjektet er snart ferdig prosjektert og forventa oppstart er hausten 2025. Må sjåast i samanheng med framdrifta i Nordhordlands-pakken og fylkesvegen mot Moldekleiv.
Moldekleiv - Fosse (NHP), VA-anlegg / Vatn-del	300	239	61	Prosjektet er snart ferdig prosjektert og forventa oppstart er hausten 2025. Må sjåast i samanheng med framdrifta i NH-pakken og fylkesvegen mot Moldekleiv. Restbudsjett på 0,1 mill kr er overført til 2025.
Mongstad Base, reinseanlegg og avløpsleidning	2 000	196	1 804	Nytt avløpsreinseanlegg/slamavskiljar og nye avløpsleidningar i tilknytning til reinseanlegget. Sanering av VA-trase fra sjø til plassering reinseanlegg: entreprenør valt. Konkurransen for etablering av reinseanlegg gjennomført i 2024, prosjektering og dimensjonering av reinseanlegg pågår. 1,8 mill kr i restbudsjett frå 2024 er overført til budsjett 2025.
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg / Avlaups-del	7 575	8 847	-1 272	Avløpsleidning med pumpestasjoner ifrå Myrvollane til Moldekleiv. Prosjektet starta opp i juni 2024. Prosjektet er forventa ferdigstilt i juni 2025. Overskriding i 2024 vil redusere budsjettet i 2025.
Myrvollane - Moldekleiv, VA-anlegg / Vatn-del	7 450	8 624	-1 174	Vannleidning ifrå Myrvollane til Moldekleiv. Prosjektet starta opp i juni 2024. Prosjektet er forventa ferdigstilt i juni 2025. Budsjettet for 2025 er redusert med overforbruket i 2024-rekneskapen.
Nettbrett skuleelevar	2 000	2 549	-549	Investeringar knytt til digitalisering av skulesektoren. Avsett sum vil bli brukt til innkjøp av utstyr til bruk for elevane i skulen. Overskriding i 2024 går til reduksjon av budsjetttramma i 2025.
Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur	1 045	836	208	Skulen har no vore i drift sidan haust 2021. Noko arbeid gjenstår knytta til utbyggingsprosjektet. Midlar avsett til dette og eventuelle utgifter i garanti- og reklamasjonsperioden. Det er avsett midlar tom. 2025.
Ny feiarbil	1 100	1 011	89	Prosjektet er ferdigstilt. Ny feiarbil vart levert februar 2024.
Nye brannbilar	7 100	5 670	1 430	Siste bil levert februar 2024. Nokre reklamasjonssaker gjer at noko av kjøpesum er halden tilbake inntil reparasjon/utbetring er gjennomført, og 1,4 mill kr av restbudsjett er overført til 2025.
Nye bustader rus og psykiatri	1 727	1 793	-66	Framdrift er avhengig av detaljreguleringsplan for BOP 3. Reguleringsprosessen har pågått i heile 2024. Midlar til gjennomføring må innarbeidast i økonomiplanen når mogleg framdrift er avklart.
Offentlege pålegg	351	294	57	Løpande prosjekt for diverse mindre tiltak knytta til offentlege pålegg.
Ombygging Biblioteket - Kommunehuset på Frekhaug	1 550	2 295	-745	Pågåande prosjekt, starta hausten 2024. Planlagt ferdig april/mai 2025. Overskriding i 2024 reduserar budsjettet i 2025.
Ombygging Lindås Bu og Servicesenter	21 381	41	21 340	Prosjektet er sett på vent i påvente av ny bustadplan, og restmidlar er ikkje overført.
Ombygging Meland sjukeheim - dagsenter	2 300	1 519	781	Arbeidet er ferdig og brukar er på plass. Gjenstår arbeid med montering av gjerde i hage. Dette arbeidet startar mars 2025. Restbudsjett på 0,8 mill kr er overført til 2025.
Ombygging Rossland skule	2 774	2 824	-50	Arbeidet er no ferdigstilt. Prosjektet fekk eit meirforbruk på 0,1 mill kr på grunn av uforutsette utgifter.
Oppussing Kvasten avlastingsbustad, ny del	400	297	103	Prosjektet utgår.
Planlegging Knarvik, nærsentra og byvekstprosjekt	2 200	1 563	637	Løpande midlar for overordna planlegging av Knarvik, byvekstprosjekt og nærsentra. Midlar vert nytta ved behov. I 2024 har deler av midlane blitt nytta til utomhusplan for idrettsanlegg Knarvik stadion.
Redningsbåt Brann	2 000	1 933	67	Brannbåten er levert etter plan og tatt i bruk.
Rehabilitering tak diverse kommunale bygg	10 000	8 881	1 119	I 2024 er det skifta tak på Knarvik ungdomsskule og Knarvik gamle barneskule. Restbudsjett på 1,1 mill kr er overført til 2025.

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr Kommentar
RIB og mulighetsstudie Manger	1 500	0	1 500 Dette prosjektet er tenkt som del av nytt prosjekt 21011 Samle Prestmarka barnehage i Solhall-bygget. Forum arkitektar er engasjerte som konsulentar, og det er forventa å utarbeide eit anbudsgrunnlag i løpet av april/mai 2025. Restbudsjett på 1,5 mill kr er overført til 2025.
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Avlaup	750	0	750 Det er avsett midlar til prosjektering samt oppstart med borehol for vatn og avløp i Hilland Vest i 2025. I tillegg leggst det til rette for tilknytning av nye bustader ved Vindkallen. Avløpet frå dette området må overførast sørover mot Knarvik. Restbudsjett på 0,8 mill kr er overført til 2025.
Rimmo - Dalen - Hilland VA-anlegg - Vatn-del	750	11	739 Det er avsett midlar til prosjektering samt oppstart med borehol for vatn og avløp i Hilland Vest i 2025. Restbudsjett på 0,7 mill kr er overført til 2025 i rebudsjettering.
Samlokalisering omsorgsbustader pluss - habiliteringstenesta	4 222	447	3 775 Prosjektforslag for samlokalisering av omsorgsbustader pluss vart vedtatt i kommunestyret hausten 2024. Prosjekterings- og oppstartskostnader ligg i økonomiplan. Det vert no jobba med å innarbeide arealet i kommuneplanens arealdel.
Sjukesignalanlegg - sjukeheimar	3 000	0	3 000 Sjukesignalanlegga på sjukeheimane viser seg å vera i dårleg stand og ha behov for utskifting og oppgradering. Arbeidet fram til no har dreia seg om utgreiing av behov, mens arbeidet er forventa å starte i 2025. Restbudsjett på 3 mill kr er overført til 2025.
Skilt kommunale bygg	500	0	500 Avtale tildelt Reklamehuset og forventa oppstart i 2025. I økonomiplan er opprinneleg ramme redusert og utvendig skilting av større administrasjonsbygg, helsebygg og skulebygg vil verte prioritert. Restbudsjett på 0,5 mill kr er overført til 2025.
Sykkelskap - miljøløftet	0	454	-454 Sykkelskap montert ved Knarvik terminal, Frekhaug terminal og kaien i Knarvik. Finansiert via Miljøløftet og momskompensasjon.
Såtabu - Ombygging til nytt pasientrom	1 000	173	827 Arbeidet er ferdig og bygget vart tatt i bruk februar 2025. Restbudsjett frå 2024 på 0,8 mill kr er overført til 2025 og nytta til ferdigstilling.
Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner	1 436	0	1 436 Ramme til å dekke behov for omstilling miljøtiltak. Det er store behov, men planlegging er i startfase, og restramme på 1,4 mill kr er overført til 2025.
Trafikksikringstiltak	500	36	464 Grunna pågåande arbeid med temaplan trafikksikring har det ikkje vore utført nokon fysiske investeringsstiltak i 2024. Vi avventar å nytte investeringsmidlar fram til godkjent plan ligg føre, slik at tiltak blir i samsvar med plan. Forventa ferdigstilling av plan er vår 2025, og arbeidet med planen følgjer gjennomføringsplanen. Restbudsjett på 0,4 mill kr er overført til 2025.
Universell utforming/ særlig tilrettelegging	3 533	3 676	-143 Budsjettramma har dekkja løpande behov for tilpassingar til universell utforming i kommunale bygg.
Utbetring tak kommunale bustader	1 862	0	1 862 Midlar i 2024 er ikkje nytta grunna kapasitet. Restbudsjett på 1,9 mill kr er overført til 2025, og det er planlagt utbetring på fleire bustader.
Utbygging WiFi og datanett kommunale bygg	2 800	640	2 160 Gjeld datakabling, WIFI og utskifting av utstyr i diverse kommunale bygg. Av restbudsjettet er 1,5 mill kr overført til 2025.
Utskifting og behov maskinar og utstyr	415	197	218 Prosjektmidlar som vert nytta til løpande behov maskiner og utstyr for teknisk forvaltning og drift. Restramme på 0,3 mill kr er overført til 2025.
Utstyr idrettsanlegg	474	104	370 Prosjekt for å dekke behov for løpande investeringar på utstyr til idrettsanlegg. Det er få del-prosjekt som tilfredsstiller krava til investering i 2024.
Utstyr Kultur	300	315	-15 Løpande post for diverse utstyr kultur.
Vetås - Storheim - Solheim, VA-anlegg, / Avlaups-del	338	18	320 Prosjektet ligg fram i tid. Ikkje behov for å overføre restmidlar.

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr Kommentar
Vetås - Storheim - Solheim, VA-anlegg, / Vatn-del	332	28	304 Prosjektet ligg fram i tid. Ikkje behov for å overføre restmidlar.
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Avlaups-del	100	101	-1 Planlagt frå 2027.
Vikebø - Fløksand - Vollo, overføring vatn og avløp / Vatn-del	100	96	4 Planlagt frå 2027.
Sum andre prosjekt	6 400	7 002	-602
Sum	310 174	207 465	102 708

Samfunnssikkerhet og beredskap

Alver kommune har i 2024 halde fram arbeidet med å styrke samfunnstryggleik og beredskap for innbyggjarane våre og næringslivet. Året har vore prega av både planlagt utvikling og uventa utvikling som følgje av den geo-politiske situasjon og endringar i klima tilhøve. Samfunnssikkerhet og beredskap har arbeida over eit breitt spekter av oppgåver, frå planverk og analyser til handtering av situasjonar. Planverk er revidert og endra etter omorganisering.

Arbeidet med Overordna-ROS forsette i 2024 og er planlagt slutført i 2025. Fokus er på å styrke og ta vare på evna til å fungere og løyse kommunale oppgåver ved kriser og hendingar.

Eksternt har Alver kommune deltatt i arbeid i/med og hatt tett dialog med Kommunens Sentralforbund (KS), Forsvaret, Politiet, Statsforvaltaren, IKT-NH, frivillige organisasjonar, andre kommunar og næringslivet. Kommunen har også delteke i regionale og nasjonale nettverk for samfunnstryggleik.

Alver kommune har i 2024 har hatt evne til å handtere utfordringar innan samfunnstryggleik og beredskap. Det gode samarbeidet mellom ulike aktørar har vore avgjerande, og me vil halde fram med å styrkja beredskapen for framtida.

For det kommande året vil samfunnssikkerhet og beredskap m.a. ha fokus på:

- Starte arbeid med nasjonale forventningar til kommunal medverknad for å oppretthalde grunnleggande nasjonale funksjonar.
- Vidare styrking av beredskap ved ekstremvær og klimaendringar.
- Forbetring av digital tryggleik og IT-beredskap
- Auka samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor.
- Revidering av beredskapsplanar og krisehandteringsverktøy basert på ros-analyser.
- Gjennomføre øvingar i kommunal regi.
- Informasjon og støtte i arbeid internt i organisasjon som er relatert til samfunnssikkerhet- og beredskapsarbeid i linja.

Personal og organisasjon

Årsverk

Årsverk totalt per sektor	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Årsverk bruk 2024	Avvik mellom budsjett og bruk 2024	Andel av totale årsverk
Organisasjon	77	73	74	70	4,0	3 %
Helse og omsorg	970	1032	1078	1030	48,0	47 %
Oppvekst	815	798	806	829	-23,0	38 %
Samfunnsutvikling	292	286	288	275	13,0	12 %
Sum kommunen (sektor 2-7)	2 154	2 190	2 246	2 203	42,0	100 %

Frå 2024 er lærlinger inkludert i budsjett 2024 og bruk 2024. Endringar som er gjort i samband med 1. og 2. tertialrapport er ikkje tatt med i årsverk for budsjett 2024.

Under organisasjon er det 4 årsverk som ikkje er brukt i 2024. Det er knytt til kommunedirektør m/leiargruppa, organisasjon stab, innbyggjarservice og kommunikasjon og økonomi. Alle avdelingane har 1 årsverk som ikkje har vore brukt i 2024.

Helse og omsorg har 48 årsverk som ikkje er brukt i 2024. Sjukeheimstenesta har brukt 20 årsverk mindre enn budsjettert, heimetenesta har brukt 12 årsverk mindre enn budsjettert. Begge tenesteområda har kjøpt tenester frå vikarbyrå og tatt inn ekstravakter for å dekke inn vakansar. Habilitering har brukt 8 årsverk mindre enn budsjettert og er knytt til endring i brukarsamansetning. Lege- og rehabiliteringstenesta har 5 årsverk som ikkje er brukt i 2024 og er i hovudsak knytt til at sjukeheimslegane er overført til sjukeheimstenesta. Nav har brukt 2 årsverk meir enn budsjettert som er knytt til prosjektstillingar.

Oppvekst har brukt 23 årsverk meir enn budsjettert. Dette er mellom anna knytt til auka bemanning i samband med opplæring og tilbod til barn og elevar frå Ukraina, etablering av barnehagetilbod og innføringstilbod for barn og elevar frå asylmottaket i Marøy. Per i dag er det opna ei ekstra avdeling i barnehagen på Bø og etablert innføringstilbod ved Hordabø skule og Radøy ungdomsskule.


Tenesteområde skule har hatt behov for å auke tal årsverk i løpet av året, knytt til behov for individuell tilrettelegging og skulemiljø.

Samfunnsutvikling har 14 årsverk som ikkje er brukt i 2024. Arealforvaltning har 3 årsverk, Drift og vedlikehald har 5 årsverk og Eigedomsforvaltning har 2 årsverk. Felles for alle tenesteområda er utfordringar med å rekruttere til fagstillingar. Plan og analyse har 2 årsverk som har vore vakant i 2024. Brann og redning har 1 årsverk vakant i 2024.

Likestilling

Likestilling og diskriminering

Å arbeide for heiltidskultur er eit viktig tiltak i eit likestillingsperspektiv. I Alver kommune utgjer kvinner ca. 80 % av alle tilsette i 2024, og om lag halvparten av alle tilsette i kommunen arbeider i Helse og omsorgssektoren. Statistikken for Alver kommune viser ein positiv trend med auke i talet på tilsette i 100 prosent stilling sidan 2020. Gjennomsnittleg stillingsstorleik i kommunen var 82,2 prosent i 2024, jf. PAI-statistikk. Andel heiltidsstillingar er høgare blant menn enn kvinner, med høvesvis 57,7 prosent og 54,9 prosent.



(Kjelde: HRM)

Heiltidsprosjektet som arbeidde systematisk med å bygge kunnskapsgrunnlag og identifisere tiltak vart avslutta hausten 2024, og tiltaka overført til drift. Døme på tiltak:

- **«Heiltidspraten»:** Ein årleg samtale med faste tilsette i deltidstilling, for å auke kunnskap og motivasjon for kompetanseheving og stillingsauke.
- **Jobbgaranti for helsefagarbeidarar:** dei som har læretida hjå oss vil kunne teikne ein avtale om 100 % fast stilling etter fullført utdanning.
- **Trainee:** studentar i vernepleie og sjukepleiarfaget som har jobba deltid i studietida får 100 % fast stilling der dei først jobbar som trainee.
- **Infomøte om pensjon:** årleg digitalt møte om pensjon for unge tilsette.

I 2024 var det 57 kvinner og 8 menn som tok ut foreldrepermisjon. Kvinner si gj.snittlege lønn i prosent av menn si lønn var 95,22 prosent i 2024. Skilnaden var størst blant leiarar og rådgjevarar.

KAPITTEL		Kvinner si gj.snittlege lønn i % av menn si lønn.
3	Toppleiing	76,33 %
	Avd.leiarar/tenesteleiarar	94,87 %
	Fagleiarar	97,51 %
5	Rådgjevarar	94,52 %
4	Ufaglærte	102,98 %

	Fagarbeidar	99,76 %
	Fagabeidar + fagskule	107,81 %
	3-årig U/Høgskule	97,85 %
	4-årig U/Høgskule	101,69 %
	5-årig U/Høgskule	99,33 %
	Lektor/Mastergrad	100,28 %
	Lektor m. tillegg	104,91 %
TOTAL:		95,22 %

(Kjelde: HRM Alver kommune)

Det er utarbeidd rutinar og retningslinjer som ligg tilgjengeleg i kvalitetssystemet og som saman med god opplæring skal sikre lik praktisering av t.d. tilsettingsprosessar, sjukefråværsoppfølgjing mm. Leiarkompetanse og rutinar for «tilsetting frå A til Å» bidreg til kunnskap og medvitenhet mtp. både likestilling og heiltidsproblematikk, i tillegg er det kontinuerleg behov for tiltak som styrkar slik kompetanse. Det pågår også anna arbeid i sektorane for å sikre likestilling og hindre diskriminering. Medviten bruk av språk, bilete, symbol, samt særskilt opplæring av «Kommune-Kari» på innbyggjarportalen er døme på slike tiltak. Flaggreglementet er styrande for Alver kommune si flagging på og ved kommunale bygg, anlegg og andre eigedomar, med både sameflagg, FN-flagg og regnbogeflagg.

I Alver kommune er det sett i verk enkelttiltak for å fremme likestilling og forebygge diskriminering, vidare er det behov for ei systematisk og kunnskapsbasert gjennomgang av risiko og vurdering av målretta tiltak. Prosjektarbeidet i den partssamansett gruppa som arbeidde med kartlegging vart på grunn av kapasitetsutfordringar satt på vent i 2024, som om følgje av omfattande omorganiseringsarbeid.

Etikk

Etikk handlar om dei verdiane som skal leie oss i vårt daglege arbeid, både når vi møter innbyggjarane våre, i beslutningsprosessar og i samarbeidet mellom oss som tilsette. Å fokusere på etikk er ein nøkkel for å sikre at kommunen er ein stad der innbyggjarane kan kjenne tillit. Alver kommune har etiske retningslinjer som skal rettleie folkevalde og tilsette i å handle etisk forsvarleg i sitt arbeid for kommunen. Etisk reglement er ein del av dokumentet «Politisk styringsstruktur og reglement» som vart vedteken i november 2023. Kommunen er også medlem av Transparency International.

Å arbeide systematisk med etikk er viktig, både for tilliten mellom innbyggjarar og kommunen og samt for kvaliteten på tenestene vi leverer. Det store endrings- og omstillingsarbeidet som har pågått gjennom heile 2024 har påverka kapasiteten til å iverksette fleire større prosjekter, og den overordna risikovurderinga av omstillingsprosessen har sett nye satsingar på vent. Det betyr ikkje at det ikkje skjer daglege refleksjonar og diskusjon rundt etiske dilemma, men at arbeidet ikkje er iverksett på ein systematisk måte i heile organisasjonen, slik vi gjerne skulle ønske.

Internkontroll


Internkontrollen i Alver kommune skal vere risikobasert. Derfor har hovudfokus i 2024 vore på opplæring i kartlegging og risikovurdering, både for å auke forståinga for tema og for å lære den tekniske løysinga i kvalitetssystemet.

- Det er gjennomført fleire «ROS-verkstadar» der arbeidsmiljøgruppene på avdelingane er invitert til opplæring i risikovurdering, først og fremst knytt til omstilling og HMS. Meir enn 300 risikovurderingar er i prosess og omlag 1/3 ferdigstilt.

- Bedriftshelsetenesta Salutis har ein lovpålagt rolle i HMS-arbeidet, og har bistått kommunen med utarbeiding av malar i risikomodulen.

Avvik og forbetningsarbeid

I året som har gått har det vore eit mål at tenestene skal bevege seg oppover den såkalla «avviks- og forbetringstrappa» som illustrerer modningsnivå på forbetningsarbeidet. Gjennom opplæring og kompetansebygging, både blant dei tilsette og leiarar, er målet å auke talet på meldte avvik og at desse vert følgt opp på ein god måte. I 2024 er det meldt inn 4 453 avvik. Det er 556 fleire enn i 2023.



(Kjelde: Kvalitetssystemet i Alver kommune)

Kvalitetssystemet er i stadig utvikling og har i 2024 om lag 2 200 rutinar og retningslinjer. Desse er fordelt på felles retningslinjer/rutinar som gjeld for alle tilsette, og sektorvise retningslinjer/rutinar pr sektor, tenesteområde og heilt ned til den enkelte avdeling. I 2024 vart det oppretta 225 nye dokument fordelt på alle sektorane.

Døme på sektorovergripande rutinar og retningslinjer utarbeidd i 2024:

- Omstillingshandbok
- Kommunikasjonsstrategi - Endring og omstilling 2026
- Retningslinje for sluttpakke
- Årshjul og prosess for budsjettrammer, behov for bygningsmessige tiltak og investeringar ved sektorane
- Kommunikasjon og handsaming ved planlagt eller uplanlagt nedetid på nett/strøm/telefoni
- Digital sikkerheit - Rutine for handtering av uønskte digitale hendingar
- Digital sikkerheit - Retningslinje for klassifisering, merking og lagring av informasjon
- Digital sikkerheit - Retningslinje for informasjonssikkerheit ved IKT-anskaffingar
- Opplæring for nye leiarar
- Digitaliseringsstrategi 2024-2029
- Beredskap i samband med streik

Årshjul

Alver kommune er pilot for den digitale årshjulsøysinga *Plandisc*, som har vist seg å vere eit svært nyttig verktøy. Årshjulet strukturerer, systematiserer og samordnar aktivitetar og skaper på den måten større grad av kontroll og forutsigbarhet for leiarar og tilsette. Det er til dømes utarbeidd eit eige årshjul for leiaraktiviteter som eit ledd i internkontrollen i kommunen.

Internkontroll for arkiv

I 2024 gjekk kommunen bort frå verktøyet arkivplan.no, og har systematisert dokumentasjon gjennom kvalitetssystem, systemet Ardoq og intranett. Arkivplanen er eit viktig internt styringsverktøy og arbeidsreiskap i dokumentasjonsforvaltning og arkivarbeidet. Arkivplanen gir ein oversikt over korleis dokumentforvaltning og arkiv er organisert, og gir bindande retningslinjer for handsaming av arkivverdig dokumentasjon i kommunen.

Overordna risiko og sårbarhetsanalyse

I 2024 er overordna ROS (risiko og sårbarhetsanalyse) i Alver kommune rullert. Overordna ROS gir eit heilskapleg bilete av kva utfordringar og risikoar kommunen kan stå ovanfor, og er eit viktig verktøy for å sikre at kommunen er godt forberedt på ulike typar hendingar/kriser.

Arbeidet vil forsette i 2025 ved at sektorane og andre relevante aktørar og samarbeidspartnarar vert involvert.

Informasjonssikkerheit og personvern

Det er gjennomført omfattande arbeid på tema informasjonssikkerhet og personvern, med særleg fokus på risiko, beredskap og bevisstgjerjing. Døme på aktivitetar og tiltak:

- Følgd opp tiltak frå digiROS 2023
- Fokuserert på risikostyring (her inkl. sikkerheit ved IKT-anskaffingar), og harmonisering av prosedyrar for handtering av uønskte digitale hendingar og avvik
- Øving for kommunedirektøren si leiargruppe m.fl. i tema digital beredskap
- Informasjons- og bevisstgjeringskampanje, samt utarbeida opplæringsmateriell knytt til informasjonssikkerheit og personvern.
- Gjennomført sikkerheitsmånaden i oktober og sikkerheitskonkurranse for å auke kunnskap.
- Systematisk arbeid med risiko- og personvernkonsekvensvurderingar knytt til ulike digitale løysingar som kommunen nyttar
- Kontrollert status av og utbetra ulike sikringstiltak

Arbeid med internkontroll er modningsarbeid, og arbeidet med informasjonssikkerhet og personvern har fått vesentleg større merksemd det siste året. Auke i tal på avvik på dette området kan tyde på at internkontrollarbeidet utviklar seg i positiv retning.

KF delegering

KF Delegeringsreglement er ei digital løysning for å delegere mynde, og systemet inneheld alle lovparagrafar som gjev kommunen mynde eller plikter. Det har gjennom 2023 og 2024 vore gjort ein systematisk gjennomgang av alle lovparagrafar og knytta dei opp mot sektorar og ansvarsområde i kommunen.

Juridisk kvalitetssikring

Kommuneadvokatkontoret har ei viktig rolle i internkontrollarbeidet gjennom rådgjeving og juridisk kvalitetssikring av sakshandsamingsprosessar og rutinar, retningslinjer og reglement.

Kurs og opplæring

- Leiarutviklingsprogrammet
- HMS-kurs for leiarar
- HMS grunnkurs (40 t) for verneombod og rep. i Arbeidsmiljøutval
- ROS-verkstader
- Handtere vald og trugslar
- Digitale frukostmøter ein gong i månaden med viktige tema som er relevant for leiarar

Tilsyn:


- Arbeidstilsynet: HMS i helse og omsorgsektoren
- Arbeidstilsynet: innkjøp

System for å klage på service

Som eit ledd i det kontinuerlege forbetningsarbeidet er det etablert ordning for serviceklagar. Føremålet med ordninga er at tilbakemeldingane frå brukarane (innbyggjarar og samarbeidspartnarar) skal styrke brukardialogen og gi kommunen høve til forbetring. Systemet er etablert i samarbeid med representantar for dei tillitsvalde. I 2024 har det komme inn 11 saker fordelt på ulike sektorar.

Sjukefråver

Det registrerte sjukefråværet i kommunen var i 2024 på 11,7 prosent. Dette er ein auke på 1,1 prosentpoeng frå året før. Det er langtidsfråværet som aukar, medan korttidsfråværet er redusert.



(Kjelde: HRM, Alver kommune)

Sektor helse og omsorg har det høgaste fráværet med 13,6 prosent, ein auke frå 12,1 prosent i 2023. Det er ein auke i sjukefráværet i alle sektorane, men unntak av sektor Organisasjon som har ein nedgang til 6,2 prosent i 2024.

Sjukefráværet har auka til tross for systematisk fokus på førebyggjande sjukefráværarbeid. Gjennom prosjektet «Best i lag!» har meir enn 300 leiarar, tillitsvalte og verneombod fått opplæring for å styrke partssamarbeidet og det førebyggjande sjukefráværarbeidet ute i avdelingane.

Det er også gjennomført egne prosjekt for å redusere sjukefrávær i sektorane, til dømes i barnehage.

Hausten 2024 vart det inngått ein strategisk samarbeidsavtale med NAV som legg til rette for enno tettare og meir systemtisk samarbeid enn tidlegare, og sykefraværsoppfølging er prioritert satsingsområde.

Oppfølging av vedtak og oppdrag

I budsjettvedtaket for 2024 vedtok kommunestyret 21 verbalpunkt i tillegg til sjølve vedtaket om økonomiske rammer for drift og investering. Nedanfor følger status per 31.12.2024 på desse vedtakspunkta.

Status verbalpunkt

Verbalvedtak

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
01. Organisasjonsprosjekt	Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med forslag til kutt i utgifter på minst 150 millionar, og ber om at dette vert levert seinast innan juni 2024. Kommunestyret viser til evaluering av organisasjonsprosjektet, med leveranse februar 2024, og vil arbeide vidare med økonomiplan 2025-2028 og konkrete forslag til tiltak etter levering av dette prosjektet. Kommunestyret ber om at det vert bestilt ein rapport frå PwC med konkrete forslag til tiltak som samsvarar med utfordringsbilete på tenestenivå, og at denne vert bestilt som ei oppfølging av evaluering av organisasjonen.	Iht. plan	PwC si evaluering av organisasjonsstruktur i Alver kommune vart presentert for formannskapet i februar 2024. Påfølgande delrapportar for helse og omsorg og oppvekst, vart presentert for kommunestyret 19. juni 2024. Rapportane peikar på innsparingstiltak i begge sektorane.
02. Økonomisk rapportering	Kommunestyret ber om at formannskapet får månadlege rapportar om den økonomiske situasjonen. Kommunedirektøren får i oppgåve å utforme eit rapporteringssystem. Kommunestyret ber om at dette vert innarbeida i økonomireglementet for Alver kommune	Ferdig	Økonomisk rapportering er planlagt kvar månad der er formannskapsmøte tilpassa månadslett. Første rapportering var for februar 2024. Formatet for rapporteringa er noko forenkla i forhold til tertialrapportane. Kommunedirektøren gjennomfører intern rapportering dei månadane det ikkje er tilpassa formannskapsmøte å rapportere i. Økonomireglementet blei oppdatert i desember 2024 med eit punkt om hyppigare rapportering enn tertialvis rapportering.
03. MOT-programmet	Kommunestyret ber kommunedirektøren komme attende med ei sak med forslag til tiltak i skulen som alternativ til MOT-programmet.	Forsinket	Det har diverre ikkje vore kapasitet til å prioritere arbeid med dette tiltaket i 2024. Tiltaket blir svart ut i løpet av våren 2025.
04. Region Nordhordland	Kommunestyret ber om å få ei oversikt over kva oppgåver Region Nordhordland løyser i dag. Kommunestyret ber om ein sak der ein sjå på kva oppgåver Regionrådet løyser i dag og kva oppgåver kommunen kan løysa sjølv i ht. drift og vedtekne kommunale planar (t.d. Samfunnsplan, Strategisk næringsplan m.fl), inkludert økonomiske aspekt ved dette.	Iht. plan	Oversikt over oppgåver som løysast av Region Nordhordland kan sjåast her: https://regionnordhordland.no/ArbeidsomradeNår det gjeld oppgåvedeling, vert dette å kome attende til.
05. Interkommunale samarbeid	Kommunestyret ber om ei oversikt over kva oppgåver som	Iht. plan	Sjå note 13 til årsrekneskapen kor det kjem fram Alver kommune sitt engasjement i interkommunale samarbeid. Her

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	vert løyst i interkommunale samarbeid.		kjem det også fram utgifter og inntekter til nokre av dei mest sentrale interkommunale samarbeida.
06. Bruk av vikarbyrå	Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak til handsaming innan juni 2024 som utgreier korleis bruken av vikarbyrå i helse og omsorg kan reduserast.	Iht. plan	Sjukeheimstenesta og heimetenesta har arbeidd med oppgåvedeling, kvalitet, samhandling, tidsbruk og kostnader. Rett kompetanse på rett stad og til rett tid. Dei har starta med sjukepleiarteam på Knarvik sjukeheim. Dette har ført til at behovet for innleie av sjukepleiarar har vore minimal ved denne sjukeheimen. Det vert jobba vidare med dette gjennom KS-prosjektet TØRN, der vi deltek med sjukeheim og heimetenesteavdelingar. Heiltidskultur er ein viktig del av dette.
07. Heiltidskultur	Kommunestyret ber om å få framlagt status på prosjekt heiltidskultur.	Ferdig	Prosjekt heiltidskultur vart avslutta i august 2024. Sluttrapport er lagt fram som sak til Administrasjonsutvalet som er styringsgruppe for prosjektet 04.09.24, samt som meldingssak til kommunestyret 19.09.24.
08. BUA	Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med sak om utviding av tilbodet BUA. Saka skal vise kostnad og mogleg lokalisering. Kommunestyret meiner at ein må vurdere Lindås som lokalitet for tilbodet, og ber om at saka er utgreid i samband med økonomiplanprosess for budsjettåret 2025.	Iht. plan	Har brukt hausten 2024 til detaljplanlegging, søknadar og avklaringar. Vert ferdigstilt vår 2025.
09. Innkjøpsstrategi	Kommunestyret viser til innkjøpsstrategi Alver kommune 2022-2025, vedtatt i kommunestyret 07.04.2022 og delmål 3; Alver kommune ønskjer å bidra til å utvikle det lokale næringsliv gjennom sitt innkjøpsarbeid. Kommunestyret meiner ein skal utnytte handlingsrommet i delmål 3 for å kunne nytta seg av lokale verksemdar for kjøp av varer til bruk i undervisning og som aktivitetsprodukt i omsorgsarena med meir.	Iht. plan	Alver kommune er tilslutta rammeavtale for formingsmateriell gjennom innkjøpsamarbeidet med Bergen kommune. Det er ikkje mogleg å trekkja varegrupper eller enkeltvarer ut frå denne rammeavtalen. Avtalen er juridisk bindande og kommunen må halde seg til denne. Det bør også nemnast på generelt grunnlag at unntak og/eller oppsplitting av avtalar kan gjere arbeidskvardagen for tilsette som bestiller varer vanskelegare. Det er svært mange tilsette som legg inn bestillingar på vegne av kommunen, og dei fleste gjer desse oppgåvene for sjeldan til å kunne handtera eit uoversiktleg avtalebilette. Feilbestillingar er ei kjelde til ekstra arbeid både for kommunen (innkjøp, rekneskap og bestillaren) og for leverandørane våre. Eit alternativt tiltak, som vi følgjer opp, er å i større grad invitara lokale leverandørar til konkurransar kommunen ikkje er lovpålagt å utlyse, der dette er mogleg og formålsteneleg. For varer eller varegrupper der kommunen ikkje har avtale og skal gjennomføre kjøp under kr 100 000, oppmodast bestillarar til å kontakte lokale leverandør der dette er mogleg.
10. Bergensavtalen	Kommunestyret bed om at det blir tatt ein gjennomgang av Bergensavtalen, særleg med tanke på korleis ein kan arbeida for billegare innkjøp og fleksibilitet for å handla meir lokalt for å stimulera lokalt næringsliv. Ein bed om at dette kjem opp som eiga sak til formannskapet og næringsutvalet.		Alver kommune skal halde fram med å arbeide for at rammeavtalane vi sluttar oss til inneheldt dei produkt og/eller tenester kommunen treng, slik at kommunen får dekt sine innkjøpsbehov lovleg, effektivt og rimeleg. Ved kvar enkelt henvending om tilslutning til ein avtale via innkjøpsamarbeidet vert det tatt ei grundig vurdering på om kommunen bør slutta seg til eller ikkje. Innkjøpsstrategiens delmål 3 om at Alver kommune ønskjer å bidra til å utvikle det lokale næringsliv gjennom sitt innkjøpsarbeid, er ein viktig del av denne vurderinga. Fleksibilitet i form av unntak for ei eller fleire varegrupper, produkt eller tenester vil vatna ut rammeavtalane og totalt sett kunne føra til dyrare innkjøp. Det er lite truleg at Alver kommune vil kunne oppnå lågare totalprisar ved å inngå eigne avtalar. Alver kommune har heller ikkje ressursar til å gjennomføre eller administrere eit auka antal anskaffingar og avtalar. Vidare vil eit ønske om

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			auka fleksibilitet også kunne vatna ut innkjøpssamarbeidet. Dersom ein anna kommune i samarbeidet ønsker å fjerne eit varegruppe i ein kommande rammeavtale, kan heller ikkje Alver kjøpa desse varene. Det er difor viktig at det ikkje vert ein «unntakskultur» i innkjøpssamarbeidet som slår fot på dei felles interessene som ligg til grunn for samarbeidet.
11. Gamle Alversund skule	Kommunestyret ber om at det i dialog med Alver Tomteselskap vert gjennomført ein mogelegheitsstudie om gamle Alversund skule kan byggjast om til bustadar. Dette kan vere ei blanding av bustadar for sal og spring-brettbustadar. Mogelegheitsstudiet må også drøfte bruk av basseng og gymsal. Bakgrunn er den anstrengande bustadsituasjonen og finansieringsmoglegheiter for personar som skal inn på bustadsmarknaden. Det er også ein berekraftig og miljømessig god måte å bruke eldre bygg på.	Iht. plan	I strategisamling den 13 juni fekk formannskapet status for begge verbalpunkt knytt til Alversund samla i eit notat. Konklusjon i notatet er at kommunedirektøren tilrår difor eit plansamarbeid mellom Alver kommune og Alver tomteselskap om regulering og utvikling av området, med følgjande tilrådingar: Det ligg svært godt til rette for ei utvikling av nye sentrumsformål som offentleg tenesteyting, næring og bustad i Alversund. Kommunen sitt basseng og fotballbane på gamleskulen kan ikkje flyttast/leggjast ned før ein har erstatta tilbodet ein annan stad, men dette står ikkje i vegen for at ein kan regulera området. Ein må kartleggje kva framtidige arealbehov kommunen sine ulike tenesteområde kan ha i området, og sjå på ulike moglege positive synergjar. Arbeidet bør samordnast med den pågåande bustadplanen. Mulighetstudie for Alversund sentrum bør leggast til grunn for ei detaljregulering. Det bør utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap om reguleringsarbeidet der Alver kommune er planeigar. Reguleringsarbeidet kan ha oppstart hausten 2024 etter at kommuneplanen sin arealdel er på 1. gangs høyring. På grunn av arbeid med kommuneplanen sin arealdel og andre store reguleringsplanar er arbeidet ennå ikkje starta, dette vil bli prioritert når kommuneplanen er på høyring.
12. Geco-tomten	Arbeidet med reguleringsplan for Geco-tomten i Knarvik og området rundt må startast, og kommunestyret ber tomteselskapet om å gjera dette.	Iht. plan	Kommunestyret har fatta følgjande vedtak i saka 20.02.2025, sak 14/2025: Kommunedirektøren får fullmakt til å legge Kvassnesvegen 29/39 ut for sal og får fullmakt til å framforhandle ei avtale som også kan sikre det offentlege sitt framtidige behov. Endeleg avtale skal godkjennast av kommunestyret.
13. Alversund skule	Arbeidet med omregulering for gamle Alversund skule må startast med sikte på sal.	Iht. plan	Sjå tilbakemelding under punkt for game Alversund skule.
14. Tilsetjingskontroll	Kommunestyret ber om at streng tilsetjingskontroll vert oppretthalde til anna vedtak vert gjort. Formannskapet skal haldast orientert fortløypande.	Iht. plan	Det er gjennomført streng tilsettingskontroll i organisasjonen. Tilsettingskontrollen har vore eit viktig verktøy i omstillingsprosessen, særskilt innafor helsesektoren, og gjort omstillingsprosessen i sektorane lettare.
15. Sherpatrapp	Kommunestyret ber om at det vert utgreia å byggje Sherpatrapp til Eldsfjellet i nordhordlandsk gråsteinmuring med intern og/eller lokal kompetanse og med tilbod om kursing for interesserte.	Ikke startet	Sherpatrapp - tradisjonsmur. Har vore undersøkt etter tradisjonsmurarar. Marknaden viser ikkje at det er moglegheiter å levere på eit slikt oppdrag. Vert undersøkt vidare framover, med kombinasjon av tiltak i stein og tre.
16 Kunstig intelligens	Alver kommune skal prøva ut teknologi med kunstig intelligens for å redusera kostnader innanfor relevante område, t.d. planlegging av vaktlister, kjøreruter, osb. og bed om at det blir framlagt ei sak på dette til levekårsutvalet og kommunestyret (og evt. formannskapet, for økonomisk vurdering).	Iht. plan	Alver kommune er i gang med å teste ny løysing for turnusplanlegging basert på kunstig intelligens (KI) frå leverandør. I tillegg er det planlagt innføring av kunstig intelligens for journalføring av konsultasjon for legar. Det er aukande tilgang på tenester som kan effektivisere administrativt arbeid for kommunen, og strategi for bruk av generativ KI er under utvikling for å avklare korleis generativ KI best kan utnyttast i kommunen. Sikkerhetsorganisasjonen har samstundes utarbeidd retningslinje for sikker bruk av

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			kunstig intelligens, og denne er under implementering i kommunen.
17. Regionalt kulturhus	Kommunestyret ber kommunedirektør etablere ei arbeidsgruppe i samarbeid med Alver Kulturråd med mål om å realisere et regionalt kulturhus på sikt, og i samarbeid med næringslivet og andre som t.d. Vestland fylkeskommune. Arbeidsgruppa skal også identifisere moglege lokasjoner for kulturhuset i regionsenteret Knarvik. Då dette er eit langsiktig arbeid, ber kommunestyret om å bli halden orientert om prosjektet.	Iht. plan	Alver kulturråd si kulturrådsgruppe har jobba i 2024, og kommunen har hatt tett dialog. Alver kommune spelte inn til Vestland fylke om nybygg i Knarvik og sambruk i samband med tilbodsstrukturplan, i tråd med vedtatt kulturpolitikk i Alver. Nybygg i Knarvik vart ikkje prioritert i nemnte plan. Det har vore dialog med aktørar i kultur- og næringsliv i løpet av året. Mogleg justering av oppdrag kan vere naudsynt.
18. Bank, finans og forsikring	Bank, finans og forsikring skal gjennomgåast og setjast ut på anbod.	Ferdig	Bank, finans og forsikring skal gjennomgåast og setjast ut på anbod. Alver kommune har hatt dei største områda innan finans på anbod i mange år. Banktenester vart sist ute på anbod i 2023. Kommunen har og hatt anbodsrunder på gjeldsforvaltningstenester, og gjeldande gjeldsforvaltar bistår kommunen med innhenting av tilbod på lån ved kvart låneopptak, både nye lån og refinansiering. Kommunen hadde og i 2023 anbod på forsikringsmeklartenester. Forsikringsmeklaren vil i samarbeid med kommunen kvart år vurdere behov for nye anbod på sjølve forsikringsporteføljen. Plassering av midlar til langsiktig forvaltning var ute på anbod i Lindås kommune i 2019, og dette er vidareført i Alver kommune. Grunna likviditetssituasjonen til kommunen vil det ikkje vere aktuelt med ny anbodsrunder på dette med det første, då kommunen i 2024 eller 2025 må overføre dei langsiktig plasserte midlane til ordinære bankinnskott for finansiering av løpande drift.
19. Digitalisering	Digitalisering må ha eit høgt fokus i organisasjonen, og ein må ta sikte på å unngå dobbeltarbeid i alle ledd (t.d. først manuelt arbeid som sidan blir ført inn digitalt).	Iht. plan	Kommunen har dei siste åra gjennomført omfattande oppgradering av kritisk digital infrastruktur som støttar alle tenesteområde, samt implementert ein tydelegare strategi på innføring av digitale løysingar og tenester. Nytt sakssystem, ny skjemaløysing og ny løysing for arkivering er nokon av nøkkelkomponentane i dette, i tillegg til robotløyser. Det er no mogleg å lage fulldigitale prosessar både mot innbyggjarar, næringsliv og internt, noko som vil effektivisere drifta. Kommunen skal ta i bruk nytt journalsystem for helse og omsorg som vil løfte kommunen på høgaste nasjonale nivå for journalløysingar i kommunal sektor. Kor raskt dette arbeidet kan gjennomførast og nye løysingar utviklast og rullast ut er avhengig av tilgjengeleg kapasitet i organisasjonen.
20. Ideelle aktørar	Når det er trong for nye tenester, skal kommunedirektøren vurdere om dette er noko ein kan setja ut til andre private eller ideelle aktørar, i staden for å auka den kommunale organisasjonen.	Iht. plan	Dette er eit tiltak som er aktuelt å vurdere ved fleire høve enn nye tenester. Vi ser på det i samband med organisasjonsprosjektet, spesielt knytt til Helse og Omsorg og kultur. Punktet vert løpande følgt opp.
21 Omsorgs-/eldrelandsby	I løpet av perioden skal ein starta arbeidet med å sjå på bygging av ein omsorgs-/eldrelandsby i Alver som tiltak for å styrkja eldreomsorga.	Iht. plan	Er tatt inn i arbeidet med bustadplanen.

Finansrapport

Grunnlaget for rapportering av finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen

Grunnlaget for kommunen sin finansforvaltning har heimel i kommunelova med forskrifter og Kommunaldepartementet sin vegleiar til forskrifta publisert 20. mai 2020.

Kommunelova § 14-1 tredje ledd seier at:

«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»

I § 14-13 står det så lista opp lovkrava knytt til kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning. Desse er:

- *Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen i å ta vesentlig finansiell risiko og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*
- *Dersom det avdekkes avvik frå finansreglementet, skal det iverksettes nødvendige tiltak.*
- *Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, i tillegg til rapport ved utgangen av året som viser status og utviklingen gjennom året.*
- *For kommunen inngår avtaler, skal den dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikke innebærer vesentlig finansiell risiko i strid med § 14-1 tredje ledd.*

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner av 18.11.2019 gjeldende frå 01.01.2020 inneheld:

- *§ 6. Krav til innholdet i finansreglementet*
- *§ 7. Krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinene for finans- og gjeldsforvaltningen*
- *§ 8. Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget*

Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret skal innehalde ei beskriving og vurdering av kommunen sin finansielle risiko og avkastning, holdt saman med måla og krava i finansreglementet. Rapportane skal også innehalde ein beskriving og vurdering av eventuelle vesentlege endringar i marknaden og i kommunens finansielle risiko. Rapportane skal også opplyse om eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, og korleis avvika er handtert.

Rapportane skal:

1. vise korleis dei finansielle midlane er sett saman og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av midlar.
2. vise korleis dei finansielle forpliktingane er sett saman og verdien av dei, både samla og for kvar gruppe av forpliktingar.
3. opplyse om dei finansielle forpliktingane si løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader.
4. opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunens eigne rentevilkår.
5. opplyse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om.

Basert på føresegnene i den nye kommunelova og den nye forskrifta gjeldande frå 1. januar 2020 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020 publisert ein vegleiar til finansforskrifta.

Vegleiaren definerer finansielle midlar slik at desse ikkje omfamnar investeringar i selskap der kommunens eigarskap har eit breiare samfunnsmessig formål eller kor kommunen har skilt ut verksemd i egne selskap. Det vil seie at det ikkje er krav om at finansreglementet skal innehalde regler for slike engasjement og forvaltninga av eigarskapet til slike aksjar og andeler. Det er såleis heller ikkje grunnlag for at finansrapporten skal kommentere denne type investeringar.

Alver kommune oppdaterte sitt finansreglementet er oppdatert med krav etter nye forskrifter, og vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020.

Vurdering av finansiell risiko og avkastning av likvide midlar

Alver kommune sin finansielle risiko vert vurdert som lav både når det gjelder forvaltning av midlar og forvaltning av gjeld. Kommunen har god likviditet, og har per 31.12.2024 finansielle midlar på 575,8 mill. som er plassert innanfor det som skal rapporterast som del av finansforvaltninga. Av dette er 404,7 mill. kr eller 70 % bankinnskot, 30,3 mill. kr er kortsiktig plassering i fond, og 140,8 mill. kr er langsiktig plassering av midlar berekna for driftsføremål.

Midlar regulert i finansreglementet (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2024	Endring i 2024	Andel av total 31.12.2024
Kasse og bankinnskot	412 660	404 670	-7 990	70 %
Verdipapirfond	68 009	30 324	-37 685	5 %
Sum kortsiktig plassering	480 669	434 994	-45 675	76 %
Midlar til driftsformål plassert langsiktig	128 055	140 845	12 790	24 %
Sum midlar berekna for driftsføremål	608 724	575 839	-32 885	100 %

Kortsiktig forvaltning

Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar

I samsvar med finansreglementet av 29. oktober 2020 kap. 6 har Alver følgjande plasseringsalternativ knytt til forvaltning av ledig likviditet knytt til driftsformål:

- Innskot i bank
- Andelar i pengemarknadsfond

I løpet av året 2024 og per 31.12.2024 har Alver kommune midlar plassert i bank og har andelar i pengemarknadsfond.

Bankinnskot

Tabellen viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plassert i bank. Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik i løpet av 2024:

Kasse, bankinnskot (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2024	Endring i 2024
Kasse	136	74	-62
Bankinnskudd	412 524	404 596	-7 928
Sum	412 660	404 670	-7 990

Andre plasseringar

Plassering av ledig likviditet berekna til driftsformål (tal i 1000 kr)	Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2024	Endring i 2024
Aksjar og andelar	-	-	-
Sertifikat	-	-	-
Verdipapir	68 009	30 324	-37 685
Sum	68 009	30 324	-37 685

Midlane er plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort likviditet B. Kommunen har seld verdipapir for 40,0 mill. kr i 2024 og har ein avkastning/rente på 2,3 mill. kr, derfor reduksjon på netto 37,7 mill. kr.

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

Bankinnskot

Samla er det i 2024 bokført 22,0 mill. kr i renteinntekter frå bankinnskot. Alver kommune sin gjennomsnittlege rentesats på innskot i 2024 har vore 5,28 %, mot 4,79 % i 2023. Kommunen sin bankavtale seier at rentesatsen på kommunen sine bankinnskot skal vere 3 mnd. NIBOR rente pluss eit avtalt påslag.

Gjennomsnittleg NIBOR i 2024 har vore 4,72 %, opp frå 4,16 % i 2023. Ved årets utgang 31.12.2024 er 3 mnd NIBOR på 4,68 %, ned frå 4,73 % per 31.12.2023.

Pengemarknadsfond

Alver kommune har per 31.12.2024 plassert 30,3 mill. kr i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet B. Fondet endra namn frå PLUSS Kort Likviditet II til Pluss Kort Likviditet B i 2024.


Informasjon om fondet:

«Fondets målsetting er å gi andelseierne høyst mulig avkastning i forhold til den risikoen fondet tar. Fondet investerer kun i obligasjoner og sertifikater med kort løpetid, utstedt av stat, fylkeskommuner, kommuner, kredittforetak, bank og forsikringsselskap, samt bankinnskudd. Fondet har en lav kredittrisiko og gir 20% risikovekt ved beregning av pensjonskasser og forsikringsselskapers kapitaldekning. Porteføljens rentefølsomhet skal ikke overstige 0,5 år. Dette innebærer at en endring i rentenivået på ett prosentpoeng kan medføre en endring i fondets kurs på inntil 0,5%. Fondet investerer i verdipapirer med forfall eller renteregulering innen 12 måneder. Fondet er et UCITS-fond, og kan kun

investere i Investment Grade papirer i tråd med Verdipapirfondenes Forenings bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.»

Avkastning på fondet var i 2024 på 2,3 mill. kr som inneber ei gjennomsnittleg avkastning på 5,3 %.

Historisk avkastning på Pluss likviditet B:



Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom Alver kommune sitt finansreglement og faktisk forvaltning i 2024.

Langsiktig forvaltning

Kommunen har langsiktig forvaltning av midlar berekna for driftsformål.

Plassering i DnB Asset Management

I oktober 2018 plasserte Alver kommune 100 mill. kr i finansmarknaden i samsvar med vedtak i kommunestyret. DNB Asset Management ble vald leverandør, og midlane ble plassert oktober 2018. Det ble vald en plassering med lav/ moderat risikoprofil, i samsvar med finansreglementet for den gang Lindås kommune. Plasseringa er i samsvar med finansreglementet for Alver kommune.

Aktiva	Minimum	Normal	Maksimum
Eigenkapitalbevis i norske sparebankar og aksjar	0 %	25 %	35 %
Obligasjonar	0 %	0 %	70 %
Sertifikat	0 %	0 %	70 %
Rentefond	0 %	75 %	100 %
Bankinnskot	0 %	0 %	100 %

Oversyn over plasserte midlar og endring i marknadsverdi:



Utvikling i marknadsverdi og avkastning (tal i 1000 kr)	Verdi
Innbetalt kapital	100 000
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.12.2023	128 055
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.12.2024	140 845
Endring	12 790

Oversikt over faktisk forvalta kapital og avkastninga:

Portefølje (tal i 1000 kr)	Markedsverdi per 31.12.23	Markedsverdi per 31.12.24	Vekt per 31.12.24	Avkastning 2024	Prosent avkastning
Bankkonto for belastning av honorar	376	283	0,20 %	17	4,61 %
Rentebærende papirer	98 264	104 767	74,38 %	4 591	4,70 %
Aksjer og diverse	29 415	35 795	25,41 %	8 181	27,59 %
Totalt Forvaltet Kapital	128 055	140 845	100,00 %	12 789	9,99 %

Når det gjeld renteberande papir i oversynet over, vil grensene for rentefond i finansreglementet gjelde, då midlane er plassert i fonda DNB Obligasjon E og DNB Likviditet D. Begge desse er fond og det er derfor ikkje ein direkteinvestering i enkeltobligasjon. Alver kommune har ingen direkte investeringar i enkeltobligasjonar gjennom DNB Asset Management.

Avkastninga opp mot referanseindeks er vist nedanfor for dei siste 12 mnd:



Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Forvaltning av gjeldsportefølje

Opptak av nye lån i 2024

Det er i 2024 teke opp lån på 100 mill. kr til vidare utlån (formidlingslån/ startlån) gjennom Husbanken, og det er teke opp lån til kommunale investeringar (inkl. Vatn-og avløp) på kr 210 mill. I tillegg er det gjort refinansieringar av diverse lån. Det er i løpet av året betalt avdrag med til saman 137,5 mill. kr. Av dette er 110,1 mill. kr avdrag på lån til generelle investeringar og VA, og 27,4 mill. kr. er avdrag på formidlingslån.

I tillegg til opptak av nye lån er det totalt teke opp nye lån i året på 1 485,3 mill. kr til refinansiering av eksisterande lån. Dette inkluderer kortsiktige sertifikatlån på 3, 6 eller 9 månader som det kan vere trong for å refinansiere fleire gangar i året.

Samansetjing og verdi av låneporteføljen

Summen av alle låna hos dei einskilde bankane, fordelt på formidlingslån/startlån og andre lån:

Fordeling av langsiktig gjeld per kreditor: (tal i 1000 kr)	Gjeld per 31.12.2023	Gjeld per 31.12.2024	Endring 2024
Lån i bank:			
Husbanken	762 390	0	-762 390
KLP kommunekreditt	67 860	0	-67 860
Kommunalbanken	1 366 094	0	-1 366 094
Anna gjeld til kredittinstitusjonar	234	0	-234
Verdipapirlån:			
Danske Bank			0
DnB markets	749 000	0	-749 000
Sparebank1 Markets	80 000	0	-80 000
Swedbank	255 264	0	-255 264
SEB Markets	515 500	0	-515 500
Kommunens samlede lånegjeld	3 796 342	0	-3 796 342
Endring- opptak av nye lån:	304 000	310 000	
Endring - betalte avdrag i år:	133 403	137 512	

Alver kommune sin låneportefølje har ein vektgjennomsnittrente på 4,33 % per 31.12.2024. Dette er ein auke frå tilsvarande tal på 4,06 % per 31.12.2023. Gjennomsnittleg rentebindingstid på gjeldsporteføljen er 0,98 år per 31.12.2024. Tilsvarande tal per 31.12.2023 var 0,73 år. Låneporteføljen har ein gjennomsnittleg kapitalbindingstid på 5,51 år. Sjå vedlagte gjeldsrapport per 31.12.2024 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM) for meir detaljert informasjon om kommunen sin gjeldsportefølje.

Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

I Kommunalbanken var den flytande PT-renta per 31.12.2024 på 5,35 %. Kommunen sin gjennomsnittrente er såleis 1,02 % lågare enn dette.

Faktisk forvaltning i forhold til rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål er som nemnt ovanfor utelukkande plasserte i norske bankar, eller i pengemarknadsfond som kun plasserer i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån. Gjelda til Alver kommune er utelukkande tatt opp i norske bankar, Husbanken og Kommunalbanken, samt noterte obligasjonslån og sertifikatlån.

Ser ein desse to gruppene i samanheng er derfor renterisikoen låg. Aukar p.t. renta for gjelda, vil vi også få høgare renteinntekt for dei plasserte midlane som dekker opp for noko av renteauken.


Alver kommune er utsett for låg finansiell risiko når det gjeld midlar berekna til driftsføremål. I 2017 var det ein endring i samansetninga då Lindås kommune per august 2017 plasserte 60 mill. kr i pengemarknadsfondet Pluss Likviditet B. Fondet har låg risiko. I 2024 vart 40 mill. kr. av pengemarknadsfondet seld for å vareta god likviditet.

PLUSS Likviditet B er et alternativ til bankinnskott og anna plassering av overskotslikviditet for andelseigarar som plasserer store beløp i pengemarknaden. Fondets stabile avkastning gjer det spesielt anvendeleg for plassering av kortsiktig likviditet. Fondet har 50 mill. kr som minimumsinnskott. Fondet har en lav risikoprofil, og stiller meget strenge krav til soliditeten i dei aktuelle plasseringsobjekt, og tilfredsstiller Finanstilsynets regler om 20 prosents kapitalvekting for pensjonskasser. Fondet plasserer dermed kun i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån.

Pengemarknadsfondet plasserer pt. kun i verdipapir utstedt av bank og bankinnskott. Porteføljens rentefølsemd skal ikkje overstige 0,5 år. Endringar i rentenivået har derfor liten effekt på kursutviklinga. Avkastninga i fondet vil kunne variere noko frå dag til dag, men vil over tid følge svingingane i pengemarknadsrenta. Det er ingen gebyr ved teikning eller innløysing av andelar. Andelseigarar kan dermed flytte sine midlar raskt og kostnadsfritt mellom de renteberande fonda. Det går normalt to virkedagar for å realisere pengane i fondet.

Risikovurderingar langsiktig finansforvaltning

Jmfr. finansreglementet til Alver kommune skal finansrapporten vise risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. Kommunen sin strategi ved forvaltninga av langsiktig plasserte midlar er:



Risikovurderingar gjeldsforvaltning

Tabellen under viser at kommunen sin gjeldsforvaltning er i trå med alle vilkår i kommunen sitt finansreglement.

Krav i gjeldende reglement	Status
Det kan berre takast opp lån i norske kroner.	OK
Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.	OK
Låneopptak skal søkast gjennomført til marknadenes gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).	OK
Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til ei kvar tid være over 4 år.	OK
Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 3 år.	OK
Låneporteføljen skal bestå av færrest mogeleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa.	OK
Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje.	OK

Vedlegg - gjeldsrapport frå kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning

Vedlagte link viser gjeldsrapport per 31.12.2024 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management.

<https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/2d2ceb66-f746-4d2c-ad7d-8dff6081230.pdf>

Kommunens sektorar

Politisk styring

Beskriving av tenesteområde

Politisk styring inneheld politisk leiing ved ordførar og varaordførar. I tillegg ligg den politiske organiseringa med kommunestyret, formannskapet og utvala på dette området.

I Alver kommune er vi politisk organisert med følgjande politiske utval:

- Formannskapet
- Kontrollutvalet
- Utval for areal, plan og miljø
- Utval for næring, kultur og idrett
- Utval for levkår
- Administrasjonsutval
- Valstyre
- Klagenemnd

I tillegg har vi følgjande forskriftsfesta medverknadsråd:

- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsatt funksjonsevne
- Ungdomsråd

Sektoren inneheld også driftstilskot til Kyrkjeleg fellesråd.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	48 313	49 682	49 503	-178	-0,4 %

Kommentar til status økonomi

Politisk styring har eit samla meirforbruk på 0,2 mill. kr i 2024.

Organisasjon

Beskriving av tenestemråde


Evaluering av den administrative organisasjonsstrukturen i kommunen har ført til strukturendringar for tenestene under ansvaret Organisasjon i årsmeldinga. Toppleiargruppa har redusert tal kommunalsjefar frå åtte til fire, og sektor Økonomi og sektor HR og utvikling er slått saman til ein sektor: Organisasjon. I tillegg er fleire sektorovergripande funksjonar samla i sektoren.

Toppleiargruppa

Som følge av omorganisering av sektorane vart talet på kommunalsjefar redusert i løpet av året. Status ved utgangen av 2024:

- kommunedirektør
- kommunalsjef helse og omsorg
- kommunalsjef oppvekst
- kommunalsjef samfunnsutvikling
- kommunalsjef organisasjon

Kommuneadvokatkontoret er med sine to årsverk organisert under toppleiargruppa, saman med spesialrådgjevar for kommunedirektøren.



Sektor Organisasjon

I Alver kommune er dei sektorovergripande stab- og støttefunksjonane samla i sektoren Organisasjon. Sektoren består av fem avdelingar leia av avdelingsleiar, samt sektorovergripande funksjonar som sorterer direkte under kommunalsjef:

- **Innbyggjarservice og kommunikasjon**
- **Dokumentsenter**
- **HR og lønn**
- **Økonomi**
- **Politisk sekretariat**

Samfunnssikkerhet og beredskap, kommuneoverlege og miljøretta helsevern, fagansvarleg HMS, rådgjevar kvalitet/internkontroll og sikkerhetskoordinator for informasjonssikkerhet og personvern ligg direkte under kommunalsjef.

Kort om avdelingane:

- **Innbyggjarservice og kommunikasjon** løyser oppgåver knytt til service og intern og ekstern kommunikasjon. Innbyggjarservice har mellom anna hovudansvar for telefonsentral og publikumsmottak. Kommunikasjon har hovudansvaret for innbyggjarportalen, intranett, sosiale medier og er rådgjevarar for organisasjonen, mellom anna på mediehandtering, grafisk design, film og foto og arbeidsprosessar.

Avdelinga har redusert talet på tilsette dei siste åra frå 12,6 årsverk til 8,6 årsverk i 2024. Årsverka er fordelt slik: 4,8 årsverk på Innbyggjarservice, to årsverk som jobbar berre med kommunikasjon, 0,5 årsverk er sjåfør for internpost, samt leiar.

- **Dokumentsenteret** er med nokre få unntak felles sentralt postmottak og arkiv for alle tenesteområda i kommunen. Dokumentsenteret jobbar fortløpande med mottak, fordeling, kontroll og bevaring av arkivverdig dokumentasjon, både det som kjem inn i papir og det som kjem inn digitalt. Avdelinga har også ansvar for opplæring og støtte i sak/arkivsystem, publisering av postlister og behandling av innsynsforespurnadar. Dokumentsenteret har også ei viktig rolle i utviklinga av digitale skjemaløysingar i kommunen. Avdelinga har redusert frå 15,3 årsverk i 2022 til 10,1 årsverk i 2024.
- **HR og lønn:** HR-avdelinga vart slått saman med lønn hausen 2024. Avdelinga har ansvar for ulike typar leiarstøtte på løn- og personalområdet, rekruttering, personaladministrasjon, organisasjons- og leiarutvikling og gjennomføring av lønnsforhandlingar. Oppfølging av arbeidsgjevaransvaret for frikjøpte hovudtillitsvalte og hovudverneombod ligg også til avdelinga.
- **Politisk sekretariat** vart i september 2024 overført frå sektor Samfunnsutvikling. Avdelinga har to årsverk og har som hovudoppgåve å legge til rette for god politisk styring gjennom å førebu, gjennomføre og følgje opp val og politiske møter.
- **Økonomiavdelinga** har vore gjennom omstilling og endring i 2024. Lønnsarbeidet er overført til HR-avdelinga, medan innkjøpssjef og nyttilsett rådgjevar eigedomsskatt er samla i Økonomiavdelinga saman med kontrollarfunksjonane. Kontrollarfunksjonane har ansvar for oppfølging og leiarstøtte mot sektorane, oppfølging knytt til investeringsprosjekt og finans (låneopptak, gjeldsforvaltning og rapportering) samt overordna koordinering av forsikring. Rekneskapsavdelinga har i tillegg til rekneskapsoppgåver ansvar for kommunal inkasso.

I tillegg til avdelingane i sektorane er ansvar for viktige sektorovergripande funksjonar fordelt slik:

- **Samfunnssikkerheit og beredskap** (to årsverk)
- **Kommuneoverlege og miljøretta helsevern** (to årsverk)
- **HMS, internkontroll, informasjonssikkerhet og personvern/sikkerhetskoordinator** (to årsverk)

Utfordringar og utvikling

Organisasjonsendringane for den nye sektoren Organisasjon trådte i kraft 01.09.24, med unntak av Økonomiavdelinga som i praksis vart overført ved årsskiftet. I løpet av hausten har fokus vore på å integrere nye avdelingar og funksjonar i sektoren. Kontorkabalen er førebels ikkje avklart, slik at det i tida framover vil vere naudsynt å arbeide vidare med å effektivisere og utvikle arbeidsprosessar.

Det interkommunale samarbeidet i regi av Digitalisering og innovasjon (DI) har utvikla system og infrastruktur for å sette fart på digitaliseringsprosesser og ta i bruk kunstig intelligens i kommunen. Kor raskt denne utviklinga kan skje, vil langt på veg vere avhengig av ressursar og kompetanseutvikling i organisasjonen.

Det er naudsynt å fortsette satsinga på digitalisering og å ta i bruk kunstig intelligens. Det er behov for å systematisere og styrke innovasjons- og endringskapasiteten sentralt, m.a. for å støtte prosessane ute i sektorane. Å styrke analysekapasitet i sektoren kan bidra til større grad av strategisk og kunnskapsbasert utvikling av tenestene.

Kommunen står framfor store rekrutteringsutfordringer, spesielt innanfor helse og omsorgssektoren. I Arbeidsgjevarstrategien er kompetanse peika på som eit satsingsområde for å halde på, utvikle og rekruttere nye tilsette. Strategisk kompetanseutvikling er eit sentralt satsingsområde framover for å vidareutvikle kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar. Strategisk kompetanseplan og lønspolitisk plan er klar for revisjon i 2025, og det er behov for å få på plass eit kompetansestyringssystem, slik det er prioritert i handlingsplanen for kommunen i 2025.

Viktige hendingar og resultat i året

I tillegg til ordinær leiarstøtte og andre stab- og støttefunksjonar, har hovudoppgåva for sektoren i 2024 vore å legge til rette for det store omstillingsprosjektet *“Alver i endring og omstilling”*. Sektoren har utvikla effektive og gode verktøy, lagt til rette for godt partssamarbeid og gjennomført omfattande opplæring av leiarar og tillitsvalte.

Faga i sektoren har spela godt saman, både seg i mellom og ikkje minst saman med tillitsvaltsapparatet, -og på den måten lagt til rette for effektive omstillingsprosessar med god kvalitet.

Lista er på ingen måte uttømmende, men gir døme på viktige hendingar i sektoren det siste året:

- Utarbeidd Omstillingsavtale og -handbok saman med tillitsvalte som bidreg til god og forutsigbar omstillingsprosess.
- Sektorvis opplæring i Omstillingshandboka for alle leiarar og tillitsvalte.
- Gjennomført overordna risikovurdering av omstillingsprosessen i to fasar. Arbeidet er gjennomført i arbeidsgruppe med hovudverneombod og hovudtillitsvalte, og har gitt organisasjonen god informasjon om risikofaktorar og tiltak på overordna nivå.
- Omfattande bistand frå HR-avdelinga i omstillingssamtaler og endringsprosessar, spesielt innan sektor helse og omsorg og sektor oppvekst.
- Gjennomført *«ROS-verkstad»* der meir enn 300 leiarar, verneombod og tillitsvalte har arbeid saman og kartlagt og vurdert risikofaktorar i omstillingsarbeidet. Målet har vore å identifisere risikofaktorar og tiltak, slik at omstillingsarbeidet skulle gi minst mogleg negativ påverknad på arbeidsmiljøet ute på arbeidsplassane.
- Starta leiarutviklingsprogram for alle leiarar med viktige tema som *endringsleiing, trygg i leiarrolla og strategisk leiing*. Leiarprogrammet starta hausten 2024 og strekk seg over eit år. Leiarprogrammet er viktig for å utvikle leiarferdigheiter, men også for å bygge felles kultur og forståing for utviklingsbilete som kommunen står foran.
- Eigen kommunikasjonsstrategi for omstillingsprosessen og kommunikasjonsplan for prosjekt og tiltak i alle sektorane.
- Kommunikasjonsavdelinga har jobba med å styrke *Teams* som informasjons- og samarbeidsarena.
- Lansert ny heimeside (ilag med dei andre kommunane i IKT-samarbeidet), som har betre løysing for digitale skjema og andre digitale tenester, t.d. bookingløysing for byggesaksvakta.

- Strategi for internkommunikasjon har vore viktig for å sette leiarane i stand til å arbeide systematisk med informasjonstiltak på eiga avdeling.
- Opplæring i partssamarbeid for arbeidsmiljøgruppene ute på avdelingane i regi av prosjektet «Best i lag!».
- Lagt til rette for stillingskontroll som har vore viktig for å halde tilbake stillingar som seinare har vore nytta i omstillingsarbeidet.
- Utvida partssamarbeid og frikjøp av hovudtillitsvalte og hovudverneombod for å sikre god medverknad i alle pågåande prosessar i Alver i endring og omstilling.
- Implementert VISMA pluss (skyløysing).
- Heiltidskulturprosjektet vart avslutta hausten 2024, og tiltak overført til drift. TØRN-prosjektet vidareført med fokus på oppgåvedeling og arbeidstidsordningar.
- Systematisk oppfølging av DIGI-ROS og avsluttande fase av overordna ROS for samfunnssikkerhet og beredskap.
- Kompetansehevingstiltak for alle tilsette innan informasjonssikkerhet og beredskap.
- Regelmessig digital “leiarfruokost” ein fredag i månaden med informasjon om “siste nytt”.

Sjølv om svært mykje av fokus i sektoren i 2024 har vore på omstillingsprosjektet *Alver i endring og omstilling*, hadde ikkje dette vore mogeleg utan det gode arbeidet frå alle tilsette som kvar dag legg til rette for den daglege drifta i organisasjonen vår. All honnør til ein kompetent og stabil gjeng med lagspelarar på dei ulike avdelingane, og til tillitsvalte og verneombod for omfattande og godt samarbeid.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
200-Kommunedirektør m/leiargruppa	25 003	15 007	14 709	-298	-2,0 %
210-Organisasjon	95 794	94 369	100 057	5 689	5,7 %
Sum	120 798	109 376	114 767	5 391	4,7 %

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet Organisasjon, som omfattar kommunedirektøren si leiargruppe, kommuneadvokatkontoret og sektor Organisasjon har samla sett eit mindreforbruk på 5,39 mill. kr i 2024 samanlikna med revidert budsjett. Dette skyldast mellom anna:

- **Kommunedirektørens leiargruppe:** har eit meirforbruk ihht. revidert budsjett på kr 298 140. Dette er i hovudsak eit resultat av mindreforbruk lønn som følgje av endring i samansetning av toppleiargruppa, samt meirforbruk til konsulentoppdrag i samband med omstillingsprosessen “*Alver i endring og omstilling 2026*”.
- **Sektor Organisasjon:** mindreforbruket skuldast i hovudsak permisjon og sjukefråvær utan at det er tatt inn vikar, auka inntekt på eigeninkasso -samt eit mindreforbruk knytt til IKT-kostnader på omlag kr 2,7 mill. Mindreforbruk på IKT skuldast lågare kostnader til telefoni, samt lisenskostnadar som er ført på andre ansvar i 2024. Omorganisering i sektoren og stort fokus på omstillingsarbeid har også ført til mindreforbruk t.d på kompetanseutvikling.

Internkontroll og HMS i sektoren

Sjukefråværet i sektoren var på 6,2 prosent i 2024, og er betydeleg lågare enn snittet for kommunen. Det har vore reduksjon både i korttids- og langtidsfråvær.

Sektoren har ansvar for å legge til rette for godt og effektivt arbeid innan internkontroll og HMS på eit overordna nivå, men det er også gjennomført ei rekke tiltak i eigen sektoren, t.d.:

- Systematisk arbeid med å kartlegge og risikovurdere faktorar som kan påverke arbeidsmiljø negativt, såkalla HMS-ROS.
- Ergonomisk tilpassing av kontorarbeidsplassar.
- Kurs i konfliktdempande kommunikasjon

Det er meldt få HMS-avvik i avvikssystemet. Sjølv om kontorarbeidsplassar tradisjonelt har færre risikofaktorar, er det ønskeleg å arbeide meir med risikofaktorar, som t.d. ergonomi, stress og emosjonelt belastande arbeid.

Helse og omsorg

Beskriving av tenesteområde

Sektor helse og omsorg omfattar kommunale helse-, sosial- og omsorgstenester og gir i størst grad tenester til personar over 18 år. Det er tenester til personar med funksjonsnedsetting, habiliterings- og rehabiliteringstenester, allmennlegetenester, heimebaserte tenester, psykisk helse- og rustenester, heldøgnsomsorg og NAV. Sektor for helse og omsorg omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, habiliteringstenester, psykisk helse og rus, lege- og rehabiliteringstenester og NAV.



Sjukeheimstenester

Alver kommune har fire sjukeheimar. Det er differensierte plassar for korttidsopphald, demens, langtid, avlastning, rehabilitering, øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD) og ein sjukeheim har spesifiserte plassar med tilbod om palliativ omsorg. Aktivitetstilbod lågterskel for eldre er også organisert under sjukeheimstenester. Kjøkkentenesta leverer mat til institusjonane, heimebuande og til omsorgsbustad pluss.

Heimetenester

Heimesjukepleien gir hjelp og rettleiing til eldre, sjuke og personar med funksjonstap som bur heime. Tenester i omsorgsbustad pluss, dagtilbod for somatiske brukarar og for personer med demenssjukdom, individuelle tenester i team. Brukarstyrt personleg assistanse, individuelle tenester i team, praktisk bistand til brukarar, middagslevering og velferdsteknologi. Kvardagsrehabilitering for å meistre daglege aktivitetar i tett samarbeid med fysio- og ergoterapitenesta.

Habiliteringstenester

Tenester i bufellesskap/omsorgsbustad pluss for personar med utviklingshemming, avlastning for barn og unge, arbeids- og aktiviseringstilbod, individuelle tenester i team, brukarstyrt personleg assistanse, individuell plan, koordinator og fritidskontakt.

Lege- og rehabiliteringstenester

Fastlegetenesta, legeteneste i helsestasjon, interkommunal legevakt, fysio- og ergoterapitenesta, hjelpemiddellageret og kreftkoordinator. Fysioterapi for vaksne vert gitt i eigen heim, som del av eit institusjonsopphald, eller i fysio- og ergoterapitenesta sine kommunale behandlingsstader. Barn og unge får oppfølging i barnehage, skule, i eigen heim eller i kommunale behandlingsstader. Fysio- og ergoterapitenesta gir bistand til søknad om varige hjelpemiddel frå NAV og låner ut for kortare tid frå

kommunalt hjelpemiddellager. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod som gir hjelp til informasjon, råd og rettleiing om diagnose, behandling, rehabilitering og lindring.

Psykisk helse og rus

Gir heimebaserte tenester, tenester i omsorgsbustad pluss og lågterskeltilbod til brukargruppa. Tenester er støttesamtalar, opplæring og bistand i daglege gjeremål, følgje til anna helseteneste, kurs i depresjonsmeistring, dag- og aktivitetstilbod, medikamenthandtering inkludert legemiddelassistert rehabilitering, arbeidsoppfølging rus, individuell plan, koordinatorfunksjon, buoppfølging og felles gruppeaktivitetar i lågterskeltilbod. Nokre av tilboda skjer i samarbeid med lag- og organisasjonar. Psykologtenesta i Alver er eit lågterskeltilbod til barn, unge, vaksne og eldre med psykiske plager og lidningar, livskriser og andre utfordringar som verkar inn på den psykisk helsa. Tenestene samarbeider tett med andre interne avdelingar, og med spesialisthelsetenesta.

NAV

Gir tenester etter sosialtenestelova «Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet." Tenester som vert gitt er økonomisk sosialhjelp, opplysning, råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, mellombels butilbod, kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt- tilbod til unge, forebyggje sosiale problem, individuell plan ved behov for koordinerte og langvarige tenester, spre kunnskap om sosiale forhold og tenester i kommunen. Busetting av flyktningar og introduksjonsprogrammet er lagt inn under NAV sine tenester i kommunen.

Ansvar og hovudoppgåver

Helse- og omsorgstenestelova regulerer kommunens overordna ansvar for helse og omsorgstenester. Kommunen skal sørge for at personer som oppheldt seg i kommunen skal ha tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Kommunen sitt ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Alver kommune har forvaltningsmodell som betyr at det er skilje mellom forvaltning og drift. Dette skal sikre likebehandling, kvalitet og effektivitet. Forvaltningskontoret har ansvar for å sakshandsame søknader og tildele helse- og omsorgstenester i tråd med lov, forskrift og kommunale kriteria. Ansvaret omfatter samhandling med spesialisthelsetenesta om utskrivingsklare pasientar. Det er tett dialog mellom forvaltningskontor og tenesteytinga gjennom felles samhandlingsrutiner.

Alver kommunestyre vedtok i møte 06.05.2021 å starte opp eit 4-årig prosjekt for [leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift](#) i sektor Helse og omsorg. Prosjektet har gitt jamnlege orienteringar til råd, utval og formannskap om status og framdrift.

Prosjektet har arbeidd systematisk for både å redusere og stabilisere kostnader i sektoren, sikre god praksis i tenestetilbodet, samt møte behovet for auka tenester hos innbyggjarane i åra som kjem. Tildeling av tenester og bustadar, samt kapasitet i begge områda, er gjensidig avhengig av kvarandre og dei to områda helsa og omsorg vurderer som heilt nødvendig å gjera noko med for å møta behova og krava til endring som sektoren står overfor.

Nøkkeltal for sektoren

Oversikt over dei største tilboda innanfor sektoren:

Tilbod	Tal	Kommentar
Sjukeheimsplassar til 01.07.2024	183	I tillegg kjøper kommunen 2 sjukeheimsplassar i anna kommune
Sjukeheimsplassar frå 01.07.2024	178	Tilbodet ved helsehuset vart avslutta og overført til omsorgsbustad pluss.
Heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Habiliteringstenester	77	
Avlastningsplasser i institusjon og leiligheter for barn og unge i Habiliteringstenester	13	
Tal heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Psykisk helse og rus	27	
Institusjonsplassar i Psykisk helse og rus	9	2 plassar kjøpt av andre kommunar.
Heildøgns omsorgsplassar/leiligheter i Heimetenesta	55	Frå 01.07.2024 er 5 plassar nytta til avlasting.
Pr. januar 2024		
Brukarar i heimetenesta (inkl. dagsenter og heildøgns omsorgsplassar)	996	6320 timar vedtak pr veke
Pr. desember 2024:		
Brukarar i heimetenesta (inkl. dagsenter og heildøgns omsorgsplassar)	906	5332 timar vedtak pr veke
Velferdsteknologi, antal løysingar i bruk	682	ein auke på 20 gjennom året. I tillegg kjem om lag 310 røykvarslarar knytt til løysinga
Saker/vedtak om helse- og omsorgstenester, omsorgsbustad/+,parkeringsløyve, følgebevis, eigenbetaling og etteroppgjer	3428	Ein reduksjon i saker frå 2023 på omlag 500
Tal personar på fastlegelistene	29.539	

Utfordringar og utvikling

Nasjonale reformer og omstillinger har dei siste åra gitt kommunane eit større ansvar for befolkninga si helse og for at alle skal få nødvendige tenester. Nasjonale styringsdokument vektlegg førebyggjande arbeid og tidleg innsats, samtidig som kommunane får stadig større oppgåver innan rehabilitering, behandling, pleie og omsorg. Demografisk utvikling viser at kommunen må gjera nødvendige omstillingar. Dette saman med nye nasjonale reformer, vil setje store krav og oppgåver til tenestene i framtida. Helse- og omsorgstenesta skal vera berekraftig og sikre innbyggjarane gode levekår og likeverdige tenester. Alver kommune sin kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023 - 2034 skal bidra til måloppnåinga. Det er her prioriteringane ligg som er føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren.

Ved utgangen av 2024 går arbeidet med førebyggjande plan inn i slutfasen og går til politisk behandling i starten av 2025. Arbeidet med bustadplanen for Alver kommune er i prosess og var planlagt ferdigstilt medio 2024, men vart sett på vent i samband med omstillingsprosessen «Alver i endring og omstilling 2026». Arbeidet starta opp igjen frå januar 2025. Av same årsak er temaplan for psykisk helse og rus blitt utsett.

Auka behov for tenester

Helse og omsorg har eit aukande tenestebehov. Sidan oppstart av Alver kommune har tal brukarar auka, og prognosane for befolkningsutvikling viser at behovet for tenester vil auke betydeleg i åra framover. Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg viser korleis kommunen kan møte utfordringane i den demografiske utviklinga og levekår.

Tenestene arbeider kontinuerleg med effektiviseringstiltak for kostnadseffektiv drift og gjennomfører innsparingane som er knytta til dette. Det er eit eige prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift som arbeider med forbetringsarbeid for ressurseffektiv drift.

Det er utfordringar med å få rekruttert helsepersonell, spesielt fastlegar, sjukepleiarar og til helgestillingar. Kommunen følgjer opp med tiltak vedteke i plan for legetenesta (2023). Tenesteområdet utarbeidde i 2024 ny plan for spesialistutdanning av legar. Regjeringa har varsla store omleggingar i organisering og finansiering av fastlegeordninga. Arbeid med innspel til dette har hatt prioritet, og vil kreve innsats framover. Framleis er kapasiteten i fastlegeordninga får låg i forhold til kommunen sitt folketal.

Viktige hendingar og resultat i året

Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift 2021- 2024:

Det er utarbeidd årlege statusrapportar i prosjektperioden og sluttrapport ved utgangen av 2024. Prosjektet går no over i ein ny fase med oppdatert mandat for 2025 -2026 for oppfølging av vedtak i Kommunestyret 19.09.2024 «Alver i omstilling og endring 2026 – innsparingstiltak i helse og omsorg».

Arbeid med omstillingsprosess «Alver i endring og omstilling 2026» har vore sentralt for sektor helse og omsorg i 2024. Prosessen kan kort oppsummerast slik:

- Februar – PwC la fram rapport «Organisasjonsgjennomgang Alver kommune». Rapporten er ei evaluering av måten kommunen er organisert på – og gir råd til vegen vidare.

- Juni – PwC la fram rapport «Delrapport helse og omsorg – Analyse av økonomisk driftsnivå i Alver kommune». Rapport omhandla PwC sine forslag til innsparingstiltak i helse- og omsorgssektoren.
- Juni – PwC la fram rapport «Forenkla konsekvensanalyse for tiltak i Helse og omsorg i Alver kommune». Rapporten bygger på informasjon og innspel i arbeidsverkstader med tilsette og tillitsvalde innan helse og omsorg, samt informasjon og dokumentasjon som Alver kommune har gjort tilgjengeleg.
- Kommunestyret sak 88/2024 møte 19..09.24: Alver i endring og omstilling 2026 – innsparingstiltak i sektor helse og omsorg. Kommunestyret fatta her vedtak om innsparingstiltak i perioden 2024-2027 med om lag 118 mill.kr. innan sektor helse og omsorg.

Aktuelle arbeidsområde i omstillingsprosessen:

- Informasjon - Informasjon i omstillingsprosessen har vore omfattande og det er sendt ut 10 informasjonsskriv til tilsette i perioden august-desember 2024.
- Evaluering og reorganisering av forvaltningskontor. Det er etablert ny praksis for korleis kartlegge, vurdere og tildele nødvendig helsehjelp. Det vert framleis jobba med justering og implementere ny god praksis i sakshandsaming og tenestene.
- Utarbeiding av ny tenesteoversikt – tenesteoversikt er tekstsamling som gir oversikt over, og skildrar, helse- og omsorgstenestene i Alver kommune. Her vil innbyggjarane finna nødvendig informasjon om tenestene, kva tilbod dei har, kva som vert lagt til grunn ved tildeling av ei teneste, samt kva dei kan forventa av kommunen, og kva me forventar av dei.
- Utarbeidd nye bemanningsplanar og turnusplanar.
- Utført omstillingsarbeid jamfør KO sak 43/2024 møte 02.05.24: Omstillingshandbok.
- Oppstart av pilotprosjekt «Alver modellen»- heilskapleg satsing på førebygging, tidleg innsats og samarbeid med innbyggjarar, pårørande, frivilligheit og næringsliv.
- Omstilling er gjennomført og nye bemanningsplanar med redusert bemanning sett i verk frå desember 2024. Arbeid med gjennomgang av vedtak opp mot ny tenesteoversikt starta opp på hausten og held fram i 2025.
- Dagsenter for heimebuande har blitt samlokalisert for betre nytte av kompetanse og ressursar ut frå brukarane sine behov. Supplering med frivillige i dagsenterntenesta har det, og vert det, arbeida med.
- I slutten av 2024 blei matombringing til heimebuande som ikkje har spesialkost avslutta parallelt som det blei gjort avtale med ekstern leverandør av middag til heimebuande.

Andre hendingar:

- 5 avlastingsplassar for heimebuande vart flytta frå sjukeheimar til omsorgsbustad pluss i juni månad.
- Hukommelsesteamet har i løpet av 2024 hatt oppfølging av 138 personar. Har gjennomført 5 kveldar med pårørandekurs med ulike tema og samtalegrupper.
- Hjelpemiddellageret erfarer auke i omfanget av behov for hjelpemiddel. Det er auke i arbeid knytt til søknader, og utlevering, service og retur.
- Ruteplanleggar, ei digital løysing for effektive køyreruter i heimetenesta er implementert i tre avdelingar.
- Utarbeidd overordna rammer for ulike arbeidstidsordningar. Dei fleste avdelingar i helse og omsorg har no turnus med langvakter.
- Gjennomført TØRN- prosjekt i tre avdelingar i sjukeheim heimetenesta. Dette er eit nasjonalt program i regi av KS for implementering av nye arbeids- og organisasjonsformer i helsesektoren. Det har vorte jobba med oppgåvedeling og tenestestyrt bemanning

- Leiarutvikling: Tenesteleiarar og avdelingsleiarar har deltatt på leiarutviklingsprogram.
- Innføring av sjukepleiarteam på Knarvik sjukeheim.
- Tenestemrådet psykisk helse og rus fekk i 2024 ny leiarstruktur for heildøgnsstilboda. Tenestene for heimebuande fekk team-organisering istaden for geografisk organisering. Dette vart gjort for å skape einskapleg praksis i kommunen.
- Alver kommune er vertskommune for Nordhordland legevakt. Det vart vedtatt nye samarbeidsavtalar for interkommunal legevakt og legevaktssentral i Nordhordland i dei respektive kommunestyra i 2023 og 2024. Det er utarbeidd samarbeidsavtalar på administrativt nivå. Det vert utarbeidd eiga årsrapport for legevakta.
- Kommunen busette 133 flyktningar i løpet av 2024. Det er jobba svært bra med gjennomføring av introduksjonsprogrammet og integrering.
- Deltatt i forskingsprosjektet «Fallprevent»- eit fallførebyggjande program
- Deltatt i læringsnettverka for CRPD (FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne) og pårørandearbeid. Dette er fagnettverk som er arrangert av utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT).
- Ny avtale for vidareføring av Gatelaget (fotball-lag) arena for menneske med rusrelaterte utfordringar.
- Vidareføring av prosjekt *Første Steg* – for innbyggjarar som har behov for avklaring i samband med helse og arbeid
- Jobbmot- kompetansesenter for ungdom og arbeid. Samarbeidsprosjekt i regionen (NAV)
- Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest – forskningssamarbeid med master og PHD-studentar
- Prosjekt fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenestemråde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
500-Helse og omsorg stab	31 196	34 141	35 935	1 793	5,0 %
510-Sjukeheimar	215 466	225 135	232 154	7 020	3,0 %
520-Heimetenester	247 606	253 167	253 636	470	0,2 %
530-Habiliteringstenester	195 804	239 122	216 384	-22 738	-10,5 %
540-Psykisk helse og rus	52 890	54 097	60 430	6 333	10,5 %
550-Lege- og rehabiliteringsteneste	88 467	88 506	88 791	285	0,3 %
560-NAV	107 785	122 229	128 882	6 652	5,2 %
Sum	939 214	1 016 396	1 016 211	-185	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Kommentar til årsresultat 2024:

Helse og omsorg brukar samla sett 0,2 mill.kr. over budsjett.

Samla sett er inntektene er 6,3 mill. kr høgare enn budsjettet, samstundes som kostnader til løn, vare-/teneste-kjøp og overføringer er 6,5 mill. kr høgare enn budsjettet.

Meirinntekter kjem hovudsakleg frå brukarbetaling på om lag 7,3 mill.kr, og refusjonsinntekter frå Helfo på 8,5 mill. Refusjon for ressurskrevjande brukarar endar omlag 12,0 mill kr lågare enn budsjettet.

På kostnadssida er det mellom anna meirforbruk på tenestekjøp frå andre private med 7,5 mill.kr. Sektoren har betydeleg mindreforbruk på løn (inkl. sjukepengerefusjonar) som dekkar meirkostnader på innleige av vikarar m.m. .

Pr. tenesteområde:**Stab og forvaltningskontor:**

Har samla sett eit mindreforbruk på 1,8 mill.kr. Dette skuldast i hovudsak vakanser i påvente av rekruttering og noko demografimidlar som ikkje er fordelt ut på tenestene. Kostnaden for utskrivingsklare pasientar i sjukehus kom på 1,3 mill.kr. over budsjett

Sjukeheimar:

Har eit mindreforbruk på 7 mill.kr. Dette er i hovudsak auka inntekter frå brukarbetaling.

Heimetenester:

Har eit mindreforbruk på om lag 0,4 mill.kr.

Habiliteringstenester:

Har eit meirforbruk på om lag 22 mill.kr. Av dette er 17 mill.kr. i mindre inntekt enn budsjettert knytt til refusjon ressurskrevjande brukarar. Årsaka er endringar i brukargruppa gjennom året

Kjøp frå private (Vekstbedrifter) har auka som følgje av manglande kapasitet på dei kommunale arbeids- og aktivitetssentra.

Det har vore eit auka behov for avlasting for born og unge. Dette har ført til auka ressursbruk. Ein har heller ikkje klart å redusere kjøp frå private aktørar grunna auka behov.

Psykisk helse og rus:

Har eit mindreforbruk på om lag 6,3 mill.kr. Mindreforbruket er i hovudsak knytta til auka inntekter frå refusjon for ressurskrevjande brukarar.

Lege og rehabiliteringstenester:

Har eit mindreforbruk på 0,3 mill.kr.

NAV:

Har eit mindreforbruk på om lag 6,6 mill.kr.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak mindre utbetalt stønad til innbyggjarar hovudsakleg knytt til introduksjonsstønad og utbetalt økonomisk sosialhjelp enn antatt ved budsjett revidering andre tertial, tilsaman 2.6 mill.kr.

I tillegg har Nav hatt innsparing fast lønn grunna vakant stilling og lite bruk av vikarar ved fråvær. Totalt har Nav hatt mindreforbruk grunna vakant stilling, ikkje tatt inn vikarar, og høgare refusjon sjukeløn enn budsjettert på totalt 1.8 mill.kr.

Nav har søkt midlar til ulike satsingar frå mellom anna statsforvalter og Imdi. I tillegg har Nav ein offentleg offentleg samarbeidsavtale med staten om refusjon knytt til krydderdamene som er eit arbeidsretta tiltak. Totalt har Nav motteke høgare inntekt enn budsjettert på om lag 2,3 mill.kr.

Internkontroll og HMS i sektoren

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklister og oppfølging.

Sektoren har jobba med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført ROS-analysar (risiko-og sårbarheitsanalysar) i avdelingane. Leiarar og lokale arbeidsmiljøgrupper har deltatt på ROS- verkstad for opplæring og metodikk. Sektor helse og omsorg har gjennomført HMS-ROS for psykososiale forhold for avdelings-og tenesteleiarar og det er utarbeidd tiltaksplanar ut frå funna. I tillegg har fleire av tenesteområda gjennomført eigne overordna HMS-ROS-er. Alle avdelingar har utarbeidd samarbeidsplanar med bedriftshelsetenesta. I arbeidet blir det fokusert på kartlegging av risikoområde, vurdering av sannsynlegheit og konsekvens, planlegging og evaluering av tiltak. Avdelingane (leiar og lokal arbeidsmiljøgruppe) har gjennomført ROS av omstillingsprosessen.

Tenestene arbeider med å få redusert sjukefråværet. Det vert jobba i lag med bedriftshelsetenesta og med NAV arbeidslivssenter for å sjå på tiltak. Fleire avdelingar har hatt opplæring i arbeidsmetoden "Ein bra dag på jobb" for å skape eit betre arbeidsmiljø. Nokre avdelingar har laga hyppigare møtestruktur for arbeidsmiljøgruppene enn kva rutinen er, for å kunne jobbe godt med arbeidsmiljøet og få redusert sjukefråværet.

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn på sektornivå, sjukeheimar, heimetenesta og habiliteringstenesta i løpet av 2024. Det vart funne fleire avvik og gitt pålegg. Det har vorte jobba godt med tiltak og fleire har fått svar at pålegget er lukka. Tilsyna som vart gjennomført i tida september- november har frist i 2025 med tilbakemeldinga.

Internkontrollarbeidet i sektor helse og omsorg har i 2024 mellom anna hatt fokus på:

- Etablere tverrsektorielt vurderingsteam
- Arbeidd med betre systematikk i samarbeidsmøter mellom forvaltning og tenestene og gjort organisatoriske og strukturelle endringar for forbetring.
- Arbeidet med å oppdatere rutinar i kvalitetssystemet er i kontinuerleg arbeid, som ein konsekvens av meldte avvik og gjennomførte risiko analyser.
- Oppdaterte rutinar for brann og førebyggjande arbeid.

Oppvekst

Beskriving av tenesteområde

I Alver kommune er tenesteområda barnehage, barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og skule samla i sektor oppvekst. Kvart tenesteområde er leia av ein tenesteleiar, som inngår i leiargruppa for oppvekst saman med kommunalsjef. Tenesteleiarane har delegert eit heilskapleg ansvar for sitt tenesteområde, knytt til økonomi, personal og fag. Det heilskaplege ansvaret er delegert vidare til avdelingsleiarane. Dette i samsvar med delegasjonsreglementet til Alver kommune.

I tillegg til tenesteområda har oppvekst ein stab, som i organisasjonskartet er plassert i linje under kommunalsjef. Stab oppvekst har mellom anna ansvar for/deltek i følgjande oppgåver:

- Sakshandsaming og forvaltningsoppgåver (førebu politiske saker, handsame søknader knytt til særleg farleg skuleveg, skulebyte, gå på skule i annan kommune med meir, redusert foreldrebetaling)
- Godkjenning og tilsyn av alle barnehagane i kommunen, deltek ved tilsyn frå Statsforvaltar og Arbeidstilsyn - barnehage og skule
- Økonomistyring (tilskot til private, spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i friskulane, refusjon og ressursavtalar gjestebarn og gjesteelevar, fordeler statlege kompetansemidlar)
- Utviklingsarbeid (deltek og har prosjektleiaransvar for fleire av sektoren sine prosjekt, saman med tenesteleiarane, deltar i og har ansvar for innhald i leiarsamlingar barnehage og skule)
- Internkontroll (redaktøransvar i kvalitetssystemet - rutinar, prosedyrar og retningslinjer med revideringar, kvalitetsoppfølging av dei kommunale barnehagane og skulane, saman med tenesteleiarane)
- Informasjonstryggleik og personvern (risikovurderingar nye system og verkty, deltar i anbudsprosessar, opplæring ut i organisasjonen)
- Post og innsyn (fordeler post til tenesteområda og følgjer opp krav om innsyn barnehage og skule)

Oppvekst deltek i fleire samarbeidsprosjekt som har vore med på å byggje fellesskap og samarbeid både internt og med andre kommunar. I nokre av prosjekta har representantar frå oppvekst delteke i samarbeid med andre tenesteområde i kommunen og på fylkesnivå. Det er etablert fleire møteplassar for tverrfagleg samarbeid i kommunen. Vi deltek også i samarbeid med omkringliggjande kommunar om til dømes Mor i Norge studien, som undersøker korleis det går med førstegongsmødre som kan ha behov for meir oppfølging enn det som per i dag finns på helsestasjonen og hjå fastlege.

I tillegg har vi delteke i læringsnettverk i regi av Statsforvaltaren knytt til utarbeiding av plan for førebyggjande arbeid (etter oppvekstreforma), utarbeida handlingsplan mot vald i nære relasjonar, jobba med innføring av rett til barnekoordinator og samarbeida med dei andre kommunane om utvikling av satsinga fag- og tenesteutvikling i helsehuset. Det er lagt ned mykje godt arbeid, som vil danne grunnlag for vidare utviklingsprosessar i åra som kjem.

Dei største tiltaka for oppvekst i 2024 har vore arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen og organisasjonsprosjektet. I 2024 har dette vore gjennomført som to parallelle prosessar. Prosessen knytt til barnehage- og skulebruksplanen er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026, der det vart gjort vedtak om å starte arbeidet med barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune. Planprogrammet som har vore styrande for arbeidet med kommunedelplanen vart politisk vedteke i sak KO-195/23. Saka er også ei oppfølging av vedtak i

kommunestyret desember 2023 i samband med Handlings- og økonomiplan 2024-2027, sak 214/2023, der følgjande verbalpunkt vart vedtatt: «Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med forslag til kutt i utgifter på minst 150 millionar, og ber om at dette vert levert seinast innan juni 2024. Kommunestyret viser til evaluering av organisasjonsprosjektet, med leveranse februar 2024, og vil arbeide vidare med økonomiplan 2025-2028 og konkrete forslag til tiltak etter levering av dette prosjektet. Kommunestyret ber om at det vert bestilt ein rapport frå PwC med konkrete forslag til tiltak som samsvarar med utfordringsbilete på tenestenivå, og at denne vert bestilt som ei oppfølging av evaluering av organisasjonen.»

Oppdrag vart gjeve til PwC i januar 2024 med bestilling om at det skulle gjennomførast ei vurdering av Alver kommune si overordna organisering, og vurdering av tiltak for å sikre ein berekraftig økonomi og drift av kommunen. I delrapport 2 for oppvekst, knytt til organisasjonsprosjektet, har PwC levert framlegg til kostnadsreduserande tiltak for oppvekst på kort sikt, og her er det lagt fram vesentlege innspel i høve til struktur.

Det har i 2024 vore gjennomført to høyringsrundar i denne saka. Først vart framlegg til Barnehage- og skulebruksplan sendt på høyring, etter vedtak i Utval for Levekår i sak 22/2024. I sak 35/2025 fatta utval for Levekår vedtak om å sende kommunedirektøren sine tilrådingar til strukturtiltak i barnehage- og skulebruksplanen på høyring. Endeleg vedtak vart fatta i kommunestyret 24.10.24, som vart stadfesta etter ny handsaming i kommunestyret 28.11.24.

Resultat av desse prosessane er at Alver kommune i 2024 har vedtatt ein barnehage- og skulebruksplan samt gjennomføring av strukturendringar for barnehage og skule gjeldande frå hausten 2025:

- Flytte Austbygd barnehage til Bø barnehage
- Flytte Austebygd skule til Hordabø skule
- Flytte Myking skule til Lindås barneskule
- Flytte Kløvheim skule til Eikanger skule

I tillegg er det lagt inn bestilling av gjennomføring av mogleighetsstudier knytt til struktur og investering skulebygg, som skal gjennomførast frå 2025 og utover.

I samband med organisasjonsprosjektet har det også vore jobba med organisering av ansvaret til kommunen i høve til mynde barnehage. Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå private og kommunale styrarar, hovudtillitsvalde, mynde Alver, tenesteleiar barnehage og kommunalsjef oppvekst har vurdert korleis kommunen bør organisere seg i forhold til denne oppgåve for å best mogleg bidra til likebehandling og rolleklarheit. Gruppa har sett på kva for oppgåver kommunen har som barnehageeigar som bør skiljast frå oppgåvene kommunen har som barnehagemynde. Resultatet av denne arbeidsprosessen er at kommunen vil tydeleggjere mynde sitt ansvar i organisasjonskartet til oppvekst. Endringane vil vere gjeldande frå og med 01.03.2025.

Kommunedelplan for oppvekst vart vedtatt 23. februar 2023, og prioriteringane i denne planen ligg som føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren. Også i 2024 vart det prioritert å arbeide med tiltak som kunne finansierast innafor eksisterande budsjettamme, og det har vore jobba med:

- Etablere system for pakkeforløp barnevern og helse
- Rullering av kompetanseplanar for alle tenestedområ i sektoren (barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, barnehage, skule og PPT)
- Koordinere arbeidet med Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Gjennomføre prosjektet Universell pedagogikk - Utvikling av praksis i barnehage og skule for å sikre barn og unge eit inkluderande fellesskap (i samarbeid med Universitetet i Oslo). I


prosjektet vert system for spesial-pedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skule tilpassa nyare forskning. Prosjektet igår som ein del av den nasjonale satsinga kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

- Delta i satsinga på Språk, lesing og skriving i barnehage og skule samt starte arbeidet med å utarbeide ein språkstrategi for kommunen (i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger). Dei fleste barneskulane har vore med i den nasjonale satsinga desentralisert kompetanseheving i pulje 1, 2 og 3, og samarbeida i nettverk. Dei siste fire barneskulane kjem med i satsinga i pulje 4, med oppstart hausten 2025.
- Drift og implementering av Team læringsmiljø - Støtte og kompetansetilbod til barnehagar og skular i kommunen. Team Læringsmiljø (TL) har i løpet av 2024 opparbeida seg kompetanse på rettleiing knytt til "De Utrolige Årene" slik har dei fått eit felles pedagogisk referansepunkt med barnehagar og skular som har dette som eit av sine satsingsområder. Ut frå dette kan Team Læringsmiljø (TL) hjelpe og støtte med rettleiing i saker på systemnivå som er knytt til eit trygt og godt læringsmiljø. I tillegg har teamet, i samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS) Læringsmiljøsentret fasilitert og bidratt fagleg inn i nettverk for skular og barnehagar med ulike tema knytt til trygt og godt leike- og læringsmiljø. Vidare har TL bidratt med hjelp og støtte til enkelte skular i oppfølging på klassenivå, alt med mål om hjelp og støtte opp mot eit trygt og godt leike- og læringsmiljø.
- Førebyggjande arbeid og følgje opp valdshendingar i skulen, samt utvide tilbodet om kjernegrupper til å gjelde 5.-10. trinn (i samarbeid med politiet). Dei fleste skulane har i 2024 hatt kurs og praktisk øving i å handtere fysisk utagering og vald frå elevane med ein dedisert vernepleiar. Det er planlagt kursrekke for instruktørar i oppvekst og helse med leverandør Komlab, med oppstart i mars 2025.
- Internkontroll og risikovurderingar knytt til tenesteområda og praksis, årshjul for styring, utvida bruk av kvalitetssystemet til kommunen og gjennomføre konkrete øvingar. Det har vore eit stort fokus på risikovurderingar (ROS) knytt til helse-miljø-sikkerheit for våre tilsette, og avdelingane har hatt tilbod om å delta på fleire ROS-verkstader i løpet av året.
- Prosjektet Lågterskel foreldrerettleiing er slutført og overført til ordinær drift
- Kommunale foreldreutval er etablert for både barnehage og skule
- Det har vore jobba med ny løysing for heimeside for barnehage og skule
- Etablere system for barnekoordinator i Alver kommune (i samarbeid med helse)

Det har ikkje vore kapasitet til å gjennomføre alle tiltak etter oppsett plan, så nokre arbeidsprosessar er overført til 2025:

- Starte på arbeidet med å utarbeide plan for bruk av velferdsteknologi barn og unge (i samarbeid med helse)
- Etablere handlingsplan for arbeid med fysisk og psykisk helse barn og unge
- Greie ut korleis gjere skulehelsetenesta meir tilgjengeleg for elevane
- Rullere system for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skule
- Rullere system for opplæringstilbod til minoritetsspråklege barn i barnehage og elevane i skulen
- Ferdigstille system for kvalitetsoppfølging i barnehage og skule

Organisasjonskart for sektoren:



Tenestemråde barnehage har frå hausten 2024 (då Haugen barnehage vart lagt ned) hatt 7 avdelingar - 7 kommunale barnehagar og pedagogisk støtteining for alle barnehagane i kommunen. Bø barnehage har frå hausten 2024 hatt ei avdeling knytt til barn frå asylmottaket i Marøy.

Tenestemråde skule har 23 avdelingar - 22 grunnskular, 1 vaksenopplæring. Hausten 2024 vart det etablert innføringstilbod for elevar busette i asylmottaket i Marøy ved Hordabø skule og Radøy ungdomsskule.

PPT har fire team - utøvande team, team barnehage, team skule og team læringsmiljø.

Barnevernet har fire avdelingar- familie, tiltak, mottak og undersøking, fosterheim.

Helsestasjon- og jordmortenesta har to avdelingar og eit team - avdeling helsestasjon og jordmor, avdeling skulehelsetenesta, team for migrasjon og smittevern.

Det er 3 private skular og 18 private barnehagar i kommunen.

Nøkkeltal for sektoren

Oversyn skular og bemanning (henta frå GSI-rapporteringa i oktober 2024)

Skuleår 2024/2025			
Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Alversund	318	29,60	10,7
Austebygd	36	4,62	7,8
Eikanger	77	8,81	8,7
Grasdøl	130	16,98	7,7
Hordabø	108	10,64	10,2

Kløvheim	23	3,97	5,8
Knarvik b	227	26,64	8,5
Leiknes	178	15,63	11,4
Lindås b	208	19,91	10,4
Manger	190	20,40	9,3
Myking	52	5,98	8,7
Ostereidet b	82	9,99	8,2
Rosslund *	218	27,70	7,9
Sagstad	470	44,18	10,6
Seim	144	15,15	9,5
Sæbø	92	10,68	8,6
Vestbygd	122	13,70	8,9
Sum	2 675	284,6	9,4

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

*Rosslund skule er både barne- og ungdomsskule

Ungdomsskular	Elevlar	Årsverk 1)	Elevlar/ årsverk
Knarvik u	391	42,00	9,3
Lindås u	156	14,88	10,5
Meland u	167	20,59	8,1
Ostereidet u	93	13,87	6,7
Radøy u	173	22,31	7,8
Sum	980	113,7	8,6

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Oversyn barnehagar

Private barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2024			Årsverk 2)		Plassar/ årsverk
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	
Hundvin naturbarnehage	12	18	42	7,2	3,0	5,8
Barnas barnehage Kløvheim	8	9	25	4,9	2,9	5,1
Blåklokka barnehage	28	52	108	21,3	9,5	5,1
Drømmehagen barnehage	62	81	205	35,8	17,3	5,7
Espira Marthahaugen barnehage	26	45	97	16,2	7,0	6,0
Knarvik barnehage	44	63	151	29,7	13,9	5,1
Leiketun barnehage	24	55	103	18,6	11,0	5,5
Leiknes Fus barnehage	27	50	104	17,3	8,0	6,0
Leirdalen barnehage	12	21	45	8,6	4,0	5,2
Læringsverkstedet Alversund barnehage	24	35	83	13,9	6,0	6,0
Læringsverkstedet Maurtua barnehage	16	24	56	9,4	4,0	6,0
Natås barnehage	3	21	27	6,2	3,0	4,4
Nordhordland barnehage	8	12	28	5,6	2,1	5,0
Ostereidet Fus barnehage	19	39	77	12,8	6,1	6,0
Seim barnehage	23	32	77	12,9	6,1	6,0
Solhaugen barnehage	16	31	63	12,0	5,0	5,3
Trollskogen barnehage	29	64	122	21,9	9,9	5,6
Smilehullet familiebarnehage	4	6	14	2,7	0,1	5,1
Sum	385	658	1 427	257,0	118,9	5,6

1. Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for to plasser)
2. Tala er utan styrar sin administrasjonsressurs, eksklusive spes.ped tiltak

Kommunale barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2024			Årsverk 2)		Plassar/ årsverk
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	
Austebøgd bhg.	11	12	34	5,7	3,0	6,0
Bø bhg.	13	34	60	12,0	6,0	5,0
Juvikstølen bhg.	36	65	137	23,0	10,2	6,0
Lindås bhg.	24	39	87	15,5	7,2	5,6
Marihøna bhg.	11	19	41	7,0	3,0	5,9
Prestmarka bhg.	29	65	123	23,0	10,1	5,4
Sæbø bhg	16	25	57	10,2	5,0	5,6
Sum	140	259	539	96,4	44,5	5,6

1. Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for 2 plasser)
2. Utan tenesteleiar og styrar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

Utfordringar og utvikling

Kommundelplanen er det viktigaste styringsdokumentet for sektoren, og er eit resultat av tverrfagleg samarbeid og stort engasjement frå aktive og engasjerte barn og ungdomar, føresette, tilsette, politikarar samt både interne og eksterne samarbeidspartar.

I planarbeidet vart det tatt utgangspunkt i framtidsvisjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel, som definerer fire hovudmål for kor kommunen skal vere i 2040:



Planen tar hovudsakleg utgangspunkt i mål 4 i samfunnsdelen: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstsvilkår og god helse.

Det er definert seks hovudmål med tilhøyrande delmål og strategiar:

1. Barn og unge opplever å høyre til
2. Barn og unge blir sett og ivareteke
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider
5. Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne
6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod

I tillegg er det definert eit 7. mål, som har fokus på å følgje opp målsetjingar i andre planar.

Planen har ei tydeleg målsetjing om at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst i kommunen, der den einskilde er inkludert i fellesskapet og får god omsorg. Barn og unge skal utvikle kompetanse til å møte framtida og kommunen skal utvikle praksis for å følgje opp barn, unge og familiar med særleg utfordringar. For å lukkast med målsetjinga spelar dei vaksne ei viktig rolle, både i høve til tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og i det dagleg arbeidet rundt barn, unge og familiar.

Målsetjingane for 2024 er sett i samanheng med den økonomiske situasjonen kommunen er i, og difor er det ikkje planlagt eller gjennomført tiltak som krev ekstra finansiering knytt til oppfølging av planen.

I 2024 er rammer for drifta justert i høve til venta barnetal i barnehagane og elevtal i skulane. I praksis betyr dette at dei største endringane i høve til økonomi er knytt til tenestemråde skule og reduksjon i tal tilsette.

I 2024 har tenestemråda Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), Barnehage og Helsestasjon- og jordmortenesta vidareført drift på tilsvarande nivå som i 2023. For tenestemråde Barnevern var det i budsjettet lagt inn ei auke knytt til plasseringar og for tenestemråde Skule er det lagt inn innsparingar (reduksjon tal årsverk) knytt til vidareføring av tidlegare innsparingstiltak og demografi.

Det har vore jobba med mogleg organisering av Pedagogisk støtteining for barnehage i samband med fase ein i prosjektet Universell pedagogikk, og resultatet av dette arbeidet vil bli gjennomført frå hausten 2025.

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp elevane, både i høve til sosiale og psykiske forhold, men også i forhold til ulike utfordringar ein møter på som ungdom. Generelt melder både ungdom sjølv, tilsette i skule, helsesjukepleiarar og andre faginstansar eit stort behov for vaksne ressurspersonar rundt dei unge.

I åra som kjem er det tenestemråda barnehage og skule som vil møte dei største innsparingskrava i sektor oppvekst. Dette ut frå strukturendringar som er vedtatt gjennomført frå hausten 2025, venta utvikling i demografi, og synkende barne- og elevtal.

Utfordringsbilete barnehage

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp barna i høve til lovkrav om eit trygt og godt barnehagemiljø. Generelt melder både tilsette og foreldre om behov for auka bemanning då norm for bemanning inneber at det er få tilsette på avdelinga i store deler av barnehagedagen. Dette grunna opningstid på 10 timer, medan dei tilsette har arbeidstid på 7,5 time. Innanfor denne arbeidstida har kvar pedagog lovfasta rett til fire timar plantid per veke (tid til planlegging og utvikling), i tillegg til fråvær grunna mellom anna møteverksemd. Arbeidstida til dei tilsette i barnehagane blir fordelt ut over

opningstida til barnehagane. Ved utvida opningstid blir det færre vaksne tilstades per time i barnehagen, og dette vil verke inn på vaksentettleiken i løpet av dagen.

I samband med opptak til nytt barnehageår blir tal årsverk justert i høve til tal barn, slik at barnehagane oppfyller norm for både bemanning og pedagogtettleik. Barnehagane har ein beredskapsplan knytt til høgt frávær, og det er gjennomført risikovurderingar og utarbeidd rutinar.

Sjølv om barnehagane oppfyller norm for tal tilsette, er det utfordrande å sikre bemanning etter norma i det daglege. Dette skuldast mellom anna at det er vanskeleg å få tak i nok vikarar til barnehagane ved kortare og lengre frávær.

Det har gjennom året vore jobba med tiltak for å betre denne situasjonen ved å få ned sjukefráværet i barnehagane. Mellom anna er samarbeidet med NAV Arbeidsmiljøsentra framleis i gang. I tillegg vert det jobba saman med Bedriftshelsetenesta.

I tillegg har kommunen dei siste åra hatt årsverk med faste tilsette vikarar i barnehagane, finansiert av refusjon sjukeløn.

I kommunedelplan for oppvekst er det lagt inn tiltak for å setje inn vikarar for pedagogane i plantida frå og med 2025. Behovet for å auke bemanninga i barnehagane er stort, og kommunen erfarer at tilsette søker seg over i andre stillingar grunna ei oppleving av å ikkje ha tilstrekkeleg tid til å møte behova i barnehagen i tilstrekkeleg grad. Barnehagane opplever også at tilsette som har tatt vidareutdanning søker seg over til andre kommunar, med grunngjeving i at dei då får dette kompensert lønsmessig. For å nå målsetjinga om eit barnehagetilbod av høg kvalitet (henta frå Utdanningsdirektoratet sin kompetansestrategi for barnehage), er det viktig å arbeide vidare med kompetansestrategien til Alver kommune.

Målsetjinga med kompetansestrategien for barnehagane (Udir) er å sikre høg kvalitet på barnehagetilbodet til alle barn

Strategien skal bidra til at:

- Minst 50 prosent av dei tilsette skal vere barnehagelærarar
- Minst 25 prosent av dei tilsette skal vere barne- og ungdomsarbeidarar
- Aukande tal styrarar og barnehagelærarar med mastergrad
- Alle tilsette i barnehagen får moglegheit til kompetanseutvikling
- Alle barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling

Endring i barnehagestruktur

Haugen barnehage vart slått saman med Juvikstølen frå hausten 2024. For å førebu denne prosessen, vart det gjennomført fleire foreldremøte og møtepunkt mellom tilsette og foreldre i barnehagane våren 2024. Kommunen har motteke gode tilbakemeldingar på denne prosessen.

Utfordringsbilete skule

Justeringar knytt til demografi og reduksjon i elevtal i skulen lar seg ikkje justere på same måte som vi kan justere faktorane tal barn og tal vaksne i barnehagen. I skulen er tal årsverk i større grad knytt opp mot tal klassar, og det har vore liten endring i tal klassar frå 2023 til 2024. Det betyr i praksis at skulane må driftast med færre årsverk til omlag like mange klassar og omlag like mange elevar som har rett til

spesialundervisning eller anna tilrettelagt opplæring. I 2024 har ei arbeidsgruppe jobba saman med PWC for å utvikle ein ressurstilodelingsmodell som i større grad skal vera regelstyrt etter tal elevar. Modellen blir tatt i bruk for ressurstilodeling skuleåret 2025-2026.

I høve til lærarnorm så oppfyller Alver kommune denne. Det kan tidvis vere skular som ligg under lærarnorma, men om vi ser på kommunen samla sett, så oppfyller kommunen lærarnorma med god margin. Men lærarnorma åleine fortel ikkje alt om stoda. Skulane opplever store utfordringar knytt til tiltak for elevar med høgt skulefråvær. Fleire av skulane melder det er utfordrande å sikre ein god nok balanse mellom ressursar til klassane og ressursar knytt til spesialundervisning og helsetiltak rundt einskilde elevar. Det er venta at desse utfordringane vil auke i omfang til neste år, då ramma til skule skal reduserast ytterlegare.

Sjølv om skulane får tildelt ressursar i høve til tal klassar og omfang av spesialundervisning, så vil både skuleleiingar og tilsette oppleve at det er for lite ressursar til drifta. Eit mogleg tiltak for å betre på denne situasjonen, er å arbeide for at fleire elevar skal få dekkja sine rettar til opplæring innanfor det ordinære, slik at vi på sikt kan redusere omfanget av spesialundervisning.

Skulane opplever aukande grad av vald og trugslar, og dette kjem tydeleg fram i avvik som er meldt inn frå tilsette. Det har vore jobba med tiltak for å styrkje skulane i arbeidet med å førebyggje og handsame desse utfordringane, og kommunen har etablert rutinar og retningslinjer for arbeidet. Per i dag er det behov for å sikre eit heilskapleg og systematisk arbeid knytt til risikovurdering, øving og opplæring for tilsette i skulen. Dette for å tryggje dei tilsette og sikre eit godt arbeidsmiljø. Det har vore gjennomført kompetansetiltak for tilsette i 2024, med planlagt vidareføring i 2025. Det er mellom anna gjort avtale om å utdanne lokale instruktørar som kan tilby kurs og opplæring i høve til å førebyggje og handtere vald og trugslar.

Utfordringsbilete barnevern

Det har vore ei stor auke i tal meldingar til barnevernet i 2024. Alle meldingar skal følgjast opp i samsvar med lovverk og det er inga «venteliste» i barnevernet. Det er etablert eit eige mottak for meldingar i barnevernet. Det for å sikre at meldingar blir behandla riktig og det er eit eige område, som skal sikre at dei rette sakene vert tatt inn i barnevernet.

Avdelinga barne – og familie er delt inn i to team med eit rettleiarteam og eit miljøteam. Miljøteamet er framleis relativt nytt i barnevernet og ein ser at det er sær mange born og familiar som har behov for denne type tiltak. Det er også nyttig med eit eige lokale kor samvær kan gjennomførast.

I 2024 har kompetanseheving vorte knytt til innføring av Analysemodellen. Alle tilsette har delteke i implementering og opplæring i denne forbindelse. Analysemodellen skal bidra til at tenesta som heilskap skal ha same fokus på analyse, utvikling og ha ei felles rettesnor i arbeidet – uavhengig av kva avdeling ein høyrer til.

Viktige hendingar og resultat i året

Helsestasjon- og jordmortenesta

Helsestasjon og jordmortenesta innførte i 2024 Stine-Sofie «Foreldrepakken» - eit universelt informasjonsprogram for alle blivande og nybakte foreldre, i svangerskapsomsorga og helsestasjon. Tenesta har også takka ja til å delta i eit effektstudie knytt til foreldrepakken i regi av Stine-Sofie

stiftelsen og Folkehelseinstituttet, med dette bidreg tenesta med unik forskning på vald mot dei minste barna.

Ilag med dei andre kommunane i IKT-NH samarbeidet innførte tenesta i 2024 “Ungdomsløsningen”, eit verktøy for digital kommunikasjon mellom helsesjukepleiar og ungdommar. Ungdommar og skulehelsetenesta kan no kommunisere timeavtalar med kvarandre via HelseNorge og utan innsyn frå foreldre/føresette.

Jordmortenesta oppretta i 2024 eit prøveprosjekt med tilbod om etterkontroll etter fødsel og prevensjonsrettleiing til sårbare kvinner som av ulike årsaker ikkje har fastlege, eller ikkje nyttar seg av fastlegetilbodet. Dette er eit førebyggjande tiltak, med fokus på betydinga av mors helse for barnet og familien.

Helsesjukepleiarar i helsestasjon 0-5 år starta hausten 2024 på opplæring for sertifisering i Newborn Behavioral Observations (NBO). Dette er ein fleksibel metode for å observere spedbarn i alderen 0-3 månader, som hjelper foreldre med å bli merksame på, og forstå barnet sine signal. Målet er å byggje ein trygg og god relasjon mellom foreldre og barn tidleg.

Januar 2024 vart Radøytunet asylmottak etablert. Team for migrasjonshelse og smittevern med sine to tilsette, har i samarbeid med andre tenester i kommunen etablert helseteneste for bebuarane på mottaket. Tilsette frå team for migrasjonshelse og smittevern er tilstades på mottaket 2-3 dagar for veka.

Barnehage

Barnehagane er ein del av den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Alver kommune har etablert prosjektet Universell pedagogikk knytt til denne satsinga, og samarbeider i dette arbeidet med Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo. Eit berande element i prosessen er korleis tilsette med ulik kompetanse arbeider saman med felles mål om å byggje og styrkje ein likeverdig, raus og inkluderande praksis i barnehage og skule.

Fase 1 av prosjektet har hatt særleg fokus på barnehagane, og det har i 2024 spesielt vore jobba med ulike alternativ for organisering av spesialpedagogisk tilbod i barnehagane i kommunen. Det er no vedteke at spesialpedagogane skal ha opphald i barnehagane i hele arbeidstida, og det har vore arbeid med retningslinjer og rutinar, samarbeidsform i laget rundt barnet, og med implementering av ny organisering. Dette er og knytt til politisk bestilling om å sjå på organisering av det spesialpedagogiske tilbodet i barnehagane i Alver. Sjølv organisasjonsendringa vil setjast i verk frå nytt barnehageår i august 2025.

Dei kommunale barnehagane har og eit stort fokus på barns språkutvikling, og nyttar TRAS som kartleggingsverktøy for språk og grunnlag for prioriteringar i språkarbeidet. Dei kommunale barnehagane bortsett frå Marihøna arbeider med grunnlag i De Utrolige Årene (DUÅ), og har samarbeida om etablering av system for oppfølging av DUÅ-arbeidet i den einskilde barnehage. Som ein del av dette arbeidet har dei og innført Dinosauerskolen for førskulegruppa. Det vil bli arbeid for å implementere DUÅ i Marihøna barnehage også.

Våren 2024 vart det jobba med førebuing av samanslåinga av Haugen og Juvikstølen barnehagar, og i august vart alle barna flytta til Juvikstølen bhg. Det var gjort eit grundig førebuingssarbeid, så flyttinga til ny barnehage har gått fint.

Frå juni 2024 har 3 skular og 2 kommunale og 1 privat barnehage deltatt i Utdanningsdirektoratet si satsing Inkluderande barnehage- og skulemiljø, pulje 8. Med i prosjektet har vi 5 rettleiarar frå Læringsmiljøsentret i Stavanger. Rettleiarane er og ute i den einskilde barnehage og gir rettleiing.

Hausten 2024 vart det og starta ein eigen avdeling i Bø barnehage for barn frå asylmottaket ved Radøytunet i Marøy. Det er og starta planleggingsarbeid for rehabilitering og samanslåing av bygga i Prestmarka og for totalrenoveringa av Sæbø barnehage.

Skule

Alver kommune har etablert eit prosjekt - Universell pedagogikk, som er felles for barnehage og skule. Prosjektet har ei første tidsramme på to år, gjeldande for åra 2023 og 2024. Ved utgangen av 2024 ligg det føre eit rammeverk for utvikling av felles pedagogisk praksis, kompetanseutvikling i kollegafellesskap og skildring av metodikk både for å sikre ein inkluderande praksis for alle barn og unge i kommunen og den einskilde sine rettar i høve til spesialpedagogisk hjelp og undervisning. Det er skissert følgjande gevinstmål for prosjektet: Betre heilskap og koordinering, eit likeverdig tilbod i kommunen og betre ressursutnytting.

Første fase har hatt fokus på barnehage, og som mellom anna skal munne ut i ei tilråding i høve til organisering av spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Det er venta at konklusjonen er klår for drøfting med tillitsvalde våren 2024.

Andre fase av prosjektet har fokus på skule. Rettleiarar frå Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo met deltok i prosjektmøter og gjennomførte intervju med representantar frå 5 skular og elevråd. Rapporten utpeika 5 område vi treng å sette fokus på vidare. Vi samla tilsette til workshop og kompetanseheving i oktober 2024.

Fase 2 i skule får gjennomføring og implementering i 2025.

Ein stor del av dei kommunale grunnskulane er no med i den nasjonale satsinga decomp (desentralisert kompetanseutvikling). Ungdomsskulane var først ute, og har i sitt utviklingsarbeid hatt fokus på vurdering for læring som verktøy i analysearbeid og kollektiv kompetanseutvikling. Høgskulen på vestlandet har vore samarbeidspart med ungdomsskulane i dette arbeidet.

Samarbeidet med Lesesenteret som kompetansemiljø er sentrert rundt satsinga "Språk, lesing og skrivning - barnehagar og skular med god praksis og likeverdig tilbod". Satsinga er organisert i fleire løp, der alle har ei felles prosjektgruppe, med også inndeling i ulike arbeidsgrupper.

Det eine løpet er at vi skal utarbeide ein kommunal strategi for arbeid med språk, lesing og skrivning for barnehagar og skular. Det andre løpet er at alle barneskulane deltek i satsinga med fokus på eige arbeid med språk, lesing og skrivning. Kvar skule skal, med god forankring hjå tilsette og tillitsvalde, arbeide fram eigne problemstillingar og målformuleringar, samt utvikle plan for og gjennomføre utviklingsarbeid på eigen skule. Skuleåret 2024/25 deltek åtte barneskular i dette arbeidet, og det er planlagt å utvide med fire nye skular frå neste skuleår.

Grunnskulane opplever aukande grad av vald og trugslar, og dette kjem tydeleg fram i avvik som er meldt inn frå tilsette. Det har vore jobba med tiltak for å styrkje skulane i arbeidet med å førebyggje og handsame desse utfordringane, og kommunen har etablert rutinar og retningslinjer for arbeidet. Per i dag er det behov for å sikre eit heilskapleg og systematisk arbeid knytt til risikovurdering, øving og opplæring for tilsette i skulen. Dette for å tryggje dei tilsette og sikre eit godt arbeidsmiljø. Det har vore gjennomført kompetansetiltak for tilsette i 2024, med planlagt vidareføring i 2025. Det er mellom anna

gjort avtale om å utdanne lokale instruktører som kan tilby kurs og opplæring i høve til å førebyggje og handtere vald og trugslar.

Alver vaksenopplæring har hatt i overkant av 400 elevar i løpet av 2024, fordelt på nesten 50 nasjonalitetar. Den største gruppa kjem frå Ukraina, og i 2024 har vi registrert 242 elevar frå Ukraina, 50 elevar frå Syria, 12 elevar frå Eritrea, 11 elevar frå Polen og 10 elevar frå Tyrkia.

Drifta i vaksenopplæringa er prega av at tal elevar skiftar i løpet av året, nye klassar må opprettast og nytt lovverk implementerast. Dette stiller store krav til skulen i forhold til fleksibilitet og planlegging. Vaksenopplæringa har eit stabilt personale, og lærarar søker seg til skulen ved ledige stillingar/planlegging av nytt skuleår.

Frå 1. august 2024 blei førebauande opplæring for vaksne (FOV) innført som ein del av modulstrukturerte opplæring. Målsetjinga er å tilby fleksible, effektive og tilpassa opplæringsløp for vaksne deltakarar, og elevane i vaksenopplæringa får kompetansebevis for kvar modul som blir gjennomført. Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse har utarbeidd støtteressursar som vaksenopplæringa kan bruke i implementeringa.

Etter integreringslova som vart innført i 2021 er det krav om at tilsette som skal undervise vaksne skal ha 30 studiepoeng i norsk som andrespråk. Det blir gitt dispensasjon for dette kompetansekravet fram til 2029.

Barnevern

Barnevernet har jobba med oppfølging av forvaltningsrevisjonen som vart gjennomført i 2023. Arbeidet er presentert for kontrollutvalet og i kommunestyret i samband med presentasjon av tilstandsrapporten.

Fagsystemet Modulus er innført i barnevernet med endeleg innføring i januar 2025. Implementering og opplæring starta hausten 2024, men planlegging og avgjerd om val av system vart tatt i 2024.

Tenesta har gjennomført brukarundersøking hausten 2024 og valde å gjennomføre den på omtrentleg same vis som i 2023. Tenesta leverte tilstandsrapport hausten 2024.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT har deltatt i prosjekta Universell Pedagogikk og Språk, lesing og skriving i 2024, arrangert samlingar for skule- og barnehagetilsette med fokus på Leike- og læringsmiljø (Team Læringsmiljø), og leia og levert foreldrerettleiingskurs (COS, DUÅ) via prosjektet Universell Foreldrerettleiing. I tillegg har PPT bidratt med kompetanseheving til skular via drift av digitale profesjonsfellesskap knytt til ny opplæringslov. Samt utarbeida digital film med tema "Bruk av teikn som støtte" og "Den autoritative vaksne". Dette tilbodet er tilgjengeleg, og i bruk, både for barnehage og skule. Deltaking i prosjekt med Statped "Refleksjonsverktøy i inkluderande praksis" vart utsett til august-25 grunna kapasitetsvanskar. Her vil PPT delta saman med ein barnehage og ein skule.

Av kompetansetiltak for tilsette som er gjennomført i 2024 kan nemnast at fire pedagogar har fullført spesialiseringsutdanning i pedagogisk-psykologisk rettleiing, to psykologspesialistar har fullført vedlikehald av spesialiseringa si, samt at både ein pedagog og ein psykolog har fullført opplæringsrekke som "Kollegaretteiar i Marte Meo rettleiingsmetodikk". I juni reiste dei fleste tilsette til Storefjell på fagleg samling som er godkjent både for psykologar og pedagogar. Her deltok ein på kurs om

bekymringsfullt fråvær knytt til ulike utviklingsforstyrringstilstander. Delar av logopedgruppa er i gang med vedlikehald av kunnskap kring Parkinson og alternativ supplerande kommunikasjon.

PPT opplever eit aukande tal eldre som har behov for oppfølging av logoped.

Bilete under er frå markering av at PPT er den avdelinga med færrest skader på bilane. Bilansvarleg i kommunen inviterte til lunsj for å takke dei tilsette for dette.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
600-Oppvekst stab	258 463	262 117	263 029	912	0,3 %
610-PPT	18 761	20 119	21 784	1 664	7,6 %
620-Skule	446 108	470 406	473 563	3 157	0,7 %
640-Barnehage	87 256	92 302	93 025	723	0,8 %
650-Barnevern	74 835	83 094	88 743	5 649	6,4 %
660-Helsestasjon og jordmor	20 045	23 094	24 889	1 795	7,2 %
Sum	905 469	951 132	965 032	13 900	1,4 %

Kommentar til status økonomi

Oppsummerande tekst til økonomistatus for 2024

Oppvekst har eit samla mindreforbruk tett opp mot 14 millionar kroner i 2024. Alle tenesteområda i sektoren går ut med mindreforbruk i 2024. Av eit totalbudsjett på i overkant av 965 millionar kroner, utgjør mindreforbruket omlag 1,4 prosent.

For tenesteområde skule er mindreforbruket relatert til auke i inntekt gjesteelevar, mindreutgifter lønn, refusjonsinntekter sjukelønn og auka inntekter vaksenopplæringa. Dette utgjør samla sett 3,1 millionar kroner.

Mindreforbruket i barnevernet er i hovudsak knytt til færre plasseringar og kostnadskrevjande tiltak enn forventa hausten 2024. Dette utgjør 5,6 millionar kroner.

Mindreforbruket i stab er i hovudsak knytt til lågare tilskot til private barnehagar enn berekna. Til saman utgjør mindreforbruket i stab omlag 0,9 millionar kroner.

Barnehage har eit mindreforbruk på vel 700 000 kr. Mindreforbruket er knytt til høgare inntekter enn budsjettet.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) har eit mindreforbruk på vel 1,6 millionar kroner ved årsslutt. Dette skuldast i hovudsak refusjon sjukelønn og vakansar. Det har vore få kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar.

Helsestasjon- og jordmortenesta har eit mindreforbruk grunna vakansar og manglande tilgang på vikarar, slik at tenesta samla kjem ut med eit mindreforbruk på nesten 1,8 millionar kroner. Det har vore vanskeleg å rekruttere helsesjukepleiarar i løpet av året.

Internkontroll og HMS i sektoren

Internkontroll

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklistar og oppfølging.

Oppvekst har i 2024 halde fram arbeidet med med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført fleire ROS-analysar (risiko-og sårbarheitsanalysar). Til dette arbeidet er det brukt ulike malverktøy for risikoanalysar som er tilgjengeleg i kvalitetssystemet til kommunen, Netpower. Netpower sin analysemodul er den mest omfattande metoden for risikovurderingar, og den er brukt på sektor- og tenestenivå. Avdelingane kan også bruke denne, men i tillegg er det to enklare malar som kan nyttast. Også dei forenkla malane ligg tilgjengeleg i Netpower. I arbeidet blir det fokusert på kartlegging av risikoområde på arbeidsplassen, vurdering av sannsynlegheit og konsekvens, planlegging og evaluering av tiltak.

I samarbeid med bedriftshelsetenesta har det vore jobba med samarbeidsplan på avdelingsnivå og samarbeidsplan på sektornivå. Dette er ein arbeidsprosess som skal rullerast årleg, og inngår i det systematiske HMS-arbeidet i kommunen. Arbeidsmiljøutval både på kommunenivå og lokalt ute på avdelingane er involvert i arbeidet.

Tenesteområda jobbar med å redusere sjukefråværet, og fleire avdelingar har hatt opplæring i arbeidsmetoden "Ein bra dag på jobben", som er eit gratis verktøy utvikla av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI). Verktøyet skal hjelpe tilsette i verksemdar til å samarbeide om å skape eit godt arbeidsmiljø som bidrar til redusert sjukefråvær og hindrar fråfall. Fleire avdelingar har hatt samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta (Salutis) i forhold til innsats for å redusere sjukefråværet, i tillegg til det kontinuerlege samarbeidet i lokale arbeidsmiljøgrupper.

Også i 2024 har sektoren hatt ymse tilsyn i regi av Statsforvaltar, Arbeidstilsynet og i eigenregi. Statsforvaltaren i Vestland avslutta tilsynet i PPT i forhold til sakshandsamingstid i byrjinga av året, barnevernet har hatt tilsyn i regi av Arbeidstilsynet i 2024. Miljøretta helsevern har gjennomført tilsyn i fleire av skulane og barnehagane i kommunen i løpet av 2024. Barnevernet har gjennomført eit frivillig tilsyn med fokus på forbettringspunkt for oppfølging. I tillegg har kommunen som barnehagemynde gjennomført tilsyn i barnehagar.

Tenestene har jobba systematisk og godt med oppfølging av tilsynsrapportar og å endre praksis der vi har fått avvik. Det er stor vilje til å dele erfaringar på tvers i sektoren, slik at læring som er kome fram gjennom eit tilsyn på ein arbeidsplass kan kome andre avdelingar til nytte. Dersom kommunen til dømes får avvik i eit tilsyn ved ein skule eller i ein barnehage, blir denne erfaringa delt med dei andre, slik at vi kan ta med oss læring frå eit tilsyn over til fleire avdelingar.

Internkontrollarbeidet i sektor Oppvekst har i 2024 mellom anna femna om å:


- gjennomføre HMS-ROS på avdelingsnivå
- sikre aktiv deltaking i lokale arbeidsmiljøgrupper på avdelingsnivå
- følge opp forbettringsframlegg frå tilsette
- følge opp avviksmeldingar på avdelings-, teneste- og sektornivå
- følge opp eksisterande rutinar i forhold til informasjonstryggleik og personvern
- revidere eksisterande rutinar og utarbeide nye, samt oppdatere innhaldet i kvalitetssystemet

Samfunnsutvikling (nye)

Beskriving av tenestoområde

Sektor samfunnsutvikling og sektor forvaltning og drift har i løpet av 2024 hatt ein omorganiseringsprosess for å samlast inn under ein sektor med nemninga samfunnsutvikling. Leiinga av sektorane vart i løpet av året samla inn under ein kommunalsjef og med felles leiarmøter slik at sektorane langt på veg reelt sett vart styrt som ein sektor. Politisk sekretariat og samfunnssikkerheit og beredskap vart frå 01.09.2024 organisering inn under organisasjon.

Sektorane forvaltning og drift og gamle samfunnsutvikling er no formelt organisert i ein sektor med nemninga samfunnsutvikling og er her rapportert under eitt som sektor samfunnsutvikling.



Nye samfunnsutvikling har stort mangfold i ansvar og oppgaver. Sektoren er delt inn i tenestoområda Brann og redning, Kultur, Eigedomsforvaltning, Drift og vedlikehald, Arealforvaltning, og Plan og utvikling. Tenesteleiarane inngår i leiargruppa til kommunalsjef for Samfunnsutvikling.

Ansvar og hovudoppgåver

Plan og analyse:

- Våren 2024 vart næringsteamet ein del av tenestoområde plan og analyse.
- Tenestoområdet plan og analyse har ansvaret for kommunen si overordna planlegging, prioritert gjennom vedtatt planstrategi.
- Tenestoområdet har ansvaret for å gjennomføre og leie prosessar med kommuneplan, kommunedelplanar, områdeplanar og temaplanar. Dette gjeld for alle planar innan samfunn, areal og fag (Døme: kommunedelplan for kultur). Fagområdet jobbar også med utgreiingar og mogleighetsstudiar som er grunnlag for planprossar og avgjerder.
- Tenestoområdet leverer også statistikk og strategiske analyser til heile organisasjonen, som sikrar at kommunen har oppdaterte tal og analyser som grunnlag for ulike prosessar.

Kultur

- Tenestoområdet har i 2024 bestått av tre avdelingar og tre fagavdelingar;
 - Alver kulturskule
 - Alver bibliotek
 - Ung Alver
 - Kulturutvikling, idrett og frivilligheit
 - Fagavdeling Alver frivilligsentralar
 - Fagavdeling idrett
 - Fagavdeling kulturutvikling

- Alver kulturskule gir undervisning til kring 770 elevar rundt i heile kommunen, i tillegg til direksjons- og instruksjonstenester til ti skulekorps. Kulturskulen har si hovudvekt på Manger, Frekhaug og i Knarvik, i tillegg til desentralisert undervisning på skular i kommunen. Kulturskulen gir individuell og gruppeundervisning innan ei rekke disiplinar, og har fokus på læring, formidling, meistring, framføring og utvikling av nye tilbod. Tilbod i 2024 har vore innan dans, drama, visuell kunst, piano, slagverk, treblås, messingblås, musikkproduksjon, band, bassgitar, fiolin, trekkspill, sang, grunnopplæring/kultursirkel, samt vaksentilbod/habilitering. Hausten 2024 starta distriktmusikarsamarbeidet med Vestland fylkeskommune.
- Alver bibliotek består av fire bibliotekavdelingar og ein bokbuss, på Manger, Frekhaug, Lindås og i Knarvik. Biblioteka huser eit stort utval bøker, medier og tilbod, og har fokus på formidling, arrangement, samtalar, barn og ungdom. Bokbusstenesta er folkebiblioteka sitt tilbod til skular og barnehagar. I 2024 har bokbussen vore i redusert drift fram til hausten, grunna bussen sin tilstand.
- Ung Alver drifta i 2024 ungdomsklubbar på Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet og Alversund, samt juniorklubbtilbud i heile kommunen. Avdelinga driftar aktivitetstilbod i ferie, open hall, UKM, ulike arrangement og konsertar, og jobbar heilskapleg for barne- og ungdomsmiljøa i ungdomsskulekrinsane, i samarbeid med frivillige og offentlege aktørar. Avdelinga har tett samarbeid med skule, idrett, sosiale tenester og helsevesenet, i tillegg til politiet. Ung Alver har ansvar for MOT, sekretærfunksjon for ungdomsrådet og barn og unges representant. Frå 2025 er Salto del av Ung Alver.
- Kulturutvikling, idrett og frivilligheit har bestått av tre fagavdelingar. Alver frivilligsentralar driftar frivilligsentralane på Manger, Frekhaug og i Knarvik, BUA Manger og BUA Frekhaug, samt integreringsprosjekt i samarbeid med NAV, mellom anna språkverkstaden som del av den obligatoriske språkopplæringa. Fagavdeling idrett jobbar med idretts- og anleggsutvikling, tildeling av tid i kommunale bygg og anlegg, tilsyn i hallar og badetilbod. Fagavdeling kulturutvikling driftar og er prosjektutviklar for kulturbygg, friluftsliv, kulturvern, musikk, scene og kunst, den kulturelle skulesekken og spaserstokken. Frå 2025 er avdelinga omorganisert til avdelingane idrett og friluftsliv, frivilligheit og fagstab kultur.

Brann og redning (Nordhordland brann og redning)

- Tenesteområdet brann og redning er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Nordhordland. Samarbeidet blir kalla Nordhordland brann og redning (NHBR)
- Tenesteområdet består at tre avdelingar:
 - Operativ avdeling
 - Førebyggjande avdeling
 - Feiing og bustadtilsyn
- Operativ avdeling har ansvar for akutt beredskap ved brann og ulykker. Hovudstasjonen ligg i Alversund, i tillegg til 4 andre stasjonar på Manger, Mastrevik, Lindås og Mo i Modalen. I tillegg til depo på Kaland og Øvre Helland.
- Førebyggjande avdeling er eit interkommunalt samarbeid med 6 andre kommunar (NGIB). Hovudoppgåvene er førebyggjande arbeid innan brann og trafikktryggleik, tilsyn og forvaltning etter §13 i brannlova.
- Avdeling feiing og bustadtilsyn driv med feiing og bustadtilsyn på bustader og fritidsbustader i tillegg til informasjon og haldningsskapande arbeid. Ansvarsområde er kommunane Alver, Austrheim og Modalen.

Eigedomsforvaltning

Tenesteområdet Eigedomsforvaltning har ansvaret for utvikling og forvaltning av eigedomsmassen til kommunen; både kommunale bygg, bustader, vegar, plassar, idrettsanlegg, grøntanlegg, kaiar, vatn- og avløpsanlegg. Tenesteområdet består av følgjande avdelingar:

- Eigedom
- Samferdsle, veg, vatn og avløp
- Bustadkontoret
- Investeringsprosjekt

Eigedom

Avdelinga har ansvar for forvaltning av all kommunal bygningsmasse; skular, barnehagar, omsorgsbygg, administrasjonsbygg, bustader og andre bygg og kommunale anlegg. Total bygningsmasse er på cirka 200.000 m².

Kjøp og sal av kommunale eigedomar ligg også til denne avdelinga.

Samferdsle, veg, vatn og avløp

Avdelinga har ulike arbeidsoppgåver knytt til samferdsle, veg og VA som temaplaner, førebu investeringsprosjekt, reguleringsplansaker, veglys, avkjørslesaker, asfaltprogram, graveløyve,

Investeringsprosjekt

Avdelinga gjennomfører bygg- og anleggsprosjekt, samt prosjekt innan veg, vatn og avløp. Fleire av prosjekta er i samarbeid med statlege eller fylkeskommunale verksemder, samt private aktørar.

Prosjektavdelinga styrer etter vedtatt investeringsbudsjett og andre prosjektvedtak.

Bustadkontoret

Avdelinga har i hovudsak følgande oppgåver:

- Tildeling av gjennomgangsbustader
- Startlån
- Bustøtte
- Tilskot til ombyggingar i bustader.
- Kjøp og sal av kommunale bustader

Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehaldet operativt nivå for forvaltning for å ta i vare eigedomsmassen i kommunen. Drifte og vedlikehalde bygningar, VA-anlegg, veger, idrettsanlegg, plassar, grøntanlegg, bustader. Vaktmeister- og reinhaldstenester. Teknisk vakt og beredskap. Det er også ein sektorovergripande stilling som fagansvarleg for felles biladministrasjon.

Avdelingar og fagområda under drift og vedlikehald er delt inn i tre avdelingar og felles fagområde bil administrasjon.

Bygg, anlegg og elektro

- Drifte alle kommunale bygg og bustader og idrettsanlegg/svømmebasseng, med tilhøyrande parkeringsplassar og grøntanlegg
- Drive vedlikehald i tråd med fastlagte planar (v/eigedomsforvaltning)
- Drive tilgangskontroll, nøkkelsystem
- Reparere og rehabilitere ved skader eller akutte behov for bygningsmessige tiltak
- Drive ombyggings- og oppussingsarbeid som tenestene har behov for
- Oppgradere og istandsette bustader ved inn- og utflytting
- Drive ordresystem for interne oppdrag / vaktmestertenester knytt til tenestene sine behov for ulike tiltak på bygg og anlegg
- Bidra i diverse flytteprosessar
- Bidra med å rigge til ulike arrangement i kommunale lokale
- Bidra med driftskompetanse i investerings- og utbyggingsprosjekt
- Drive forebyggjande brannvern i samarbeid med brannvesenet
- Beredskap ved hærverk, brann, ulykker på bygg og anlegg. Vaktordning.

Veg vatn og avlaup

- Beredskap
- Investeringsprosjekt teknisk fagstøtte
- Drifte og vedlikehalde alle kommunale vassverk, kloakkrenseanlegg, pumpestasjonar, ledningsnett og andre tekniske innretningar, vakt og beredskap ved lekkasjer eller utslepp.
- Drifte alle kommunale veger, parkeringsplassar (samferdselsanlegg), kaiar, bruer og gangveger
- Bistå kyrkjeleg fellesråd med drift av kyrkjegardar ved behov
- Drive sommarvedlikehald veg (grøfterensk, halde stikkrenner, koste, lappe hol, sikre murar og kantar, reinske vegetasjon, fjellsikringsarbeid, skilt oppsetting og -vedlikehald, tømme sandfang)
- Drive vintervedlikehald veg (brøyting, strøing, salting)
- Vaktordning for kommunale veger, plassar, bygninger og VA-anlegg
- Bidra med driftskompetanse i investerings- og utbyggingsprosjekt
- Kontroll på utstyrs- og maskinpark
- Handtere garantiar og reklamasjonar etter utbyggingsprosjekt

Reinhald

- Alle reinhaldsoppgåver i alle kommunale bygg og anlegg og vaskeritenester ved sjukeheimane; i hovudsak for bebuarane.
- mobelitetsreinhald ()

Felles biladministrasjon har ansvar for store deler av bilparken til kommunen med arbeidsoppgåver mellom anna kjøp, sal, leasing, reparasjonar, service og dekkskift, forsikringar og oppgjør etter skade og generelle tiltak for å redusere kostnader til bilhald

Arealforvaltning

Tenesteområde Arealforvaltning omfattar forvaltning og saksbehandling som er retta ut mot grunneigarane i kommunen. Dei sentrale ansvarsoppgåvene for Arealforvaltning er:

- saksbehandling av reguleringsplanar, bygge-, dele og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova
- oppmålingsforretningar, andre saker etter matrikkellova
- drift og vedlikehald av kommunen sine kart og geodatabasar
- landbruksforvaltning innanfor konsesjonslov, jordlov, tilskotsforvaltning og næringsutvikling innanfor landbruk
- oppfølging av ulovleg bygging
- tilsyn og forvaltning etter forureiningslova
- rettleiing til innbyggjarane våre

Oppmålingsavdelinga gjennomfører oppmålingsforretningar etter at det er gjort vedtak om frådeling av eigedom, endring av eigedomsgrenser m.m. Annan sakshandsaming etter matrikkellova, lov om eigarseksjonar og I tillegg er drift og utvikling av kommunen sine kart ei sentral oppgåve.

Miljø og tilsyn behandlar klager på vedtak innanfor alle fagområde under Arealforvaltning. Avdelinga har også oppfølging av forureiningsaker, frå mindre utslepp frå private bustadar til båtvrak og saker som gjeld mogeleg forureining frå næringsverksemd. I tillegg følgjer avdelinga opp ulovlege tilhøve etter plan- og bygningslova i samsvar med vedtatt tilsynsstrategi.

Landbruksavdelinga har ansvaret for den kommunale landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Det er 479 aktive gardsbruk med husdyrhald og/eller fôrproduksjon i Alver kommune. Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke.

Nær alle dei 2500 landbrukseigedomane i Nordhordland har skog. Det har vore ei storstilt skogplanting i Nordhordland og no vert det hogd store kvantum av gran kvart år. I det moderne skogbruket krev dette gjennomføring av store skogsvegprosjekt.

Nøkkeltal for sektoren

Oversyn over den samla eigedomsmassen

	Areal	Volum, stk
Undervisningsbygg	Ca. 87.000 m2	25
Barnehagebygg	Ca. 13.000 m2	8
Administrasjons- og driftsbygningar, medrekna Alversund gamle skule og gamle Kolås barnehage	Ca. 27.000 m2	14
Helse- og institusjonsbygg	Ca. 23.500 m2	12

Idrettsbygg		15
Kulturbygg, inkl naust og muséumsbygg (byggningsvern)		23
Formålsbygg til saman	Ca. 170.000 m2	
Kommunale bustader	Ca. 30.800 m2	378
Leikeplassar og nærmiljøanlegg		45-50

Tal abonnentar vatn og avløp

Tema	Tal	Endring sidan oktober 2023
Abonnentar vatn	11 945	181
Abonnentar avløp	8 046	173

Veg

Tema	Volum
Kommunal veg	342 km
Bruer	46 stk
Kaier	22 - 28 stk

Arealforvaltning

Tema	Volum, stk
Mottatte byggesøknadar	480
Vedtak i bygge- og delesaker (alle typer vedtak)	740
Førehandskonferansar	64
Vedtak om seksjonering	12
Oppmålingsforretningar	148
Klagesaker, handsama etter pbl, matrikkel og seksjonering	57
Aktive gardsbruk	479

Vedtak om skogsvegar	14
Jordbrukstilskot (kommunen forvaltar gjennom ulike tilskotsordningar)	142 millionar
Konsesjonssaker	34
Jordlovssaker	18

Kultur

Tema	2024
Elevplassar Alver kulturskule	770
Undervisningstimar	8 000
Tal på timar selde til skulekorps	2 535
Elevplassar med redusert eigenbetaling	64
Elevplassar med moderasjonar	200
Undervisningslokale	24
Tal på disiplinar og tilbod	29
Besøktal Alver bibliotek	116 358
Aktive lånarar	5 914
Utlån	76 628
Tal på arrangement og -besøk	331 / 6 831
Tal media	112 337
Digitale utlån	20 269
Besøktal ungdomsklubbar Ung Alver	36 087
Deltakarar ferieaktivitetar	7 200
Elevar som deltek i MOT / tal på øktar	1 560 / 284
Registrerte organisasjonar og samanslutningar i Alver foreningsportal	700

Språkverkstaden - deltakarar obligatorisk språktrening introduksjonsprogrammet	150
Ordinære idrettsanlegg	36
Areal til utleige	35 bygg, 80 rom
Besøkande Radøyhallen svømmehall (eksl. skule)	3 891
BUA utlånte utstyrseiningar	6 491
Tildelte spelemidlar idrett og kultur	10,8 mill
Tildelte tilskot inn til Alver kommune, kultur og idrettsformål	4,667 mill
Salsinntekter	4,619 mill
Utdelte tilskot til kultur og idrettsformål	7,867 mill
Tilsyns- og driftsavtalar i 2024	11
Tal på arrangement Meieriet Frekhaug	209
Deltakarar kommunale Den kulturelle skulesekken og spaserstokken	3 208 / 850
Manger bygdekino	1 027
Turpasseringar Byngja/Sjøbua	39 751
Turpasseringar Vardebu/Kolås	21 999

Utfordringar og utvikling

Brann og redning (NHBR)

Arbeid med å konkretisera og prioritere tiltak etter brann ROS, beredskapsanalyse og forebyggandeanalyse fortsette i 2024. Det blei ikkje iverksett konkrete tiltak for Alver kommune i 2024. Men arbeidet med analysen og forslag til tiltak fortsett i 2025. Iverksetting av tiltak kan få økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunane frå 2026.

Øvingar

Øvingar blei fullført som planlagt. Alt mannskap skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheiter som ein treng ved aksjonar. Øvingane vart i stor grad leia av utrykkingsleiarane men det vart og gjennomført øvingar/kurs med instruktørar frå andre brannvesen (td OBRE). I tillegg har utrykkingsleiarane og Innsatsleiarane fått auka kompetanse på leiing av skadestaden (7 trinnsmodellen/ELS).

Oppdrag/aksjonar

Det har vore ein liten reduksjon i tall uttrykkingar i NHBR i 2024. Vi hadde totalt 513 oppdrag i vårt ansvarsområde. Det har dessverre vore ein auke i brann i bygningar i 2024. Dette er ein nasjonal utvikling og mange av brannane/brann-tilløpa er knytt til risikoutsette grupper.

Vi har framleis eit stort antall helseoppdrag som også er ein nasjonal trend.

Innkjøp 2024

Kjøp av ny Innsatsleiarbil til NHBR blei forsinka og utsett til 2025 grunna uklarheit kring godkjenning (SVV) og avgiftsfritak. Bilen blir kjøpt og bygd om vår 2025.

Det har vært ein del reklamasjon på dei nye store bilane. Dette har medført noko meirarbeid og meirkostnader men blir følgt opp som reklamasjonssak mot leverandør. Reklamasjonssakene har ikkje påverka beredskapen i kommunane.

Førebyggjande arbeid - NGIB

Arbeidet til NGIB har i 2024 vært noko lågare enn ønskeleg. Dette skuldast redusert bemanning på tilsaman 60%. Vi vil lukke dette avviket ila 2025. Konsekvens er noko lågare antal tilsyn.

Samarbeid med helse- og omsorgs etatane i kommunane er fortsatt prioritert slik at ein når risikogrupper og individ på ein god måte. Undervisning mot barn og unge i 6 og 7 trinnet gjekk som normalt.

Feiing og bustadtilsyn (F/B)

Feiing og bustadtilsyn har hatt redusert kapasitet i 2024 på til saman 2.6 årsverk. Dette har påverka produktiviteten og har gitt lågare produksjon. Arbeidet med å tilsetja nye brannførebyggjarar starta haust 2024 og eit årsverk er allereie erstatta. Resterande ledige stillingar vil bli lyst ut ila vår 2025. Den reduserte bemanninga har gitt konsekvensar for produktiviteten (lågare tall tilsyn/feiing).

Plan og analyse

Tenestekområde arbeider med offentlege planer og prosjekt. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er eit omfattande arbeid som krev store ressursar innan tenestekområde og aktiv deltaking frå andre fagområder da særleg arealforvaltning.

Tenestekområdet har hatt redusert bemanning, da vakante stillingar ikkje har blitt lyst ut. Dette gjer at vi har brukt konsulent til ein del oppgåver.

Drift og vedlikehald

Drift- og vedlikehalds området har jobba mykje med beredskap og samfunnskritiske funksjonar gjennom året, på grunn av uro og krig i Ukraina. Det same gjeld IKT-sikkerheit og sikring knytt til samfunnskritiske funksjonar.

Innanfor fleire av våre fagområde har vi jobba tett med samfunnssikkerhet og beredskap internt i kommunen samt forsvaret og politiet, og etablert nye rutinar og avtalar med dei.

Nokre av områda det har vore særskilt fokus på, er kritiske samfunnsfunksjonar og objekt, arkivsystem og trygg lagring av sensitiv informasjon. Gjennom året er det gjort ein del utskiftingar og endringar av driftsutstyr, som kamera og låsesystem ved vassverka, for å auka beredskapen. Det har vore kartlegging og gjennomgang av tilfluktsrom, samt vurderingar og kontroll av innhald. Kontroll og oversikt over naudstrømsaggregat og tilhøyrande tilkopling har også vore prioritert.

Tenesteområdet drift og vedlikehald har etablert rutiner innan atom beredskap og ved radioaktivt nedfall, som eit resultat av usikkerheita krig i Ukraina har medført. Vidare er det og laga beredskaps kitt som gjer at tjenester skal kunne vera operativ ved ei atom-hending.

Ein ser av utviklinga at ein må betra sikkerheita innan særskilt VA områda som vil vere kostnadskrevjande og behovet for å investere i sikringsutstyr som inngangskontroll, personell kontroll, gjerder, kamera mm, vil føra til auka kostnader for kommunen og tenesteområdet framover. Infrastrukturen må i større grad en tidlegare sikkrast slik at tenestene har stor grad av sikkerheit og beredskap, dei må utviklast og oppretthaldast under alle forhold. Vi må også vera førebudd på endringar og kriser som kan oppstå på grunn av krigen i europa på kort varsel.

Eigedomsforvaltning

Forvaltninga vil fokusere på optimalisering av bygningsmassen og infrastruktur generelt, søke samarbeid med utbyggjarar, lag og organisasjonar, og planlegge for innovative, klimanøytrale løysingar på sikt.

Det jobbast med systematisk vedlikehald av bygga og anlegga våre. Alle bygg og anlegg er sett inn i ein vedlikehaldsplan, med ein syklus på fire år. Vedlikehaldsplanen inneheld oversikt over planlagde tiltak, basert på årleg registrering og kartlegging. Når budsjettet er vedtatt, blir det gjort konkrete prioriteringar mellom dei ulike bygningane og eigedomane. Vedlikehaldsbehovet er større enn tilgjengelege midlar.

Løpande investeringspostar dekker alt frå nytt leikeplassutstyr til innvendige ombyggingar, lys og ventilasjon. Tenestene melder inn behov kvart år, og bygga på vedlikehaldsplanen blir prioritert. Behovet er også her større enn tilgjengelege midlar.

